Digitized by the Internet Archive
in 2026

https://archive.org/details/ivoprestemne0000bert

IVO PRESTEMNE

AV

BERTHOLD AUERBACH

I NY UMSKRIFT PAA NORSK

VED

RASMUS LØLAND

OSLO 1906
KOSTA AV MAALKASSA

„Ivo prestemne“ er umsett paa norsk ein gong fyrr og kom ut i 1876. Umsetjaren hev havt noko hjelp av denne gamle umskrifti no daa boki skulde ut paa nytt lag.

Prenta hjaa Johansen & Nielsen.

I.

Den fyrste messa.

Det var ein laurdag etternon dei hadde det annsamt med aa timbra og hamra utpaa Hochbux-vollen*). Timbremeisteren Valentin og dei tvo sønerne hans sette upp ei stelling som ikkje var noko mindre enn eit altar og ein preikestol. Gregor, son til Kristen skræddar, skulde halda fyrste messa si der den næste dagen.

Ivo heitte den minste sonen hans Valentin; det var ein ljosleitt gut paa seks aar. Han gjekk der og lest vera mykje til kar og hjelpte far sin med arbeidet. Han var berrhovda og berrføtt og kleiv som eit ikorn ikring paa stokkarne, og kvar gong dei lyfte upp ein bjelke ropa han som dei andre: „Stokk her!“ og tok spenntak og bles liksom det var han som gjorde meste arbeidet. Valentin let elles jamnan guten faa noko aa gjera; han fekk vinda traaden paa

*) Attmed Nordstetten, eit torp (eller landsby) i Würtemberg.

snelda og bera saman verktyet eller sanka ihop sponen. Ivo gjorde alt med slik aalvora og annsemd som han skulde vera aat med eit storverk. Og ein gong han skulde sitja paa enden av eit bord og tyngja det ned med dei skar det av, fór det so kitlande igjenom han at han sat berre og storlog og hadde so nær dotte ned. Men han heldt seg fast og freista aa sitja so still han kunde med' han fullgjorde det vigtuge yrket sitt.

Stellingi var sistpaa ferdig, og Ludvig sålmakar stod ferdig til aa negla fast blæjorne. Ivo vilde hjelpa honom òg; men sålmakaren var ein umild mann og jaga han or vegen. So sette Ivo seg still paa spondungen og saag burt mot fjelli paa hi sida; der gladde soli med raudnande glans. Daa høyrde han far sin blistra; han sprang upp og skunda seg burt til han.

„Du far," sa Ivo, „den som ein gong kunde koma til Hochdorf."

„Kvifor det?"

„Det er tett attmed himmelen, og eg vilde gjerne faa stiga dit upp."

„Din styvne unge, det synest berre som himmelen ligg nedaat der-uppe; men attanfor Hochdorf er det langt til Stuttgart, og derfraa er det endaa langt til himmelen."

„Kor langt daa?"

„So langt at ein vinn ikkje fram fyrr ein er daaen."

Med vesleguten i høgre handi og verktyet

i vinstre gjekk Valentin burt gjenom torpet. Folk skura og vaska alle stader, og stolar og bord stod utanfor husi; for alle venta gjester til høgtidi næste dagen.

Daa Valentin gjekk framum stova hans Kristen skræddar, lyfte han handi upp til huva, ferdig til aa helsa um einkvar skulde sjaa ut. Men der var ingen som saag ut, heile huset var so stillt som eit kloster. Nokre bondekonor gjekk inn i huset med fat under fyreklædet; andre kom ut att med tome fat under armen. Dei helsa stillt paa kvarandre; dei kom der med sendingar til den unge presten som dagen etter skulde verta vigd til si heilage brur, kyrkja.

Daa ringde kveldsklokka, og Valentin slepte handi aat sonen sin. Ivo la snøgt dei smaa henderne sine ihop. Faren la òg henderne i kross yver verktyet sitt og bad eit ave.

— Morgonen etter lyste det ein bjart dag yver torpet. Mor til Ivo klædde guten i fine klæde alt tidleg um morgonen; det var striputt ny trøya med sylvknappar — so tykte h a n — og ny-tvegne stutte skinnbuksor. Han skulde bera krusifikset. Grete, eldste syster hans, tok han i handi og leidde han ut paa gata, „so dei kunde faa rom i huset.“ Ho forbaud han aa koma inn att, og so sprang ho sjølv inn aat stova.

---

a v e, ei latinsk bøn. k r u s i f i k s, lite Kristusbilæte.

Ivo gjekk burtetter landsbyen. Alle stader stod det menner og gutar ute paa gata. Dei var berre halvflidde enno og stod med kvite skjorte-ermar. Her og der sprang ei kona eller gjenta huse-millom utan livstykke og med halvlaust haar og bar eit raudt haarband i handi. Ivo tykte det var meinhardt av systeri at ho hadde jaga han soleis ut or huset. Han vilde òg helst synt seg i halv stas fyrst liksom dei andre vaksne kararne, og sidan i full stas naar klokkorne tok til aa ringja. Men han vaaga ikkje aa gaa heim att og heller ikkje aa setja seg ned nokon stad, han var rædd han kunde skjemma klædi sine. Han berre heldt paa og gjekk varsamt burtetter landsbyen. So tok det til aa koma vogn etter vogn med bønder og bondekonor, og folk kom ut or stovorne og baud dei velkomne. Alle folk saag so velnøgde og høgtidsame ut i dag. Fraa kyrkja og ut til Hochbux-vollen var vegen straadd med angande lauv og blom.

Lensmannen kom ut or huset hans Kristen skræddar og sette ikkje hatten paa seg fyrr han var komen ut paa gata. Straks etter kom lensmannskona gangande og leidde Barbara, vesle dotter si, i handi. Barbara var seks aar gamall og pynta som ei brur i dag. Ho hadde ein krans paa hovudet og var oveleg fint klædd; ho var den reine møyi som skulde

vera som eit bilæte paa bruri til den unge presten.

Det ringde fyrste gongen, og alle dei som stod ute i berre skjorte-ermarne skunda seg inn i husi og skulde faa paa seg kyrkjeklædi. Ivo rusla i veg til kyrkja.

No ringde alle klokkorne og høgtidsfylgjet kom ut or kyrkja. Fanorne blakra, og musiken sette i, og inn-imillom høyrde ein mennerne og kvendi lesa bønerne. Ivo gjekk i fyreenden attmed læraren og bar krusifikset. Utpaa Hochbux var altaret fint tilstasa. Kalkarne og lamporne og glor-klædi paa bilæti av heilagmenni glima i soli, og ut yver alle markjerne rundt ikring stod folkemengdi. Ivo vaaga snaudt aa sjaa paa presten, daa han steig upp til altaret; han gjekk i ein gullsauma kjole og hadde ein gylt krans paa hovudet; han var mild i aasyni og bleik og heldt henderne krosslagde yver bringa, og han bøygde seg djupt med' musiken ljoma. Lensmanns-Barbara hadde stige fram fyre han; ho bar paa eit brennande ljos som var umvunde med rosmarin, og stelte seg upp attmed eine sida paa altaret. So tok høgmessa til. Daa vesleklokka kima la alle seg aa gruve, og det var ikkje ein ljod aa høyra paa langan leid. Ikkje for aldri det vaaga Ivo aa sjaa upp til altaret; for han visste at no steig den heilage anden ned og gjorde det løynlege underet, skapte vinen um til blod og braudet til kjøt, og

at ikkje noko manneauga torde lyfta seg upp til honom utan det vart blinda.*)

So steig kapellanen fraa Horb upp paa preikestolen og tala høgtidsamt til den unge presten som no skulde messa for fyrste gongen. Etterpaa gjekk ungpresten sjølv upp paa stolen. Ivo sat paa ein skammel ikkje langt ifraa; han heldt høgre aalbogen paa kneet og studde kinni mot handi og lydde vèl etter. Han skyna ikkje stort av preika; men han saag heile tidi paa honom som stod der og tala so av hjarta, og hugen hans feste seg barnslegt og mildt ved Gud og den gode presten.

Daa so fylgjet tok paa vegen heim att til kyrkja og klokkorne paa nytt lag ljoma og musiken klang med sigertonar, tok Ivo krusifikset med baae henderne; det var som han med nyfengen styrke vilde bera sin herre og gud framfyre seg.

Folkemengdi tok no til aa spreida seg. Alle tykte presten hadde vore gild, og alle tala um honom og um kor lukkelege ein maatte kalla dei foreldri som hadde ein slik son. Kristen skræddar og kona hans gjekk nedetter troppgangen paa kyrkjebakken, og det var som dei vøre borne av den sælaste fagnad. Det var elles ingen som agta stort paa dei; men i dag flokka alle seg kring dei og synte dei den største vyrdnad og ynskte

*) Folket paa desse kantar i Tyskland er katolikar.

dei til lukka. Mor til den unge presten takka og gret av gleda og kunde kje faa fram eit ord.

Ivo høyrde av faster si at foreldri til Gregor no maatte segja „De“ til han.

„Er det sant, mor?“ spurde han.

„Ja visst,“ svara ho; „han er no noko meir enn alle andre menneskje.“

— Folk gløymde heller ikkje aa tala um at dette var til timeleg bate for Kristen skræddar. Dei sa at han no kunde vera sutelaus for resten av sine dagar. Kordelia, syster til presten, kunde verta hushaldar, og han var til heppa for all ætti si og ei pryda for heile torpet.

Ivo var med foreldri sine heim; dei leidde han imillom seg.

„Du far,“ sa han, „Gregor skulde verta prest her.“

„Det vert han ikkje; dei gjer ikkje nokon til prest der han er fødd.“

„Kvifor det?“

„Du med ditt ævelege toskne kvifor. Just av di det er so,“ svara Valentin. Men mori sa: „Han kom til aa faa for mykje tilheng i landsbyen og vart ikkje like rettvis mot alle.“

Anten visste ho ikkje, eller ho kunde kje greida det ut for barnet, at heilagskapen i embættet og agen for presten kom til aa skjerdast

---

skjerdast, minka, kverva inn.

naar han høyrde til i krinsen, av di alle daa visste um upphavet og uppvoksteren hans.

Men um eit bil sa Valentin: „Slik ein prest hev daa den beste livemaaten. Han fær ingi trælar i handi av pløgjingi og ingen ryggverk etter skurden, og i presteløda er det alltid fullt. Han legg seg paa sofaen sin og tenkjer paa preika og gjer heile huslyden sin lukkeleg. Vert du ein snild gut, Ivo, so kann du òg verta prest. Vilde du ikkje gjerne det?“

„Jau,“ sa Ivo og saag med store augo upp paa faren. „Men de fær ikkje segja „De“ til meg,“ sa han.

„Det hev enno god tid,“ sa faren og log.

Etter dei hadde ete til middags kleiv Ivo upp paa benken i kraai under krusifikset. Han røyvde fyrst berre paa lipporne, men so bruka han maalet høgt og heldt ei heil preika. Han stod der med aalvorleg uppsyn og tala det verste tull og vas og heldt ikkje upp fyrr faren strauk han blidslege paa hovudet og sa: „So, no er det nok.“ Men mori tok Ivo paa fanget og klappa og kyste han. „Aa kjære Guds mor,“ sa ho, „eg vilde ikkje liva lenger enn til at Vaarherre let meg sjaa den dagen du heldt fyrste messa di.“ So riste ho paa hovudet og sa med laagt maal: „Gud forlate meg mi synd, no tenkjer eg for mykje paa meg sjølv att.“ Ho sette guten ned og heldt handi paa hovudet hans.

„Ja," sa Ivo, „og so skal ho Grete stjorna huset for meg, og ho skal faa byklæde liksom kokka hjaa presten."

Den snilde faster hans, ho Magdalena fraa Rexingen, gav Ivo ein skilling for denne preika hans. Daa sprang han snøgt ned til drengen — han sat under valnot-treet framfyre huset — og fortalde at han skulde verta prest. Nazi, so heitte drengen, riste berre paa hovudet og trykte tobaken betre ned i pipa si.

— Fram mot kvelden gjekk den unge presten gjenom torpet i lag med kapellanen fraa Horb og nokre andre prestemenner. Alle som sat ute framfyre husi reiste seg upp og helsa venlegt paa dei, og konorne smilte til ungpresten, liksom dei vilde segja: „Me kjenner deg att og tykkjer godt um deg; du hugsar nok daa eg gav deg ei pæra? Var det ikkje det eg alltid sa at han Gregor kom til aa verta ein stormann?" Gutarne tok piporne or munnen og tok huvorne av seg, og gjentorne rømde inn og stod og skumpa paa einannan og glytte løynlege ut. Men borni gjekk fram og tok Gregor i handi og kysste handi hans.

Ivo kom òg fram. Ungpresten gaadde kanskje at guten skalv og kysste so truhjartigt; for han heldt han i handi lenger enn dei andre og strauk han yver kinni med den andre handi.

„Kva heiter du, kjære barnet mitt?" spurde han.

„Ivo.“

„Og far din?“

„Valentin timbremann.“

„Helsa far din og mor di so mykje fraa meg og ver ein god og snild gut.“

Ivo stod som fjetra paa same flekken eit langt bil etter prestarne hadde gjenge; det var som eit heilagmenne hadde synt seg for han og tala med han. Han stirde lenge berre beint nedfyre seg; so sette han paa spranget heim og fortalde alt.

Huslyden sat under valnottreet, og Nazi sat paa ein stein attmed stovedori eit lite stykke ifraa. Ivo gjekk burt til han og fortalde at han hadde mott prestarne; men drengen var gretten i dag, og so sette Ivo seg ned attmed føterne til far sin.

Det leid alt langt paa kvelden, og dei rødde ikkje stort, berre Koch, snikkaren, sa enno: „Eg vil sjaa kvar de fær pengar under fem prosent.“ Ingen svara noko paa dette.

Ivo saag ein gong upp paa far sin, og det lyste ei still sæla or augo hans. Ingen hadde nokon tanke um kva som røyvde seg i den unge saali.

„Du far,“ sa han, „sev presten hans Kristen skræddar liksom andre folk?“

„Ja, men ikkje so lenge som du. Naar ein vil verta prest, lyt ein risa tidlege upp

og beda og læra. Gakk no paa timen og legg deg.“

Mori fylgde Ivo inn aat stova, og daa han bad kveldsbøni si nemde han sølvmint presten, saman med namni paa sitt eige folk.

Messa drog det etter seg at Hans Jørg dagen etter gjekk til kapellanen i Horb med Peter, sonen sin. Rike Johannes Bruck gjekk òg til kapellanen med Konstantin, son' sin; det var ein kvik og klok gut. Baae desse gutarne skulde gaa paa latinskulen. Ivo var enno for ung til det.

Me raakar nok att dei tvo gutarne sidan; no vil me vera med Ivo og fylgja han i framvoksteren.

II.

Læraren.

Skulemeisteren i landsbyen var eit godt hovud, men heller kvasslynd. Musiken var det han hadde mest hug og mest gaava til. Ivo lærde ikkje mykje av honom, og det var heller ikkje aa venta, naar ein einaste mann skulde vera lærar for eit hundrad og tjuge born. Den beste læraren hans Ivo — kven skulde tru

det? — var Nazi, endaa han ikkje kunde skriva og knapt nok lesa. I stallen og høyløda sette han upp lærarstolen sin og svara paa det som læresveinen hans spurde um, eller han fortalde eventyr aat han. Nazi vilde gjerne ha guten med seg, og liksom følet spring laust og lett attmed kjerrehesten og gjer alskyns byks, so sprang Ivo attmed drengen kvar han gjekk.

Naar dei sat i halmen og høyrde paa kor fenaden togg og jorta, fortalde Nazi um Kongle-Peter og um Einekallen, eller um jomfrua av Isenburg som vart forgjord. Kongle-Peter var ein mann som av berre kjæta skar topparne av ung-granerne, so dei enno blødde, og for denne tremordingi laut han no gaa som eit skrymt i Egelsdalslidi. Einekallen hadde eit graatt og eit svart auga, og dei skiftest med leten kvart aar. Sogorne um desse tvo laut Nazi fortelja upp atter mange gongjer; for borni er ikkje enno so burtskjemde at dei stendigt vil ha noko nytt.

Naar Nazi skulde fortelja upp atter, var han ofte uppraadd; for naar han ikkje hugsa det grant, eller han vilde fortelja paa ein annan maate, so ropa Ivo: „Nei so var det ikkje!“ Daa tok Nazi han paa fanget og sa: „Du hev rett, eg hugsar ikkje alt so vel; det fer so mangt kringum i hovudet mitt.“ So fortalde Ivo koss det gjekk lenger, og Nazi var baade glad og forbina yver kor lærenæm guten var.

Men ofte rødde dei um mang-slag tilhøve i livet, slikt som byborni ikkje fyrr seint fær vita noko um; um rikdom og armod, um truskap og fals, um handel og mangt anna; for livet i landsbyen ligg i berrljoset for alle, og folk veit um einannan og hev greida paa stort og smaatt.

Ein gong fylgde Ivo far sin heim fraa timberplassen.

„Du far," sa han, „kvifor hev Gud ikkje skapt tréi firkanta? daa turvte ein ikkje hogga dei til."

„Kvifor? Styvingen du er, daa trong ein heller ikkje um timbremenner og hadde ingi spøner."

Ivo tagde, og faren tenkte med seg at guten hadde eit godt hovud, og at det var urett aa svara han so ilslege. So sa han um eit bil: „Slike ting skal du spyrja skulelæraren eller presten um. Hugsa paa det."

Dette var rett av Valentin. Ikkje mange foreldre er so kloke at dei tek den raadi, naar dei kjenner seg sjølve faakunnige.

Men Ivo spurde korkje skulemeisteren eller presten; han gjekk til Nazi og sa: „Veit du kvifor Vaarherre ikkje gjorde tréi firkanta til byggjefang?"

»For di ein kann nytta dei til mangt anna enn til aa byggja med."

Ivo var forbina; det var eit anna svar.

Han hadde ingen felage millom jamn-

aldringarne sine, av di han heldt seg so trutt til drengen. Nazi heldt honom difor rett for ein tru ven, og naar han klappa guten, sa han: „Du gode gamle dreng.“ Naar det var sers hyggjelege stunder fortalde han mangt um Hellauf, ein hund han hadde havt daa han var hyrding. Denne hunden „var klokare hell ti dokterar“. „Eg segjer deg det,“ let Nazi, „at han Hellauf kunde gita dei løyndaste tankarne mine. Naar han berre saag paa meg, so visste han samstundes kva eg vilde. Hev du nokon gong sét vel paa ein slik hund? Det ligg noko sorgmodigt yver andlitet hans, rett som han vilde segja: Eg kunde graata for di eg ikkje kann tala med deg. Naar eg saag lenge paa Hellauf, gjøydde han og ylte og let att augo, so det skar meg i hjarta. Naar eg berre gav han eit vondt ord, so aat han ikkje biten heile dagen. Det var hund, det; han var for god for denne verdi.“

„Kjem hundarne i himmelen?“ spurde Ivo.

„Det veit eg ikkje, det stend ikkje noko skrive um det,“ sa drengen.

Nazi var sers bukjær, og det var ei stor gleda for han at Ivo òg tykte gildt um dyri. Gamle einsame folk og born veit ofte ikkje rett kvar dei skal av med godhugen sin, og so lèt dei dyri faa godt av 'n. Dyri er ikkje kravfulle, ein hev ikkje mykje skyldnad mot dei, og so vert ein aldri motsagd av dei; for

korkje dei gamle borni eller dei unge likar aa verta motsagde.

„Grisen er daa ein arming til dyr," sa Ivo ein gong; „han er til her i verdi berre for at han skal verta slagta. Dei andre dyri kann ein daa ha gagn av med dei liver." Nazi nikka, og um eit bil sa han: „Difor er det kannhenda at grisen skrik verre enn andre dyr naar dei slagtar han."

Alle i landsbyen heldt Ivo for ein klok og morosam gut, av di han var so hæv til aa spyrja og røda; men ingen visste kven som var beste læraren hans. Men skulemeisteren var misnøgd med han; for han gjekk aldri stillt heim, soleis som skuleborni skulde gjera; han staaka og skreik som han var galen. — Dei arme borni! time etter time sit dei der samanklemde i skulen, og naar dei daa sistpaa slepp fri, so kann dei ikkje anna, dei lyt friska seg upp og hjala fritt ut i lufti. Difor er det ofte ved middagsbil som oskereidi skulde koma farande.

Det var ingen som tvila paa at Ivo ein gong kom til aa verta ein dugande prest. Valentin sat endaa ein dag i vertshuset og skrøytte og let um at Ivo skulde gaa langt framum baade han Hans-Jørg-Peter og Konstantin hans Johannes. Men det var langt fram til det endaa.

III

Barne-elsken.

Grannen til Valentin heitte Mikkel. Det var ein fatig mann; det einaste han var rik paa var born. Den yngste av flokken heitte Emmerensa. Timbremannskona var gudmor hennar, og Emmerensa var mest heile dagarne heime hjaa henne. Ho aat og drakk der og var berre med natti heime hjaa foreldri. Ivo og Emmerensa var mest jamgamle og fylgdest jamt og stødt. Dei andre skulegutarne gjorde narr av han for dette og kalla han gjentefut; men han skilde likevel ikkje lag med Emmerensa. Dei aatte endaa ihop ein slump med alda som dei hadde gjøymt i høyet. Der sat dei daa stille og glade med denne skatten sin. Ivo synte alt at han var ein heil kar; for han kunde telja til hundrad. Han talde epli og pærorne og plomorne. Emmerensa sat aalvorsam og lydde paa og hermde tali etter. Oddorne og dei som var støytte skifte dei i jamstore luter og aat dei upp. Men rett som det var vart dei uvener og kranglast, og sameigni vart daa skift. Slike skilsmaal varde likevel aldri lenger enn ein dag.

Men det vart snart eit stort umbrøyte med

---

odda, einslegt stykke (naar dei andre er talde tvo og tvo).

dei baae tvo: Ivo fekk seg ei svipa av Nazi, og Emmerensa lærde aa spøta.

I byen fær borni ei trumma eller ei liti „kraambud", og dei leikar daa soldatar eller kaupmenner, til dess det vert aalvora av med livet; i landsbyen byrjar dei med svipa naar dei leikar bonde.

Ivo stod ofte paa tome kjerra framfyre huset og smelte med svipa ned til det tome drættet og ropa: „Firr! høy, gampen!" So snart han kom heim fraa skulen um dagarne sette han tavla og linjal paa hjellen attanfor omnen og treiv svipa og fór smellande av stad so høns og gjæser flaug um einannan paa gata, Ein dag han gjekk og styrmde soleis ikring-saag han Emmerensa sitja med bundingen att. under natetreet. Den vesle svarte kattungen hennar laag i solskinet eit lite stykke ifraa og bles og slikka seg. Ho spøta so idigt at ho ikkje gav seg tid til aa sjaa upp; det var som det galdt um aa spøta ei ullkufta aat sjølve jotul-snømannen, vetteren.

Ivo stod still eit bil og saag paa henne; so sa han: «Spøtar du sokkar aat katten din?" Emmerensa svara ikkje, ho berre heldt paa og spøta. Daa fekk han med eitt ein so kitlande hug til aa gjera eit fantestykke. Han reiv snøgt spøtorne ut or bundingen og kasta dei fraa seg og sprang so sin veg.

Emmerensa reiste seg braadt upp og kasta

ein stein etter han; men paa vanleg gjentevis lyfte ho ikkje steinen yver oksli, ho slengde han beint framfyre seg, so han datt ned berre nokre stig ifraa henne. So samla ho ihop spøtorne og gjekk graatande heim.

Fram mot kvelden gjorde Ivo det alt godt att. Han kom og gav Emmerensa eit stykke blaatt glas av ei sundslegi flaska. So saag dei til skiftes paa soli gjenom glaset og ropa: „Aa du, aa du so fint!“ Ivo sveipte so ein papirlapp kring glasbròtet og let Emmerensa faa det.

Ein gong kom det ein mann til landsbyen som drog alle borni etter seg. Det var „bilætmannen“; han selde bilæte av heilagmenne til borni og tok sundslege glas i staden for pengar. Ivo rende heile huset ikring og samla glasbròt, og so kom han til Emmerensa med bilætet han hadde kaupt.

Me finn dei tvo borni saman naar det er regn likso vel som i solskinet.

Ein dag det regnde hadde dei rømt inn i løda. Vesle Jakob, son til lensmannen, var der òg; han var tri aar gamall. Hønsi hadde like eins søkt livd i løda; dei stod tett attmed borni og hengde med velet og riste seg. Sistpaa kom den svarte kattungen smjugande langs med veggen; han gjekk so stillt og varsamt, so dei gaadde han ikkje fyrr hønorne sette i og kakla; daa kvarv han snøgt burt uppi stallgluggen.

Det regnde fyrst so smaatt og fint, so ein

berre so vidt kunde sjaa det. Men snart tok det til aa ausregna. „Aa det gjer blomarne i hagen godt!“ sa Ivo.

„Hagen godt,“ tok vesle Jakob upp atter.

So sa Ivo: „Aa det vert ein stor bekk.“

„Stor bekk,“ hermde vesleguten etter. Ivo saag ilslege paa han, so song han og slo til Emmerensa:

Det regner, regner dropar smaa,
gjentorne dei skal me slaa.
Guten fær med vogni vera,
gjenta skal me aat elvi bera.

Emmerensa slo til Ivo og svara:

Det regner, regner dropar smaa,
gutarne dei skal me slaa,
gjenta ho skal gullseng faa,
han paa klunger liggja maa.

— Det kjøyrde folk framum med tome sekkjer yver hovudet for uveret; dei ropa til hestarne, og borni ropa og hermde etter dei og log. Emmerensa stod med hovudet paa skakke og heldt henderne ihop under fyreklædet, og nettupp som det regnde paa det verste skauv Ivo henne ut under ufsedropet. Ho heldt fyreklædet yver hovudet og freista av all si magt aa koma seg inn under tak att; men Ivo heldt

strengt vakt og slepte henne ikkje inn fyrr ho tok til aa graata.

Det heldt endeleg upp med aa regna; soli skjein bjart, og borni sprang kaate og glade ikring. Det var som desse unge menneskjevokstrarne òg hadde fenge nytt liv no daa lufti var frisk og avsvalna. Det rann brune bekkjer langs med vegen. Borni flòta spøner paa dei liksom timber og vada i vatnet og tykte det var svært gildt. Ivo vilde laga hjul til ei kvern; men lenge fyrr hjulet var ferdigt, var vatnet burtronne.

Ivo var nok ofte ertesam med Emmerensa; men han tolde ikkje at nokon annan var vond med henne.

Ein gong han kom heim fraa skulen saag han at tvo gamle troll til gjæser fór etter henne. Ho skreik og rømde og saag attanfor seg. Ei av gjæserne hadde alt bite seg fast i stakken hennar og reiv og sleit i 'n, so ho datt i koll. Ivo var væpna med linjal til sverd og tavla til skjold. Han sprang modig paa gjæserne, og det vart ein hard strid; men sistpaa dreiv han dei paa flòget. So lyfte han Emmerensa upp og gjekk jamsides med henne, byrg som ein sigervinnar.

Nazi hadde fortalt um riddarar som berga verjelause møyar fraa drakarne. No tyktest han sjølv vera ein slik riddar og var baade glad og vel nøgd.

IV.

Kalven og andungarne.

Det kom ein nybøling i garden hjaa Valentin. Det var ei fager kviga som han hadde kaupt paa marknaden i Oberdorf. Fyrr kviga vart sett i hus kom grannarne og endefeta og verdsette ho, og mori og Ivo og Nazi kom ut og tok imot ho. Daa fekk Ivo ein trehest av far sin. Valentin saag seg velnøgd ikring og flidde Nazi toget. So saag han kautlege paa grannarne og paa den fine kviga att, og gav ho so eit rapp og let ho gaa inn i fjoset.

Daa det tome romet i fjoset soleis var utfyllt att, var Ivo med Nazi aat løda etter høy aat kviga; men ho hadde ikkje upp munnen og stod berre og trytte. Ivo strauk ho lint yver haaret; daa snudde ho paa hovudet og saag lenge paa han.

Ivo flaug sidan kringum med trehesten sin, og den giorde seg slett ikkje framand; han var alle stader heime og bar alltid hovudet like byrgt med hanefjøri paa.

Um natti vakna Ivo braadt upp; han høyrde noko anka seg, so det gjekk igjenom han. Det var den framande kviga som rauta og klaga seg, og det lét meir og meir saart for kvar gong; det var som ho vilde klaga livet utav seg.

Ivo laag eit langt bil og lydde paa. Kvar gong kviga tagna heldt han anden og lydde; han trudde ho ein gong skulde tagna for godt; men ho tok alltid til att. So vekte han sistpaa far sin.

„Kva er tids?“ spurde faren.

„Framandkviga rautar.“

„So lat ho berre rauta, og sov du, din jaaling; ho traar heim att, d'er ikkje anna.“

So drog Ivo høgjendet upp for øyro og sovna att.

I heile tri dagar aat kviga ikkje ein bit; men so vart ho van med aa sjaa den andre fenaden i fjoset og vart spak og aat som dei andre. Men no vart det ei ny sut. Klauverne losna paa framføterne hennar. Ho var berre van med aa gaa paa mjuke marki og ikkje so langt paa ein hard veg.

Ivo hjelpte ofte til med aa fetla føterne paa kviga. Han var overlag snild og god med ho, og ho synte han godhug att, so vidt ho kunde. „Gjætsleguten hennar hev vore lik deg, Ivo, det skynar eg greidt,“ sa Nazi, han var ein mann som skyna seg godt paa dyri.

So stor gleda som Ivo hadde av kviga, so stor sorg hadde han av trehesten sin. Daa det leid frametter hadde hesten vorte sulka. So lurde Ivo seg ein morgon ut aat brunnen og vaska og gnika han mest han vann; men stor-

graatande kom han heim att, for alle leterne hadde gjenge av hesten.

So fekk Ivo tidleg røyna kor lite ein skal stola paa tilstelte leikor. Men han fekk snørt full skadebot for dette.

Det var langt paa natt ein gong til, og alle i huset var uppe for kviga si skuld; ho hadde bore.

Ivo fekk ikkje koma aat fjoset; han høyrde berre kor kui anka og gav seg. Men so snart det ljosna um morgonen sprang han aat fjoset. Der laag ein fin kalv attmed føterne til kui; han var svartstriputt, og mori stod og sleikte han. Det torde ingen koma han nær, for daa vart kui reint vill; berre daa Ivo kom og tok varlege burt paa kalven stod ho roleg.

Frums-ungen hennar var ein uksekalv, og Ivo gav seg ikkje fyrr han fekk faren til aa lova at dei skulde ala kalven upp.

Ivo var sidan jamt i kjøken naar dei laga varmt drikka aat „barsøls"-kui, og ingen annan enn han fekk halda skaali fram til ho.

Men sjeldan vert nokor gleda uskipla, det fekk Ivo òg røyna.

Ein dag han kom heim fraa skulen, saag han ein stor hund staa paa dørstokken. Han gjekk varsamt fram-um og burt aat fjoset. Der

---

frums-unge, fyrste unge.

stod ein mann med blaa yverskjorta; han hadde ein raud- og gulprikkutt duk slengd laust kring halsen, og i handi hadde han ein stav med messingtraad kring handtaket.

Ivo saag straks at det var slagtaren. Faren stod attmed han og sa:

„For aatte gulden*) sel eg, men det er synd aa slagta 'n, han hev slike gilde føter.“

„Eg gjev sju gulden,“ sa slagtaren.

Faren riste paa hovudet. „Men lat gaa, naar du gjev femtan kreuzer attpaa.“

Daa Ivo høyrde dette skyna han alt saman. Han sette skulegreidorne sine ifraa seg attmed veggen og sprang inn i fjoset og slo armarne kring halsen paa kalven. „Nei, snilde deg, dei skal ikkje stikka deg i halsen!“ ropa han og tok til aa graata. „Far, far, og du som hadde lova meg det,“ hikste han. Kalven rauta høgt, liksom han hadde ein tanke um det som gjekk fyre seg, og kui snudde paa hovudet og trytte.

Valentin visste kje kva han skulde gjera; han tok av seg huva si og stirde inn i ho og sette ho paa seg att. Men so saag han sistpaa burt paa Ivo og smilte. „Ja ja, lat det so vera, eg nenner ikkje gjera guten imot. Du kann ala han upp, Ivo; men so maa du òg finna fôr aat han.“ Slagtaren gjekk sin veg, og hunden sprang framfyre han og gjøydde, liksom han vilde lata folk faa høyra at eigarmannen hans

*) Ein gulden (gylden) er paa lag kr. 1.50. Det gjeng 100 kreuzer i ein gulden.

var sinna. So fór han inn millom hønorne og gjæserne hans Valentin og skræmde dei ifraa kvarandre, liksom ein tenar som gjer til meins for undermennerne til den som husbonden hans er uvener med.

Ivo var no lukkeleg med kalven som han hadde frelst fraa dauden. Det var nok saart aa tenkja paa at faren hadde vilja brote det han hadde lova; men han gløymde det snart att. Naar han hadde ei fristund sette han kalven paa beite utpaa ei rein og hadde stor hugnad av aa stella med han.

Ein kveld stod Ivo utpaa reini og beitte kalven sin og heldt i toget som han hadde leidt han med. Han song paa ein visestubb som Nazi hadde lært han, og det bivra som av sorg og lengting i tonarne:

Ved døri til himlen
ei lengtande saal
stend einsam og ventar,
ho ventar med tòl.

Du fatige stakar
kom inn her til meg,
dei finaste klæde
dei hev eg aat deg.

So reine, so kvite,
so kvite som snjo,
og so skal me fylgjast
aat himlen me tvo.

Aat himlen, aat Paradis,
baae me fer,
der faren og sonen
og anden dei er.

Med same han var ferdig med visa saag han Emmerensa koma; ho dreiv nokre andungar framfyre seg med ein grankvist. Daa ho kom dit som Ivo stod, stogga ho og let enderne svamla i veita.

„Eg kjem fraa leirdammen," sa ho. „Eg hev havt stort plaass med aa lokka andungarne mine upp or vatnet; sjaa der, d'er fire graa og tvo kvite. Dei er no ei vika gamle. Tenk, du, ho mor la eggi under ei høna, og no vil høna ikkje kjennast ved dei, ho lèt dei gaa og bryr seg ikkje um dei."

„Dei er foreldrelause; so fær du vera mor deira," sa Ivo.

„Og so truhjartigt som dei ser paa folk, berre soleis fraa eine sida, veit du," sa Emmerensa; ho hermde etter dei og la hovudet paa skakke og saag blidslege upp paa Ivo.

„Dei smaakreki kann daa aldri vera rolege ein augneblink, dei flagsar og flugtar i eino. Eg vart svimren skulde eg ha det paa den maaten," sa han.

„Eg kann aldri skyna kor andungarne veit at dei er sumde," sa Emmerensa. „Hadde det

vera sumd, kunna symja,

endaa vore ei and som hadde klekt dei; ho hadde daa lært dei det; men høna lèt dei gaa paa sjølvstyr, og so snøgt dei kann valtra frametter baskar dei seg ut i dammen."

Her stod tvo unge saaler fortenkte framfyre den løyndarfulle døri til skaparverket. Dei tagde eit bil, og so sa Ivo:

„Andungarne held lag og gjeng ikkje ifraa kvarandre. Ho mor segjer at soleis skal systken òg vera, og naar høna kallar kjem kjuklingarne springande."

„Ja dei styggetingi dei hønorne, dei skjemmest ikkje, dei ét upp for enderne mine naar eg gjev dei mat," sa Emmerensa. „Berre det no ein gong vilde regna rett dugeleg, so enderne mine kunde veksa. Med natti hev eg dei alltid i ei korg. Me torer ikkje rett taka paa dei, so mjuke som dei er, og daa skumpar dei seg ihop i sengi liksom eg og ho bestemor; og ho bestemor hev sagt at naar dei vert store, so skal ho plukka dei og gjera meg eit høgjende av fjøri."

Daa Emmerensa hadde sagt dette, sette Ivo i og song eit stev. Ho svara, og so stevjast dei eit heilt bil og kappast um kven som kunde mest. Men sistpaa sa Ivo: „Driv no enderne dine heim, du; eg kjem snart etter." Det var som han skjemdest for aa gaa heim gjenom landsbyèn i lag med Emmerensa; men sjølv visste han ikkje at det var anna enn av otte

for dei andre gutarne som var so leide til aa erta han.

Eit bil etter Emmerensa hadde gjenge, gav Ivo seg paa heimvegen med kalven.

Ivo hadde ei næm kjensla, og han tykte det var saart aa sjaa at Allgauar-kui slett ikkje brydde seg meir um kalven sin etter han var avvand. Han hadde ikkje visst at dyri hev umsut for avkjømet sitt berre so lenge ungarne ikkje kann berga seg sjølv. Berre so lenge fugleungarne ikkje rett kann fjuka og finna seg mat, og so lenge som ungen syg mori, held sambandet ved millom foreldre og born. Helst med dei tamde dyri er det so, at naar foreldri er burtrivne fraa det naturlege sambandet, eller naar ungarne hev vakse ifraa det, so kjennest dei ikkje lenger. Berre menneskje hev ein kjærleik til avkjomet sitt som varer livet ut; for hjaa dei er det eit aandelegt og ikkje berre eit kropslegt samband millom foreldre og born.

V.

Utpaa marki.

I den lange fritidi i skurden og med' dei pløgde var Ivo mest allstødt med Nazi paa aaker og eng. Der fyrsta var det som han livde rettelege upp, og naar han saag upp var augo hans liksom dropar av den blaae himmelen deruppe, den som kvelver seg still og klaar yver jordi og yver menneskja som strævar annsamt med sitt; og det var liksom desse himmelstykki som hadde søkkt seg ned i eit menneskje, stunda mot det endelause upphavet sitt att.

Mest soleis tenkte Nazi ein gong Ivo stod og saag upp mot himmelen. Han tok guten kring hovudet og kysste han paa augo. Men han vart straks skamfull for han hadde vore so kjælen, og so erte han Ivo og lest som han slo han.

Naar kyrne vart fyrespende var Ivo alltid med.*) Allgauar-kui var òg jamt med i onni no, og Ivo la bossa millom horni paa ho. Han var glad for at tre-oken ikkje laag alt so tungt paa hovudet aat plogdyri. So stod han attmed dei paa marki og jaga kleggjerne ifraa dei med

*) I Sud-Tyskland brukar dei jamt uksar, og ofte kyr med, til aa draga plogen.
b o s s a, puta under sele eller sål.

ein kvist. Nazi heldt jamt guten til aa ha umsut for dei verjelause skapningarne som laut gaa under oken, og han sa mangt eit visdomsord um dette.

Lenge fyrr kyrne eller blakken var fyrespende, kleiv Ivo og Emmerensa upp paa vogni og dansa paa fjølerne; so kjøyrde dei med ut og flaug ikring paa engi, eller dei var med og sætte høyet og skauv einannan ut i dungarne.

Kvar gong Nazi kjøyrde ut paa marki var Ivo med han paa vogni, eller han sat der aaleine og heldt henderne i fanget, og hjarta hoppa i han av gleda, liksom kroppen skalv av vognskaket. Han saag som i draum ut yver marki. Kven kann gruna ut kva det er alt det som rører seg i hugen hjaa slikt eit barn?

Ivo var alt tidleg godgjerande. — Emmerensa var fatigfolks barn og laut gaa og henta upp aksi som hadde dotte ned paa aakeren. So fekk han mor si til aa sauma ein sekk som han kunde hengja i eit band kring halsen, og vilde vera med og samla inn aks aat Emmerensa. Daa mori hengde sekken paa han, sa ho at han skulde taka seg i vare, so faren ikkje fekk sjaa han; for han kom daa til aa verta vond, av di det ikkje sømde seg for born av velstandsfolk aa tina aks. Ivo saag forbina paa henne; ein kunde sjaa at dette gjorde han vondt, men det var ikkje lenge fyrr han gløymde det att.

t i n a (tena), plukka, samla.

So gjekk han berrføtt paa den kvasse helma og henta ein heil pose full med korn aat Emmerensa, og sjeldan hadde han vore so glad og sæl som daa. Sidan var han med daa ho gav andungarne noko av kornet, og han hermde etter dei daa dei sprang til og fraa og snaka maten til seg.

Ein gong skulde Ivo vera med Nazi ut paa marki, og blakken var spend fyre horvi. Daa kom det ein vindknut framfyre dei og føykte sanden upp i vêret.

„Ho mor segjer at dei vonde vetti tyner kvarandre i ein slik vindknut," sa Ivo, „og kjem ein inn imillom dei, so vert ein drepen."

„Me fær uvêr i dag," sa Nazi; „ver heime du."

„Aa nei, lat meg faa vera med," bad Ivo og tok drengen i handi.

Nazi hadde spaatt rett. Dei hadde knapt vore ute ein time, daa kom det ei øgjeleg haglskur paa dei. Dei skunda seg og sprette horvi ifraa; Nazi sprang upp paa hesten og tok Ivo med, og i tanande spranget bar det heimleies. Det var so myrkt som det skulde lida mot natti. Ivo var rædd og klengde seg inn til Nazi. „Dette uvêret hev dei vonde vetti i vindknuten ført med seg, hev dei ikkje?" spurde han.

„Det bid ikkje vonde vette, det finst berre vonde menneskje," sa Nazi.

3

h e l m a, halmstubb.

Ivo var naableik og skalv so tennerne skrangla, daa dei kom heim. Mori skunda seg og fekk han i seng, mest for di ho vilde løyna det for faren; for han lika ikkje at guten jamt var ute, veikleg som han var og etla til aa verta prest. Straks etter kom Nazi med eit glas og gav Ivo nokre dropar; daa sovna han og sov godt, og ein times tid etter var han like frisk att.

Ein gong fekk han vera med ute ein heil dag og slapp for aa fara heim fyrr um kvelden; det var ovende gildt. Tidleg um morgonen fyre ottesongen fylgde han Nazi og hesten med plogen utetter bøen til ein aaker som laag lenger av enn dei andre; dette var den største aakeren hans Valentin. Det var ein fin, ljos morgon i august; det hadde vore torevêr um natti, og det gusta ein frisk ande av tre og engjer. Kløveren var det einaste graset som blomde paa engjerne no; han saag med tirande augo upp mot ljoset. Soli hadde kome upp for Hohenzollern paa den andre sida for eit heilt bil sidan; men ho var ikkje aa sjaa enno.

Plogen skar fint i fòri, og det stod ein frisk ange upp or moldi. Blakken tyktest ikkje royna seg det slag. Nazi styrde plogen so lett som ein ferjemann styrer baaten naar han rek med straumen. Alt var so bjart rundt ikring, og her og der saag dei folk som var ute paa arbeid.

Daa det ringde til ottesong i Horb, stogga

Ivo og Nazi og la henderne ihop. Hesten stod òg still, og det var mest som han bad, han med; han vogga upp og ned med hovudet. So pløgde dei fòri ut og sette seg paa reini og aat eit stykke brød.

„Kunde me no finna ein skatt her i dag!“ sa Ivo. „Veit du, mor aat Emmerensa hev fortalt henne at det var ein bonde som fann ein heil hop pengar under føterne sine daa han gjekk og pløgde. So vilde eg kaupa nye klæde aat Emmerensa og gjeva far hennar det han er skuldig paa huset sitt. Kva vilde du gjera?“

„Ikkje noko,“ sa Nazi, „eg treng ikkje um pengar.“

So gjekk dei til arbeidet att, og det gjekk i dag so lett at Nazi tok til aa syngja:

Me er dei systerne tri,
ho Lisa og Kahti og Mei,
den yngste tok guten inn.

Ho gjøymde han i ei kraa
til alle var lagde, daa
ho let han faa koma fram.

Ho tok han paa loftet upp,
daa skauv ho den bele-gut
igjenom vindauga ut,

So datt han ned paa ein stein
og knasa eit akslebein,
og hjarta fekk òg eit mein.

Og guten han grov seg heim:
„Aa mor, eg hev fenge mein,
eg datt paa so hard ein stein.“

„Min son, d'er tilpass aat deg,
ein skikkeleg bondedreng,
han gjeng ikkje slik og sleng.“

Han la seg i sengi ned,
daa klokka ved midnatt klang,
laag guten i daudsens fang.

So smellte Nazi med fingrarne og sette hatten fastare paa hovudet og song ei onnor visa, ei som var kvikare og meir vyrdlaus. Men med eitt stogga han og ropa til hesten: hoi! Det var ikkje godt aa vita um han hadde gløymt at Ivo var der, eller um han ikkje brydde seg um det; men so mykje er visst at det ikkje er so faarlegt som ein skulde tru at bondeborn høyrer slike visor. Ivo hadde alltid — og aller mest i visorne — høyrt folk nemna allting beint fram. Men den reine hugen hans vart ikkje sulka av det. At alt vart nemt med sitt rette namn gjorde vel snarare sitt til at det gleid av han og ikkje let noko merke etter seg.

Sidan song Nazi ei visa um usæl elskhug. Tonarne sveiv burtetter marki og døydde burt, og kven veit kven han hadde etla dei aat? Skulde den gamle drengen enno bera paa ein løynd elskhug?

Klokka slo elleve, og no stogga dei paa nytt lag og heldt bøn. Dei sprette hesten ifraa og gav han ein vondul med kløver. So sette Ivo og Nazi seg paa reini attmed kløverengi og venta paa Grete som skulde koma med mat aat dei. Det var ikkje lenge fyrr ho kom. Dei aat or e i skaal, og maten smaka godt, for dei hadde arbeidt dugeleg. Dei aat so reint upp at ho Grete sa: „Det vert godt ver i morgon, de gjer reint fat."

„Ja," sa Nazi og kvelvde skaali, „det skal ikkje ei veggjelus fordrikka seg paa det som no er att."

Etterpaa la dei seg ned eit bil og kvilde, for

ei liti matkvild dei hava vil,
alle dei dyr som paa skogen er til.

Ivo laag paa ryggen paa reini og lydde etter kor det tiska og kvitra i kløverengi. So let han att augo og sa:

„D'er som heile engi skulde liva og blomarne syngja . . og lerka deruppe, og engspretta . ." han sa ikkje meir, han hadde sovna. Nazi saag lenge paa han, so fann han nokre kjeppar og sette dei varsamt ned i marki ikring han og

breidde høysekken yver dei, so guten fekk liggja i skuggen. Sidan gjekk han stillt burt til hesten og spende han fyre og tok til med arbeidet att.

Soli var aat aa glada daa Ivo vakna. Han reiv snøgt ned tjeldet som var bygt yver han og saag seg forbina ikring. Han visste fyrst ikkje kvar han var, men daa han saag Nazi sette han i og ropa av gleda og sprang burt til han. No hjelpte han til med arbeidet att, og han tykte mest det var saart at Nazi hadde kunna pløgja utan honom; for han var heller byrg av at han kunde hjelpa til i onni.

Det var kveld daa dei sprette hesten fraa plogen og skulde fara heim. Nazi lyfte Ivo upp paa hesten og gjekk sjølv attmed uppetter bakken. Daa hugsa han at han hadde gløymt kniven sin etter nedmed plogen. Han gjekk attende, og no stod han der-nede og saag upp mot soli med' ho gjekk ned attfyre fjellet. Himmel og jord var som eit kyrkjekor, bygt av skinande ljos og rennande gull, — det var som heile ævelengdi hadde late upp heilagdomarne sine; lange ljosrender skifte fraa den døkkaste purpurglod til den linnaste og lettaste rode. Skydottarne var som ljose englehovud, og midt imillom dei stod det ein skybakke liksom eit stort altar; fotstykket var blaatt, og uppyver stod det som eit logande tjeld. Det var som ein maatte svinga seg dit upp og kverva burt i ljoset; og so var det som ein venta paa at skyi skulde kløyva seg

og Vaarherre sjølv stiga fram i sin æreglans og forkynna tusundaarsriket med sæla og fred.

Der uppaa aasbruni reid Ivo paa hesten, og det var som dei baae sveiv i lufti og vart lyfte upp mot himmelen. Ivo rette ut armarne, liksom ein engel skulde vitta til han. Tvo duvor kom fjukande og sveiv upp og ned, og vengjerne deira røyvde seg ikkje; dei siglde av som dei skulde vera dregne av ei endelaus magt og kvarv burt i kveldsroden.

Soleis stod Nazi der; all jordisk møda og all traa var teke burt fraa han. Ein straale av glansen fraa Gud skjein inn i saali til denne arme og einfelde drengen, og han var høgre uppe enn alle dei som sit i høgsætet her i verdi og raad for aanr og magt. Guds stordom hadde dala ned yver han.

Ugløymande var denne dagen for Nazi og Ivo.

VI.

Latinskulen.

Et stort umskifte i livet skulde snart skilja Ivo fraa barndomsvenen hans.

Tidi var komi daa han skulde taka det fyrste stiget ut or heimen og byrja paa det som skulde verta kallet hans. Reint utvendes vart det òg eit umskifte med han. I staden for den stutte trøya let dei han faa ein sid blaa kjole som var mykje for vid og stor, so han ikkje altfor snøgt skulde veksa utor han.

Daa han fylgde mor si til Horb og var klædd soleis etter sitt stand og hadde fenge store styvlar paa føterne, gjekk han berre og valtra og stampa seg fram og lyfte alt i eitt paa armarne, so kjolen ikkje skulde glida ned.

Valentin kjærde seg ikkje lenger stort um kva slag læra sonen hans skulde gaa i. Han hadde lenge nok togge paa denne tanken um prestelæra, og var no like nøgd anten son' hans vart prest eller bonde. Naar det galdt um aa gjera noko uvanlegt var den minste møda for stor for han.

Men mori, ho Kristina, var ei gudeleg og raadig kona; ho slepte ikkje so lett noko ho hadde sett seg fyre.

Kapellanen budde attmed kyrkja. Mor og son gjekk fyrst inn i kyrkja og la seg paa kne

framfyre altaret og bad av hjarta tri fadervaar. Mor Kristina hadde det no paa same maaten som Hanna, daa ho førde Samuel til øvstepresten i Jerusalem. Ho hadde aldri lese det gamle testamentet og kjende ikkje noko til soga um Samuel; men kjenslorne fraa den gamle tidi vakna reine og nye upp atter hjaa henne. Ho saag upp til den heilage Gudsmori, ho som hadde fenge den store naaden aa bera den under hjarta sitt som er til frelse for verdi, og augo hennar lyste av sorgmod og kjærleik. Og ho bad henne verja Ivo og taka imot han som ein tenar i den heilage kyrkja. Ho trykte henderne fast inn til bringa og saag paa sonen daa dei gjekk ut or kyrkja att. Daa dei kom til prestegarden gjekk ho inn i kjøken med ei korg ho hadde havt med seg, og gav kokken smør og egg. Sidan sa dei kapellanen til at ho var der, og so gjekk ho varsamt inn i stova til han og nigja og bøygde seg for kvart stiget ho tok.

Kapellanen var ein godlynd mann. Han tok høgtidsamt imot folk som kom til han, og sat jamt og vreid med henderne alt med' han tala med dei. Mori stod og lydde paa han som det skulde vera ei preika ho høyrde paa. Han sa at Ivo no maatte vera idig og annsam. Daa sette guten i og gret høgt, han visste ikkje kvifor; men bringa var so full, so han kunde ikkje anna. Kapellanen, den snilde mannen, hugga

og klappa han, og so gjekk mor og son ut or stova og var med godt mod.

No gjekk dei til ei gamall høkerkona som var enkja, ho budde attmed bakaren. Ivo hadde fenge seg ei kringla daa dei gjekk framum der, og sidan sat han attmed omnen og aat paa den og høyrde paa daa mori tinga med enkja. Høkerkona selde smør og egg og hadde alt lenge havt handel med Kristina. Det vart daa avtala at Ivo skulde ha middagsmaten hjaa høkerkona, og for dette skulde ho faa noko visst i egg og smør og mjøl.

Daa dei kom heim att kasta han straks av seg den lange kjolen og reiv av seg styvlarne og sprang burt aat stallen til Nazi; men drengen fór med handi yver augo, daa han høyrde at Ivo no var læresvein.

Dagen etter var Ivo heller tung i hugen, daa han fyrste gongen skulde gaa i latinskulen. Dei vekte han tidleg, og han laut klæda seg fint. Mori fylgde han eit stykke ut or torpet, so skilnaden ikkje skulde falla altfor tung for han. So gav ho han eit stykke steikt kjøt i eit papir og sa at han skulde eta det til høgstdags, og ho gav han endaa tvo skillingar attpaa, so han kunde kaupa seg eitkvart.

Det gjeng ein lang krokveg langs med fjellet ut til Horb; men fraa Hochbux gjeng det ein snarveg til vinstre gjenom skogen. Ivo tok denne vegen og sprang til han kom fram til

leirverket attmed Horb. Hjarta banka i han, og taarorne rann or augo; for han kjende vèl at han no skulde byrja paa eit nytt liv.

Attmed verket stogga han og turka av seg taarorne. Han saag paa papiret med steiki i og lukta paa det og kjende ein god ange. So hadde han papiret upp; kjøtet laag der som det log imot han; han tok ein smakebit, og lenge var det ikkje fyrr han hadde berre tome papiret att. Han kjende seg styrkt og vel nøgd og gjekk so aat skulen.

Der tok gutarne straks til aa glana paa han og gjorde narr av dei vide klædi hans.

„Kva heiter du?“ var det ein som spurde.

„Ivo Bock,“ sa han.

„D'er han Ivo Bock
med far sin kjole og mor sin sokk,“

sa ein av gutarne; han hadde ein fint utsauma skjortekrage. Det tok til aa bivra som til graat i andlitet hans Ivo. So kom det nokre gutar inn paa han og vilde riva i han. Ivo slo hardt ikring seg med baae henderne. Men so kom han rimsmeden fram til han og sa: „Slaa deg til tols, det skal ingen gjera deg noko; eg skal hjelpa deg.“

„Er det aalvora, eller vil du erta meg endaa

---

leirverk, teglverk.

meir?“ spurde Ivo, han skalv i maalet og stod enno med knytte nevar.

„D'er full aalvora, der hev du handi mi paa det.“

„Det er eg med paa,“ sa Ivo, og knyttneven hans løyste seg til eit fredelegt handtak.

Det kann vel vera at byguten fyrst tenkte han vilde erta Ivo enno eit bil og sidan vera naadig og taka seg av han. Men at Ivo heldt seg so stød gav alt ei onnor vending.

No kom kapellanen, og det vart braastillt i laget. Læringi var den vanlege, naar dei tek til aa bøygja *mensa*.*) Daa skuletimarne var ute gjekk krotsaumguten og ein yngre bror hans i fylgje med Ivo til høkerkona. Det var sønerne til amtmannen. Me kann daa alt vera meir rolege for korleis det skal gaa Ivo der i byen.

Hjaa høkerkona var alle dører stengde. Ivo sette seg paa dørstokken og venta og tok til aa faa tunge tankar att. Han var svolten og tenkte paa at alle heime no sette seg til bords. Men han sat her aaleine ute i den vide verdi, og det beid ikkje eit liv som brydde seg um han. Folk gjekk fort framum og saag ikkje paa ledi etter han. Alle gjekk til rjukande fat som stod og venta paa dei; berre han sat her som dotten ned fraa skyerne og aatte ikkje heime nokon stad.

*) eit latinsk ord.

„Kvart eit bufé gjev dei fôret i rette stundi," sa han, „men for meg er det ingen som syter. Eg hev nok dei tvo skillingarne i lumma, men eg torer ikkje alt no taka dei."

Det vart verre og verre for han aa sitja der paa den framande staden, og ei usegjeleg lengting la seg yver han. So fór han med eitt upp og sette paa tanande spranget og vilde heim; men daa han kom kring hyrna, raaka han høkerkona. Ho orsaka seg so mykje og sa at ho reint hadde gløymt han, ho hadde vorte heft paa vegen. „Kom no," sa ho, „so skal eg koka supa og laga det so godt aat deg for mor di si skuld. Ho er ei god kona, og naar du ein gong vert prest og eg er burte, so maa du lesa ei messa for meg, vil du det?"

Ivo var heilt lukkeleg naar det var nokon som tala um mor hans. Han tykte det var som han skulde vera tusund mil fraa heimen og hadde vore burte i ti aar: latinen, steiki, den lange kjolen, slagsmaalet, den nye venen, rømingi, — so mange hendingar paa ein dag, meir enn elles i eit halvt aar. Han let maten smaka seg godt, men lika seg ikkje rett hjaa den framande kona. Det var som han kjende det i seg at han var riven burt fraa den rette heimegrunnen sin. Det unge treet som stend i god livd i skogen og vert teke upp med rot og kjøyrt burt paa ei skranglande kjerra og sett for seg sjølv paa ein haug langt ifraa, — hadde det

mæle, so laut det klaga seg med saare skrik. Ivo kjende ei svær tyngsla yver bringa.

Um etternon gjekk det betre i skulen; daa hadde dei tysk, og Ivo kunde òg tala eit ord med. Paa heimvegen slo han fylgje med dei tvo grannegutarne, Konstantin og Peter. Konstantin sa at den yngste av skulegutarne alltid laut bera bøkerne aat dei som eldre var, og Ivo sa ikkje noko daa dei lesste den tunge byrdi paa han.

Uppi vegen saag dei Kristina, mor til Ivo; ho hadde gjenge sonen sin til møtes. Daa tok dei bøkerne av han. Ivo ropa av gleda og sprang imot henne; men so stogga han braatt upp; han skjemdest for dei store gutarne og torde ikkje slaa armarne kring halsen paa mori, og han lika heller ikkje at ho kjælte for han. So gjekk dei tvo eldste gutarne gjenom torpet med huvorne paa sneid og briska seg med bøkerne sine.

Ivo hadde mangt og mykje aa fortelja med mor si og sidan med Nazi, daa han kom heim; det var som han skulde vore yver havet. Dei hadde koka serskilt aat han, og han fekk maten serskilt framboren; daa tyktest han vera mykje til manns komen. Jamvel ho Grete var venlegare med han i dag; ho gav han elles sjeldan eit godt ord.

So gjekk Ivo dag etter dag i latinskulen. Med kalv-uksen hadde det òg vorte eit stort

umskifte ved dette bilet. Han stod ikkje lenger so glad i fjoset; dei hadde tamt han til aa gaa for plogen. Ivo trudde kalven syrgde for di han var so mykje burte fraa heimen, og dette tykte han var saart.

Men i latinskulen gjekk det ovende godt. Ivo voks snøgt og fyllte i den vide kjolen, og han kom like eins snart til rettes i alt det andre nye og var vel nøgd med det.

Millom Nazi og honom var det ikkje lenger so gildt, for dei kunde ikkje lenger ha allting saman som fyrr. Smaatt um senn slutta dei med aa fortelja einannan um alt det som hende dei; det var sjeldan noko serlegt aa fortelja um, og naar Ivo kom heim sette han seg oftast stillt ned med bøkerne sine. Men med høkerkona vart han godt kjend. Ho sa jamt: „Ein kann drøsa med Ivo som med ein tilkomen mann.“ Ho fortalde han mangt um mannen sin som daaen var, og Ivo hjelpte henne med raad og rekning, naar ho skulde ut med fjordungaarsleiga for huset.

Med amtmannsborni var Ivo godt til vens. Og so Emmerensa? Ho var no aar gamall ni og gjekk i skulen, og i fritidi var ho barnegjenta hjaa skulemeisteren.

I ein alder daa borni elles leikar seg med dokkor, hadde Emmerensa ei livande og kravfull dokka aa stella med; men ho gjorde det med hugnad og tok det som ein leik. Hjaa Valentin torde ho ikkje koma innum med barnet

anna enn naar han sjølv var ute; han lika ikkje barneskriket. Han hadde etterkvart vorte meir og meir servoren og misnøgd. Ivo saag Emmerensa av og til; men det var som dei blygdest for einannan. Ivo tenkte paa at det ikkje høvde seg for honom som skulde verta prest aa vera so altfor godt kjend med ei gjenta. Han gjekk ofte framum henne med bøkerne sine og helsa ikkje paa henne.

Han saag seg elles paa mange maatar skild fraa det han fyrr hadde havt gleda av. Naar han var heime og etter gamall vane gjekk aat stallen og vilde hjelpa Nazi med aa fôra uksekalven og Allgauar-kui og blakken, kom far hans ofte og jaga han ut og sa: „Hav deg or vegen, du hev ikkje noko her aa gjera. Gakk til bøkerne dine og lær det som er gagn i, du som skal verta prest. Trur du ein gjev so mange pengar burt til inkjes?“

Ivo var tung um hjarta naar han saag dei andre gutarne reid hestarne til sums eller sat byrge paa sålhesten og hadde vogni full av kornbundlar. Og det steig mang-ein tung sukk upp or bringa hans naar han sat og laga umskrift um storverki hans Miltiades. Det hadde vore mykje gildare aa vera med vinnefolket ute enn aa vera med paa valen ved Marathon. Han sprang ofte upp av stolen og slo ikring seg, liksom d e t skulde hjelpa for saknaden. At han sat her midt millom sitt eige folk og fyllte ho-

vudet sitt med allslag ting som ingen elles brydde seg um, gjorde òg sitt til at han vart framand i huset. Han kunde ikkje tala med nokon um alt dette, ikkje ein gong med Nazi; han gjekk med heilt andre tankar enn dei andre.

Nazi tenkte paa korleis han skulde finna paa noko til gleda for guten som gjekk der so sturen. Ivo hadde ofte fortalt um at amtmannsgutarne hadde eit so fint duvehus. So sette Nazi i stand eit gamalt forfalle duvehus der var, og for sine eigne pengar kaupte han fem par duvor og ertegras til fôr aat dei. Han sa ikkje eit ord daa han ein morgon tok guten med seg upp paa loftet og gav han alt dette. Ivo vart so glad at han slo armarne kring halsen paa drengen.

No skulde ein sét paa Ivo naar han stod ute attunder natetreet um sundagsmornarne og heldt armarne ihoplagde yver bringa og hadde sin største hugnad av aa sjaa paa dei fagre fuglarne uppaa taket; dei sat der og drøste med einannan og nigja og fauk so i lystelege sving ut yver marki. Men stundom kom dei heilt ned til han, naar han blistra til dei; dei dansa kring føterne hans og pikka upp fôret som han strøydde ut til dei. Men han torde ikkje røyva seg og syna at han var glad; han kunde snart skræma dei upp.

Naar han so kom inn i kyrkja var han so full av kjærleik og barnsleg tru at han mest

alltid sa: „God morgon, Gud!“ So gjekk han inn i sakristiet og hadde paa seg kordreng-klædi og var med og gjorde tenesta daa dei heldt høgmessa.

Djupt i saali hans løynde det seg ein heit kjærleik til Gudsmori og endaa meir til Jesusbarnet. Han gledde seg storlege naar han tenkte paa at frelsaren òg hadde vore son til ein timbremann og sete paa bordladet til far sin og sola seg. Av alle heilagdagarne var palmesundag den som Ivo var mest glad i; han tykte endaa betre um den enn um langfredag. Alt lenge framfyreaat sette dei greiner av pil og poppel og andre tre i vatn, so dei kunde grønka. So batt dei greinerne ihop til bundlar og stod kring altaret med dei, til minne um daa Jesus drog inn i Jerusalem og folket helsa han med palmegreiner. Sidan skvette dei vigjevatn paa greinerne og hengde dei i stallen og fjoset, so det ikkje skulde koma noko ilt aat buskapen. Heime var det heile dagen so stillt og høgtidsamt; ingen sa eit høgt ord, ikkje ein gong faren, og alle var so venlege og blide med einannan, so Ivo var reint sæl.

Det synte seg alt tidleg at han hadde hug til aa gruna yver gudelege ting. Kapellanen sa ein gong at den heilage Petrus bar paa lyklarne, for di han let upp porten til himmelen for dei sæle aanderne.

„Korleis daa?“ sa Ivo, „kvar sit han daa?“

„Attmed himmelporten.“

„Men so kann han slett ikkje koma i himmelen, naar han lyt sitja der og lata upp for dei andre?“

Kapellanen saag forbina paa Ivo og tagde eit bil; so smilte han og sa: „Det er nettupp himmelsæla for honom at han kann lata upp døri til den ævelege sæla for andre. Det er den høgste dygdi at ein arbeider for andre og gled seg yver at dei er sæle. Dette er det høge kallet som den heilage faren i Rom hev fenge, han som hev Petrus sine lyklar her paa jordi; og det same kallet hev dei fenge alle dei som er vigde av honom eller av bisparne hans.“

Dette tykte Ivo var rett nok, endaa han ikkje skyna det heilt; men det var likevel saart aa tenkja paa at den gode Petrus alltid laut staa attmed porten.

Ein dag la kapellanen ei tung byrda paa Ivo. Han talde skuleborni sine til at dei kvar dag skulde spyrja seg sjølv: kva hev du lært i dag, eller kva godt hev du gjort? Ivo tok det grant etter bokstaven og var ofte ille faren naar han ikkje kunde finna noko svar han var nøgd med. Han laag der og velte seg i sengi og var reint hugsprengd.

Kapellanen hadde skipa seg rett klokt i skulen sin. Han sette ikkje gutarne etter dugleiken, men etter som dei var idige og grannvare til. „Aa vera annsam og grannvar kann kvar og ein venja seg til,“ sa han. „Dei største

dygderne er dei som ein hev lært seg til, men emne og dugleik er medfødde naturgaavor." Soleis nøydde han dei emnelege gutarne til aa vera annsame, og dei som hadde mindre gaavor fekk mod og tiltru.

Ivo var ovende vár og idig, attaat at han hadde godt næme. Han vart soleis snart ein av dei fremste, og amtmannen saag gjerne at gutarne hans tok han med seg heim.

Ivo hadde ofte høyrt tale um at amtmannen Relling var so hard og streng. Han undra seg difor ikkje lite daa han raaka ein blid og godsleg mann som leika seg med borni og fann paa allslag som kunde vera til hugnad for dei. Men soleis er det ofte. Me raakar so mange som er frilynde nok, naar det gjeld aalmenningen, og vil at alle skal vera like; men heime er dei hardstyrarar og husbjørnar. Og samstundes ser me andre, helst embættsfolk, som ber seg aat liksom folk skulde vera berre trælar og farkar, naar dei ikkje høyrer til deira eige stand; men heime i sitt eige hus er dei ofte dei beste husfeder.

Ivo lika seg nok godt i Horb; men han tykte likevel det var saart kvar sundag, naar kveldsklokka let. Desse tonarne sa: i morgon er det maandag, daa lyt du paa nytt lag burt fraa heimen og fraa mori og Nazi og duvorne. Smaatt um senn lærde han seg til aa finna hugnad paa vegen der han gjekk kvar dag. Han gjekk alltid aaleine og vilde kje ha noko

lag med Konstantin; han var alltid so leid til aa erta han.

Um sumaren gjekk han jamt og song frametter vegen. Um hausten var det ei stor gleda for han at mor hans og systeri var i Horb nokre dagar og mol paa ei kvern der. Daa gjekk han ikkje til høkerkona; han heldt middag hjaa folket sitt i mylnarstova. — Men aller mest hugnad hadde han um vetteren. Nazi hadde sett ei gamall jarnspong under meidarne paa ein kjelke. So sette Ivo seg paa kjelken utpaa Hochbux og fór som ei pil undan bakken radt til Nechar-brui. Med' det soleis gjekk i susande floget, las han ofte upp utanboksleksa si for seg sjølv. Han laut nok draga kjelken med seg upp atter um kvelden, men det gjorde han gjerne, og ofte kom det ei vogn som han fekk hengja kjelken sin paa. Det var sjeldan nokon kjøyrar sa nei naar han bad um det.

Ivo var ærendsvein for halve torpet; han bar garn til fargaren for den eine, for den andre eit brev paa posthuset, for den tridje spurde han etter um det ikkje var kome noko brev til han. Paa heimvegen hadde han ofte traaddokkor og te og iglar i eit glas, hoffmannsdropar og alskyns andre ting i skuleskreppa si, slikt som folk hadde bede han taka med. Han var difor vel um-tykt i heile torpet. Peter og Konstantin var for store paa det til aa taka paa seg slike ærend.

Ein sundagetternon um hausten vart det stor stiring og glaning i torpet. Dei tvo amtmannsgutarne med dei raude huvorne sine kom og vitja Ivo. Mor Kristina saag ut gjenom glaset og høyrde gutarne spyrja Blinde-Konrad kvar Ivo budde. Alt i stova var vel skipa, men ho vart likevel fælt forstøkt. Ho tok til aa vøla og var so forasna og onnug at ho la skammelen i sengi, og eit par styvlar som stod i kraai sette ho heilt fram under bordet. So høyrde ho gutarne stampa upp troppi. Ho var heller bljug, men glad attaat, daa ho let upp døri for dei tvo unge „herrarne“ og baud dei velkomne. So ropa ho ut glaset til Emmerensa at ho skulde leita upp Ivo og faren, dei skulde koma heim paa timen, der var framandfolk. Ho turka av stolarne enno ein gong med det kvite sundagsfyreklædet sitt og bad gutarne setja seg. Ho orsaka seg for at der var so uskipa, „men so er det berre hjaa bondefolk,“ sa ho og saag bljugt ned i golvet, — det var reinskura, so ein kunde sjaa kvar ei gaara i fjølerne.

Blinde-Konrad let med det same upp døri og vilde vita kva som var tids og kann-henda faa ein drope av kaffien, for di han hadde synt dei tvo gutarne fram til huset; men mor Kristina skauv han berre ut att og sa: „Kom att ein annan gong.“

Den eldste av amtmanns-sønerne hadde medan sét seg ikring i stova og var ikkje det

slag forøven; so peika han burt mot stovedøri og sa: „Kvifor er den hestskoen paaspikra der?“

Mor Kristina la henderne aalvorsamt ihop og lutte med hovudet. „Det veit de ikkje?“ sa ho. „Jau det hev seg soleis: naar ein ved middagsbil millom elleve og tolv finn ein hestsko og tek han upp, so ingen ser det, og spikrar han yver døri, so kann ikkje noko vondt vette eller nokon devel og ingi trollkjering koma inn.“

Gutarne var forbina og gjorde store augo.

Daa kom Ivo og straks etter faren; han tok huva av seg og baud dei framande velkomne. „Men koss er det no, kona,“ sa han og gnika seg i henderne, „hev du ingenting i huset? Finn oss eitkvart aa bjoda paa.“

Mori hadde berre venta paa at ho kunde faa koma ut. So gjekk ho og fann fram det beste som i huset fanst. Emmerensa hadde vore so klok at ho hadde gjenge aat kjøken; ho tenkte dei kunde turva hjelp av henne, for Grete var ute og gjekk med kjærasten sin. Og so hadde ho nok den løynlege grunnen attaat, at ho vilde faa sjaa dei fin-fine venerne hans Ivo; for ho var òg glad for at han stod so høgt i æra.

Nokre grannekonor kom inn i kjøken, og var forvitne; men mor Kristina orsaka seg og gjekk ifraa dei og bar eit stort fat med raude eple inn aat stova. Emmerensa bar tvo glas med kirsebærvin paa ein tintallerk.

Gutarne maatte eta og drikka. Sidan fyllte mori lummorne deira med alda, og sistpaa gav ho den yngste endaa eit fagert eple og bad han „helsa til mor si og segja at ho skulde leggja det paa kommoden“.

So gjekk gutarne. Dei bad um Ivo maatte faa vera med dei, og Valentin nikka blidlege og sa ja. Mori vølte paa skjortekragen hans Ivo og strauk all dust og dumba av den blaae kjolen hans. Han høyrde at han snart skulde faa seg ein ny, det var han svært glad for.

Daa dei tri gutarne hadde gjenge, gjekk Kristina ut paa gata og saag etter dei, og dei konorne som hadde sta'e uti kjøken og venta var òg med ut. Valentin fylgde gutarne alt til vertshuset „Ørnen“. Lensmannskona saag ut gjenom vindauga, og Kristina ropa upp til henne: „Det er sønerne til amtmannen. Dei fekk Ivo med seg ut til far deira paa Schaffle*); han ser gjerne at dei er godvener med Ivo, for han er ein klok gut, og dei tykkjer gildt um han.“

Det er ikkje til aa negta for at Ivo òg var byrg, daa han gjekk der og leiddest med dei tvo gutarne burt gjenom landsbyen. Han var glad for at folk saag etter dei fraa vindaugo, og han tykte han var ikkje lite til kar daa han helsa „god dag“ upp til dei.

Gjestgjevaren helsa òg blidlege paa Ivo og

*) eit vertshus.

stod og gnika seg i henderne som visi hans var, rett som han skulde frjosa. Ivo fekk koma inn i „herreromet“ og fram aat bordet; der sat skattefuten og amtmannen.

Tvo kaupmenner stod i døri til dette herreromet og var noko uppraadde. „Ja kva skal me no drikka, herr raadmann?“ sa den eine.

„Kva De vil, herr raadmann,“ svara den andre.

No var ordet sagt. Baae desse mennerne var valde til raadmenner dagen fyrr; dei høyrde soleis til ved „herrebordet“ no. Dei nigja svært og fann seg sæte. Amtmannen saag paa embættsbroren sin og smilte speande.

Ivo tykte det var ovende gildt aa sitja i eit slikt lag; men han skulde snart faa ei skrapa for faafengdi si. Gutarne fortalde det dei hadde høyrt av mor hans um hestskoen og kva den skulde vera god for. Amtmannen synte seg gjerne fritenkjande naar det galdt gudelege emne, for dette var ikkje forbode nokon stad i logboki. So sa han: „Slikt vas! D'er berre vitlaus ovtru. Lat ikkje ei faavis bondekona narra dykk til aa tru slikt. Eg hev ofte sagt dykk at det finst korkje nokon devel eller heilagmenne“.

Ivo skalv der han sat paa stolen. Det skar han i hjarta at dei tala soleis um mor hans, og dertil so gudlaust. Han ynskte berre det aldri hadde kome slike vener til han. Han

fekk eit djupt hat til amtmannen og saag harmfullt paa han. Men det var ikkje likt til at amtmannen gaadde det. Han gjorde seg svært smaalaaten og blid for dei tvo nye raadmennerne, so dei sat der berre og gapte og var reint tryllte av slik godleik.

Ivo kjende seg ikkje i lag att fyrr alt herrefolket hadde gjenge, og han var so vond at han gledde seg for di han ikkje hadde sagt god natt til amtmannen.

VII.

Klostret.

Aari leid, so det var lite ein gaadde det. Konstantin og Peter hadde havt prøva um hausten og skulde no koma aat Rottweil-klostret. Men so hende det noko som kom til aa halda Peter heime i landsbyen.

Dei hadde slege haai i slottshagen, og kyrne gjekk der fritt paa beite. Borni flaug ikring alle stader med stavar og steinar og freista aa faa tak i dei epli og pærorne som hekk att her og der paa trei.

Peter sat uppi eit pæretre attmed slottsmuren og freista aa naa i ei gull-gul pæra;

men so vilde Konstantin lura ho ifraa han og kasta ein stein etter pæra. Daa sette Peter i og skreik: „Auga mitt, auga mitt!“ og stupte ned or treet. Blodet flaut or eine auga hans. Konstantin stod attmed han og gret og ropa etter hjelp.

Ein mann som var der og gjætte kyrne kom springande. Han saag guten som laag der og bløddе, og skunda seg og lyfte han upp og bar han heim. Konstantin gjekk etter, og alle dei andre borni fylgde med. Flokken vart større og større, alt til dei kom fram til huset hans Hans-Jørg. Han stod sjølv ute og vølte paa ei vogn, og daa han saag sonen sin blodutt og i uvit slo han henderne ihop yver hovudet. Daa saag Peter upp med det eine auga, men det andre heldt paa og bløddе verre og verre.

„Kven hev gjort deg dette?“ spurde Hans-Jørg og knytte neven og saag til ymsnes paa Konstantin og paa sonen som laag der og anka seg

„Eg datt ned or treet“, sa Peter og klemde att det friske auga, „aa Gud, aa Gud, auga mitt dett ut!“

Daa Konstantin høyrde dette, tok han paa fjukande spranget av stad til Horb etter saarlækjaren. Men han hadde gjenge ut, og Konstantin fór att og fram utanfor huset hans og var som fraa seg av rædsla. Han heldt seg heile tidi med den eine handi yver auga, liksom han rett vilde minna seg paa ulukka hans Peter; han

gret og stunde og beit seg i lipporne, so dei blødde. Han vilde røma sin veg som ein annan brotsmann, men likevel vilde han drygja og berga det som bergande var. So fekk han laant ein hest og sål, og endeleg kom dokteren og skunda seg og reid av stad; men Konstantin sprang endaa forare uppetter bakken og skaut mest ikkje anden. Dokteren sa at auga ikkje var til aa berga. Daa let Konstantin att baae augo; det var som han med eitt vart blind og myrke natti la seg yver han. Hans-Jørg saag framfyre seg og hadde taaror i augo. Han tok ulukka for ein Guds straffedom for ein ugjerning han sjølv ein gong hadde gjort; han var difor mild og kjærleg med den arme guten som maatte bøta so hardt for hans skuld. Men mori var ikkje so mjuklynd. Ho sa beint fram at det var Konstantin, den skarven, som hadde gjort det, og ho svor paa at ho skulde brjota halsen av paa han, dersom han kom innum døri der meir.

Peter stod fast paa det han hadde sagt um koss det hadde gjenge til; men Konstantin hadde det like vondt for det. Han fór ikring i marki som han skulde vera elt av eit vondt vette, og kvar gong han saag ein stein skalv det i bringa hans. „Kain, Kain!“ ropa han ofte og ynskte at han kunde røma ut i øydemarki, han òg; men han snudde alltid heim atter.

Tridje dagen etter vaaga han endeleg aa

lydast innum til Peter. Han gjorde seg mjuk og var budd paa at mori skulde slaa han; men det hadde gjeve seg med harmen hennar no, og ho gjorde han ingen ting.

Ivo sat attmed sengi hans Peter og heldt han i handi. Konstantin skauv han til side og treiv sjølv handi hans Peter. So sa han: „Gakk din veg, Ivo, eg vert verande her. Peter og eg hev noko aa tala med einannan um."

„Nei, lat han vera her," sa Peter; „Ivo kann faa vita alt."

„Aa, Peter," sa Konstantin, „i sjølve helvite kann ein ikkje ha det verre enn eg hev havt det. Eg hev ofte bede Vaarherre taka mitt auga og lata deg faa hava ditt; og naar eg hev vore aaleine hev eg alltid halde det eine auga att, eg vilde ikkje ha meir enn du. Aa, snilde gode Peter, du vil tilgjeva meg det, vil du ikkje?"

Konstantin gret saart, og Peter naudbad at han skulde vera roleg, elles kunde foreldri gaa det. Ivo freista òg aa trøysta den arme guten; men daa kom den gamle hugen snøgt upp atter hjaa Konstantin. „Gjev einkvar vilde slaa ut eit auga paa meg," sa han, „so slapp eg for aa verta prest og sitja og hukra attanfor bøkerne og rengja augo naar andre folk er glade. Ver du glad du hev berre eitt auga, so slepp du verta prest. Men venta berre, det kjem dag etter denne dagen òg."

Ivo la henderne ihop og saag sorgfullt paa Konstantin.

Det var sant at Peter no ikkje lenger kunde verta prest; for det stend skrive i tridje moseboki 22, 20: „Naar du kjem med eit offer til Herren, skal det vera heilt og lytelaust.“ Og ein prestemann maatte heller ikkje ha noko likamslyte.

Endaa i den siste stundi, daa vogni alt stod for døri og Konstantin sa farvel med Peter, sa han: „Eg skulde ynskja at vogni maatte velta, og at eg braut foten. Gud vere med deg Peter, og trega ikkje for mykje paa auga ditt.“

Ivo var sterkt teken av det som Konstantin hadde sagt; han skyna at det bar han hardt imot aa verta prest. Naar han gjekk aaleine paa vegen aat skulen, sa han ofte med seg sjølv: „Ver glad du hev berre eitt auga, du slepp daa for aa verta prest;“ og han heldt eit bil det eine auga att, og eit bil det andre, so han kunde verta viss paa at det ikkje stod soleis til med han sjølv. Han kunde slett ikkje skyna seg paa Konstantin; men han bad likevel for han i kyrkja ei tid frametter.

So kom den tidi daa Ivo hadde sta'e prøva si og skulde fara til klostret i Ehingen.

Heime hjaa foreldri skipa dei alt til aat han, rett som han skulde av og gifta seg. Eit bil var han glad for alle dei nye klædi han fekk; men tanken paa at han skulde fara burt

vart snart den sterkaste, og han kjende seg svært usæl. Han var likevel glad for at mori vilde vera med han paa vegen, og Nazi og blakken skulde òg vera med. Daa han hadde bede vel liva med kapellanen og felagarne og høkerkona i Horb, gjekk han kringum i landsbyen og sa farvel der; han tok til med dette alt tri dagar fyrr han skulde fara. Alle ynskte dei han av hjarta til lukka, for alle vilde han vel, og alle prisa foreldri lukkelege som hadde slik ein vén og gjæv son. Her og der fekk han ei gaava, ein lummeduk, eit par selar, ein pung, og jamvel nokre pengar; men d e i skjemdest han for aa taka imot, han tykte det gjekk han for nær, naar han hadde so rike foreldre. Men so tenkte han at prestarne laut taka imot gaavor, og han gledde seg barnslegt ved dei fine sylvpengarne. — Han var snarare ferdig med aa gaa kringum i landsbyen enn han hadde tenkt. Der han hadde sagt farvel, kom han ikkje att meir; for naar ein hev bede folk vel liva for lange tider, er det alltid leidt aa raaka dei att straks etterpaa; det er liksom ei djup kjensla vert skipla, eller som ein ikkje enno hev løyst ei skuld ein hev teke paa seg. Ivo vart difor verande heime mestsom ein fange; han stelte med duvorne sine og tok eit høgtidsamt velfare med dei og med alle dei fredelege staderne heime.

Kvelden fyrr han skulde fara gjekk han

burt til Emmerensa og vilde beda vel liva. Ho gav han noko i eit papir og sa: „Det skal du hava, det er ei av enderne mine.“ Ivo mælte ikkje noko imot, men ho heldt likevel ved: „Jau du skal taka det. Du var òg med og samla fôr aat ho. Tak ho berre. De kann eta ho paa vegen i morgon.“

Ivo stod og heldt den steikte andi i handi, og den andre rette han fram til Emmerensa og foreldri hennar, daa han skulde gaa. Han var tung i hugen daa han gjekk heim. Der-heime var det stor annsemd. Dei vilde taka i vegen klokka eit um natti, so dei kunde naa fram til Ehingen i god tid. Paa briki attmed omnen sat ein foreldrelaus gut fraa Ahldorf, han skulde til klostret, han òg; tyet hans laag attmed han i eit blaatt høgjend-vær. Ivo gløymde si eigi sut, daa han saag paa denne guten og tykte synd um han; — h a n hadde ingen til aa fylgja seg og laut lita berre paa seg sjølv og paa godt folk. Ivo vilde gjerne gjeva han ei trøyst, og so tok han og heldt andi burt for nasen hans og sa: „Sjaa den skal me ha til mat i morgon. Du likar nok eit laar eller eit stykke av brjostet, gjer du ikkje det?“ Han saag heilt fegjen ut daa han sa dette, og han vilde gjerne gjera framandguten trygg paa at han skulde faa sin lut av steiki; han sa difor: „Der hev du andi, du kann leggja ho i knytet ditt.“ Men mori

gav ikkje lov til dette, det kunde skjemma ut klædi.

Dei gjekk tidleg og la seg. Den framande guten — Bartel heitte han — laag i sengi hans Nazi; for Nazi sjølv skulde vera uppe og fôra hesten og sjaa etter at dei ikkje forsov seg.

Daa Ivo hadde lagt seg, kom mor hans endaa ein gong stillt gangande. Ho bar paa ei lampa og heldt handi for ljoset, so han ikkje skulde verta vekt av skinet. Men Ivo sov ikkje enno. Mori feste aaklædet varlege under kinni hans og strauk han yver hovudet med handi, og so sa ho: „Bed no rettelege, so sev du godt. God natt.“

Ivo gret saart daa mori var gjengi att. Som eit vårljos hadde ho kome, og han laag att i kolmyrkret. Det var som han alt hadde kome aat eit audt og framandt hus. So tenkte han paa at mori ikkje kom soleis til han den næste morgonen, og han snykta inn i sengklædi. Han tenkte paa Emmerensa og paa folket i torpet, han var so glad i dei alle, og han kunde ikkje tenkja seg koss dei vilde fara aat naar h a n ikkje var heime lenger, eller um alt daa kom til aa gaa som fyrr. Han tenkte seg at alle vilde sakna han, soleis som han sakna dei, og at det kom til aa verta eit likso stort skifte i livet for alle dei andre som det var for han sjølv, naar han reiste burt. Han gret for seg og for dei andre, og taarorne hans

rann i eino. Men sistpaa manna han seg upp og la henderne ihop og bad høgt og heitt, so det var som han trykte Gud og alle heilagmenne aat bringa si. So sovna han endeleg.

Daa Nazi kom med ljoset, slo Ivo ikring seg og blinka og vilde ikkje høyra noko um aa staa upp. Nazi tykte nok vondt um han, men han sa berre: „Ég kann ikkje hjelpa deg; no lyt du læra aa staa upp som folk byd deg.“

Ivo gjekk enno eit bil og raga i svevnørska kringum i stova og raadde ikkje rett med seg fyrr kaffien hadde kvika han upp.

Alle i huset var uppe, og Ivo bad velliva med systkeni sine. Bartel sat attmed Nazi paa framsætet; mori sat alt uppi vogni, og Josef, den eldste broren, heldt hesten i taumarne. So lyfte Valentin son` sin upp og kysste han; det var fyrste gongen i sitt liv han gjorde det. Ivo stridgret og slo armarne kring han, og ein kunde sjaa at faren òg var sterkt teken; men han tøymde seg, og so sette han Ivo upp paa vogni og gav han handi. „Gud vere med deg, Ivo, og ver ein snild gut,“ sa han og var brosten i maalet.

Mori sveipte kaapa aat faren kring Ivo og drog han inn til seg. So tok blakken i vegen, og fram gjekk det gjenom torpet. Der var stillt og myrkt, berre her og der brann det eit bleikljos hjaa einkvar som var sjuk, og døkke skuggar av dei som vakte sveiv yver vindaugo. Det

kom ikkje noko velfare fraa vener og kjenningar som budde innanfor dei stille murarne; berre vaktmannen heldt upp midt i ropet sitt og sa: »Lukka paa vegen.“

Mest ein heil time fór dei so frametter og høyrde ikkje anna enn hovslaget av hesten og skranglet av vogni. Ivo studde seg inn til mori og heldt armarne fast kring henne. Men med eitt reiv han seg ut or den varme kaapa og sa: „Du Bartel, hev du nokor kaapa yver deg?“

„Ja, Nazi gav meg hesteplagget.“

So la Ivo seg stillt inn til mori att og sovna, trøyt og full av sut som han var.

Vegen gjekk mest heile tidi gjenom skogen, fyrst til Mühringen og sidan gjenom Eiachdalen og Imnau. Ivo saag ikkje noko av alt dette. Han vakna ikkje fyrr dei fór uppetter Haigarlok-kleivi, og han kvakk daa han saag byen som laag der nedunder og var inneklemd millom stupbratte fjell; han tykte det var som eit under.

Det tok til aa dagast og kjendest kaldare eit bil; det er som natti tek seg paa tak i siste stundi og andar kaldt paa all skapningen. I Heckingen stogga dei i vertshuset, „Hesten“ heitte det. Ei ung gjenta stod i døri.

Ivo tenkte nok paa Emmerensa, for han sa: „Skal me eta andi no, mor?“

„Nei, me held dagverd i Gamertingen, der fær me oss supa attaat.“

Det var ein solbjart dag og fagert uppetter Killerdalen; Ivo kvikna til av dette og av alle dei skiftande ting dei saag, og daa han ein gong saag ein stor flokk fenad paa beite, sa han til Nazi: „Stell no godt med uksen min.“

„Det vert ikkje meir med aa stella med den; far din hev selt han til Buchmaier, og han vil henta han ein av dagarne og venja han til oket.“

Ivo visste altfor vel kva slag lagnad dyri jamnan fekk, han syrgde difor ikkje yver dette; han sa berre: „Hjaa Buchmaier fær han det godt, han er god med folk og fe, han kjem ikkje til aa fordriva han. Han spenner heller ikkje uksarne i tvi-oket, han lèt kvar ha sitt eige, det royner ikkje so paa, og daa kann dei daa leda seg.“

Soli var alt aat aa glada daa dei kom ned i Donaudalen. Nazi saag ut til aa vera svært i godlaget. Han rengde med hovudet og fortalde allslag loglege ting um Munderklingarane, eit folkeferd som budde der nær attmed; han fortalde det same um dei som ein elles fortel um Molboarne. Ivo stor-log og sa ein gong: „Gjev me kunde kjoyra soleis saman kringum i verdi eit helt aar.“

Men no vart det slutt med dette, for dei var framkomne til Ehingen.

Dei stogga i eit vertshus heitte „Druva“

ikkje langt fraa klostret. Med det same dei hadde sett seg ned attmed eit bord, ringde det til aftansong. Mori reiste seg upp og tok dei tvo gutarne med seg aat kyrkja.

Den katolske kyrkja hev ei stor magt med di at ho syner seg for augo alle stader. Kvar du gjeng og kvar du stoggar, so stend det alle stader høge tempel opne for trui og voni di; alle stader ligg kyrkjelyden paa kne og skodar med aahug upp til dei same heilagdomar og brukar dei same ord og teikn; alle stader er du saman med brørne og borni aat den same heilage synlege faren i Rom.

Den katolske trui med sin strenge heilskap og einskap syner deg alle stader sulor og haller som er borne av Guds namn, og i det huset som høyrer Gud til finn du alle stader ein heim og inngangen til det ævelege upphavet ditt.

So laag mor Kristina der framfyre altaret med dei tvo gutarne og bad av hjarta. Dei visste ikkje lenger at heimen deira var langt burte; Guds hand hadde her bygt upp ein sæl heimstad for ferdafolki.

So tok mori son' sin i den eine handi og den foreldrelause guten i den andre og gjekk til klostret med dei. Der var folk annsame alle stader og rende att og fram, og ein kunde sjaa klædebunadar fraa alle dei katolske bygder i landet

Attmed døri kom ein klostertenar og saag paa vitnemaal-brevi deira, og so vart dei synte inn til forstandaren. Det var ein gamall mann, og han saag gretten ut. Paa alt det som mor Kristina sa, svara han berre: „Vel, vel, rett nok.“ Han hadde havt so mykje aa lyda paa i dag, so ein kunde kje taka det ille upp um han var faaordig.

Ivo rykte mor si i stakken, og so bad ho um ho maatte faa hava sonen sin med seg paa vertshuset for i natt.

Um eit bil svara han: „For meg gjerne, men i morgon tidleg fyre kyrkjetid lyt han vera her.“

Bartel bad velfara med mor Kristina og bruka mange ord. Han var alt vel van med aa takka godt folk og kunde det so stødt som ei leksa. So fylgde han lydigt med klostertenaren.

Ivo hoppa og var glad for han enno fekk vera med mor si, og han tala med henne til langt paa natt.

Andre morgonen var det ein solbjart sundag. Alt ein time fyre gudstenesta gjekk Ivo og leiddest med mor si til klostret. Nazi kom etter og bar tyet hans og bundelen hans Bartel. Mori hjelpte Ivo med aa leggja tyet inn i eit skaap som stod reidugt, og ho talde alt upp aat han. Men ho saag seg heller sutefull ikring, daa ho vart var at det skulde bu tolv gutar saman der i stova.

Det ringde i klosterkyrkja. No skildest mori og sonen, for han laut slaa lag med dei andre gutarne.

Etter gudstenesta gjekk mori til reiddeigja; det var daa eit kvendfolk, og med henne var det betre aa tala. Ho bad henne gjeva Ivo ein bit mat imillom-aat; ho skulde gjerne forskylda det tvifeldt, sa ho.

Ivo fekk endaa fyre matmaalet lov til aa gaa til mor si paa vertshuset. Ho hadde slik umsut for guten at ho jamvel bad gjestgjevarkona at ho alltid maatte gjeva han det han vilde hava og skriva det vel upp, so skulde ho faa retteleg att for det. Gjestgjevarkona lova alt, endaa ho vel visste at ho ikkje kunde gjera noko for han. Ivo aat med god mathug daa dei kom til bords i klostret; han visste at han endaa hadde mor si hjaa seg. Men etterpaa gjekk han sorgfull attende til vertshuset; for no kom det tyngste velfaret. Han gjekk burt i stallen til Nazi, han stod der just og spende blakken fyre.

„Du Nazi," sa han, „vil du alltid vera meg ein god ven?"

„Det kann du sverja paa som paa vangelia", svara Nazi og la seletyet fram yver hovudet paa hesten. Han snudde seg ikkje, han vilde løyna kor teken han var.

---

reiddeigja, ei som stjornar med maten. forskylda, gjeva vederlag for.

„Og du vil helsa til alle som spor etter meg?“

„Ja, ja, visst skal eg det, syt berre ikkje for di du no lyt vera burte fraa heimen; d'er endaa godt aa tenkja paa at du hev folk heime som held av deg, og som du ikkje hev gjort noko ilt.“ Han kvævdest i maalet og vart turr i halsen.

Ivo gaadde ikkje noko til dette, og so sa han: „Og duvorne, dei gjev du ikkje burt fyrr eg kiem heim att?“

„Ikkje ei fjor skal koma burt. Men gakk no inn til mor di, for no maa me av stad, elles er morgondagen òg burtkasta. Ver berre glad og tak det ikkje for tungt; Ehingen er daa ikkje utanfor verdi. So fram, blakken!“ Han leidde hesten aat vogni, og Ivo gjekk inn til mori. Ho sat og gret so saart. Daa Ivo saag det, tøymde han sin eigen hugverk og sa: „Du skal ikkje klaga so, Ehingen er daa ikkje utanfor verdi, og til paaske kjem eg heim att, daa skal me vera glade, hei!“

Mori lutte seg ned yver guten og slo armarne kring han og kysste han. „Ver snild og god!“ var dei siste ordi ho hiksta fram. So steig ho upp i vogni, og blakken drog i, men han saag endaa ein gong attum seg, liksom han vilde segja farvel med Ivo, han òg. Nazi nikka endaa ein gong, og av stad fór dei.

Der stod Ivo etter og heldt ihop henderne

og hengde med hovudet. Daa han saag upp att med augo fulle av taaror og ikkje lenger kunde sjaa folket sitt, var det som han vart driven av ei trolldomsmagt; han sprang etter vogni til han kom utanfor byen. Daa saag han vogni rulla fram-etter vegen langt burte. Han stogga og snudde sidan attende til byen. Daa var det liksom alle folk var so glade; dei var heime hjaa seg sjølv, berre han var framand og sorgfull.

Men ut-paa vegen tok mori rosekransen i handi og bad: „Kjære heilage Guds mor! Du veit kva mor-kjærleik er, du hev kjent det i sorg og i gleda. Tak du sonen min i di verja, det er augnesteinen min. Og gjer eg ei synd med det at eg held so av han, so lat m e g faa bøta for det og ikkje han.“

Daa Ivo kom heim til klostret, laut han gaa aat kyrkja att med det same. Men han kjende ingen rett aahug denne gongen, han var utmødd, og hjarta skalv i han. Det var fyrste gongen han var i kyrkja og ikkje hugsa paa at han var der; han stod i andre tankar og song og lydde paa.

So tok dagarne til aa gaa, og alt var log-rett og strengt og utan umskifte. Naar me veit koss den eine dagen var, so veit me koss dei var alle.

a a h u g, hugvarme, andakt.

Gutarne sov i store salar, og ein underlærar hadde tilsyn med dei. Um morgonen klokka halvseks vart det ringt. Klostertenaren eller famulusen kom og kveikte i lampa, og no laut alle aat kyrkja og halda bøn. So heldt dei dagverd, alle i eit bordlag, og sidan sat dei med kvar sitt arbeid til klokka aatte. Daa tok sjølve skuletidi til. Sidan gjekk dei til bords att, og etter maalet hadde dei ein time kviletid, det vil segja, dei gjekk og reika og var under tilsyn. So var det nokre skuletimar, og etterpaa fekk gutarne lov til aa leika uti garden eit bil; men heller ikkje no var dei kvitt tilsynsmannen med det glogge auga. Han var til stadar midt i den „frie" leiken, og sjølve det tronge gardsromet var som eit bilæte paa at det her ingen fridom var. Ingen stad ein ubunden hugnad, og framfor alt, aldri fekk ein vera heilt for seg sjølv og aaleine.

Heime hadde Ivo vore som den beste skatten i heile huslyden. Naar han sat i stova med bokerne sine, gjætte mori vèl paa at det ikkje var noko staak nær han, og det var knapt det fekk koma nokon inn i stova; det var som der sat eit heilagmenne og gjorde løynlege underverk. Men her, naar dei gjekk til arbeids att etter kveldsmaalet, var det snart ein, snart ein annan som røyvde paa seg eller

kviskra. Ivo kunde kje lata vera aa lyda etter, og det gjekk dauvlege med arbeidet.

Den som hev røynt den løynlege magti som kann fylla saali, naar ho speglar seg aaleine i sine eigne tankar, eller tek imot framande tankar, — og den som hev kjent det ljodlause aandelege samkvæmet som veks fram naar det er stillt, liksom naar blomen opnar seg stillt og ljodlaust, — han vil skyna kor vondt det var for Ivo at han no slett ikkje fekk vera aaleine meir. Han høyrde ikkje seg sjølv til lenger, han høyrde stødt med i eit samlag.

Klokka ni um kvelden ringde det til sambøn att, og so laut alle gaa til sengs.

No fyrsta fekk Ivo seg sjølv att, aa segja, og i tankarne var han heime hjaa folket sitt, til svevnen kom og breidde yver altsaman.

Ivo tykte han var som seld dei fyrste dagarne, for her var ingen stad nokon fri vilje lenger. Det var fyreskrifter og log, og tungt fekk han no røyna at logi var hard og ubøygjeleg.

Kvart eit kyrkjelag som er fast skipa og regelbunde, tek alt tidleg til aa stogga og øyda den frie viljen hjaa læresveinarne sine og trælbind dei med ubøygjelege loger i alt det dei gjer og alt dei tenkjer. Dette er ein fylgjerett skipnad. Men det høgste maalet for

---

fylgjerett, logisk. at det eine dreg det andre strengt efter seg.

uppsedingi er at me vert upplærde til aa gjera vaar skyldnad og til aa fylgja og lyda dei logerne som me finn i vaar eigen hug.

Ivo gjekk sutefull ikring, og det skulde ikkje meir enn eit hardt ord til, so fekk han taaror i augo. Dette gaadde nokre av gutarne, og so erte dei han paa alle maatar. Og so var der nokre uvyrdne og stygge sellar som var komne av laakt folk og lika seg godt her som dei fekk so god mat og ikkje hadde umsut for noko. Dei sette seg ofte til drøsa um allslag elgjelege ting ved bordet, so Ivo ikkje kunde høyra paa det; han reiste seg og aat ikkje ein bit.

Det kom vel med no at mori hadde havt umsut for han hjaa reiddeigja.

For mykje hardstyre fører alle stader til di at ein smyg seg undan, og at vaktmennerne ikkje kann taka det so strengt med refsingi. Mange av gutarne hadde funne paa allslag list og krokvegar, so dei kunde faa meir fridom, umfram at dei bruka dei raaderne som dei hadde teke i arv fraa fyrr. Ivo var ikkje med paa dette, og han var heller ikkje med naar dei av og til gjorde løynlege prettor og fantestykke med lærarane og tilsynsmennerne; han heldt seg still og for seg sjølv.

Det fyrste brevet til foreldri kann syna oss koss han hadde det no; det var stila soleis:

„Kjære foreldre og systken! Eg vilde ikkje

skriva fyrr eg var noko husvan her. Aa so mykje det hev hendt meg i desse tri vikorne! Eg tenkte eg skulde døy. Ja eg hadde visst sprunge heim atter, hadde eg ikkje skjemst. Eg tenkte ofte paa at det gjekk med meg som med Allgauarkui; ho aat ikkje fyrr ho hadde vant seg til den andre fenaden. Me fær god mat her og kjøt kvar dag so nær som um fredagen, og um sundagen fær me vin. Reiddeigja er svært god med meg; men til gjestgjevarkona i „Druva" torer eg ikkje gaa, for me maa ikkje gaa i vertshus. Ja dei held oss hardla strengt — -- me fær ikkje ein gong reika ikring aaleine naar me er ute i middagstidi ein halv time. Aa den som hadde vengjer og kunde fjuka til dykk! Best likar eg meg naar me gjeng og reikar utetter den vegen me kjøyrde paa daa me kom hit; der tenkjer eg paa den fagre framtidi — -- daa gjeng eg denne vegen naar fritidi kjem. Det er hardla kaldt her. Send meg ei ulltrøya, kjære mor, med grønt uppslag frampaa bringa. Eg frys mykje meir her enn daa eg gjekk til Horb; daa kunde eg gjera kva eg vilde, men her er eg reint bunden. Aa, hovudet mitt er ofte so tungt av graat, so eg tenkjer meg at eg vert sjuk. Du skal ikkje taka deg sorg for dette, kjære mor, det vert snart betre, og eg liver elles berre vel; men eg lyt letta hjarta mitt for deg. Eg skal so visst vera annsam og idig, so vil alt med Guds hjelp gaa godt. Eg

litar paa han og paa vaar frelsar og den heilage Guds-mori og paa alle heilagmenne; det er daa andre fyre meg som hev halde det ut. Ver difor vel nøgde og hald rett av kvarandre; for naar ein er burte fraa heimen, daa kjenner ein kor me skulde halda av kvarandre naar me er saman. No skulde eg visst aldri vera stridsam og misnøgd, og Grete skulde ikkje skjella meir paa meg. Liv no vel og helsa alle gode vener fraa meg. Eg er dykkar true son

Ivo Bock.

Etterskrift. Kjære mor! Det hev kome ein ny underlærar hit, det er Gregor, son til Kristen skræddar. Men han hev ikkje syster si med seg, han hev eit framande menneskje. Bed Kristen skræddar skriva til han, at han skal hugsa paa meg.

Kjære Nazi, eg helsar deg av hjarta, eg tenkjer rett ofte paa deg. Ein ser her mest berre svart Allgauar-fe, og naar eg ser ein bonde i arbeid paa marki, fær eg alltid hug til aa springa burt og hjelpa han. Matmeisteren vaar hev òg duvor, men han tyner dei alle um vetteren. - - Bartel er ikkje i same stova som eg; han er vel nøgd. han hev aldri havt det betre; men han hev heller ikkje slik god og snild mor og slik ein far som eg hev. Naar eg berre hadde ein god felage her — —

Me fær loyve til aa vitja folk um kveldarne;

det er mange som gjer det, men eg kjenner ingen her. Aa Gud, den som var heime i Nordstetten — —

Orsaka den stygge skrifti. Aa kunde eg berre vera hjaa dykk! Det ligg meg so mangt paa hjarta, men eg lyt slutta no, det ringjer til sengjetid. Tenk ofte paa meg!"

— Heime vart dei sterkt tekne av dette brevet. Mori gjøymde det i lumma og las det so mange gongjer at det sistpaa gjekk upp i molar. Ho saag ofte upp fraa bladet naar ho las; sonen hennar bruka ord som gjorde han liksom so framand for henne. Men so tenkte ho paa at brevet var fraa ein som studera, og at presten òg tala soleis naar han preika. Det var like eins eit heilt bry med alle dei tankestriki der var; dei kunde tyda so mangt.

Nazi baud seg til aa springa alt til Ehingen ei natt og bera fram det som Ivo vilde faa, og fortelja han nytt heimantil.

Dei fekk henne Valborg, skræddaren, hit aat huset, og mori gav henne av den beste maten og drykken; ho tykte det var liksom dette kom den nye trøya til godes, og gong paa gong sa ho: „Spar ikkje paa nokon ting, det er aat Ivo'en min."

Det leid mot jol, og dei baka „eplebraud" aat Ivo; det var eit slag kakor som var ihopknoda med kirsebærvin og fyllte med skivor av pæror og eple og med neter. Dei la dei ned

i ein sekk saman med ei mengd med alda og nokre pengar og andre ting, og so tok Nazi i vegen seint ein kveld med sekken paa ryggen.

Ivo vilde mest ikkje tru sine eigne augo daa han var ute og gjekk ved middagstid andre dagen og saag drengen koma. Men so vitta Nazi til han, og Ivo sprang han til møtes og slo armarne kring halsen paa han. Mange av dei andre gutarne kom òg dit og stod ikring og saag forbina paa dei.

„Er det bror din, Bock?“ spurde ein av dei.

Ivo nikka, liksom han vilde segja ja; han vilde kje segja at Nazi var berre dreng.

„Daa maa far din vera ein utgamall bukk,“ sa ein av gutarne. Alle log. Men Klemens Bauer, det var ein gut fraa Hohenlohe, sa: „Fy skamme dykk, ovundskraakor; de skulde heller vera glade for at han hev fenge ei gleda.“ Han sprang straks burt til tilsynsmannen og bad um Ivo maatte faa vera med Nazi heim aaleine, og det fekk han.

Ivo var glad, so det lyste av andlitet hans; her var daa ein god og rett-vis gut, tenkte han, og det sveiv straks fyre han at han no — med Nazi si hjelp — skulde faa seg ein god ven her.

So gjekk han og leiddest med Nazi heim til klostret, og det vilde ikkje taka ende med gleda hans og alt det han hadde aa roda um. Og daa dei tok upp alt det som var i sekken,

ropa han høgt av gleda. Han la straks eit og anna til side aat Klemens, og han let like eins alle dei som budde i same stova som han faa kvar sin lut daa dei kom heim.

Nazi hadde eit brev med til Gregor hans Kristen skræddar. Ivo gjekk straks og bar det fram, og Gregor bad han koma oftare og tala med han um alt han hadde paa hjarta.

Um kvelden fekk Ivo gaa til Nazi paa vertshuset, og dei kunde aldri verta ferdige med alt det dei hadde aa tala um og spyrja um. Daa det ringde til nón, fylgde Nazi med alt aat klostret.

Daa Ivo gjekk uppetter klostertroppi var det som han vart boren uppe av ei hand og sveiv i lufti. Han kjende seg mykje meir heime her no; det var som heile Nordstetten hadde kome hit til han, daa dei hadde styrt den beste sendemannen hit. No hadde han ein verjar og ven her attaat, og alt saman hadde han den snilde gode Nazi aa takka.

Fraa den dagen vart livet hans lyft høgre upp av idigt arbeid og gleda og venskap. Mor hans let ikkje ein fugl fjuka framum, som ein segjer, utan ho gav han eitkvart med aat sonen sin. Og liksom det mest aldri vanta einkvar godbiten i skaapet hans, so hadde han stødt eikor gleda løynd i hjarta. Alt ikring han fekk som eit fagrare liv, og til dette hjelpte ikkje minst den uppmodingi han fekk av Klemens.

Dei tvo gutarne vart likevel ikkje so snøgt godvener som ein skulde ha tenkt; det maatte fyrst eit sers hende til. Men daa dei andre gutarne saag at Ivo stod høgt hjaa Gregor, underlæraren, let dei han vera i fred og gjorde seg jamvel umak med aa staa paa god fot med han.

Ei stor gleda hadde Ivo daa han fekk læra aa spela. Dei skipa eit orkester, so godt dei kunde, for kyrkjefestarne. Ivo bles i valdhornet og kom snart rett godt i lag med det.

Forstandaren vilde ein gong at gutarne skulde faa ein smak av livet heime i ein huslyd; dei livde elles som i eit hermanns-herbyge. So bad han til seg dei tolv fremste ein kveld. Ivo var ein av dei. Dei tok det som eit bod, og um kvelden kom dei stigande inn i rekkja og rad etter som sessarne deira stod i skulen, og bukka mange gongjer.

Forstandaren budde saman med den gam syster si. Det vart bode fram the, og gutarne tok bljuglege til seg.

Den gode gamle mannen var for lenge sidan avvand med huslivet. Han spurde ikkje gutarne um heimen deira og slikt noko; han tala med dei um bøker og lesnad. Berre ein gong daa han fortalde um eit løglegt hende fraa ungdomstidi si — korleis tvo blad i bibelen hans var ihopkleimde, so han ikkje visste aa finna utav det — torde gutarne knisa og læ litegrand. Men han drog straks den lærdomen ut av dette, at

naar d'er eitkvart i bibelen som ein ikkje skynar, so hev ein paa einkvar maaten fenge eit blad tilkleimt for seg.

Daa klokka ringde til ni sa han: „No er det kveldsbøn.“ Dei reiste seg alle upp og bad; so sa han godnatt, og gutarne kom seg av stad. Dei hadde nok ikkje fenge mykje av huslivet hjaa forstandaren.

So leid vetteren for Ivo. Han var ofte heller tung i hugen naar han saag byborni aka paa kjelke eller kasta snøball. Men daa snøen braadna og dei fyrste livsteikni ovra seg i naturi, daa bivra hjarta hans med i den livsstraumen som gav jordi nytt liv, og det dreiv han ut i den frie solbjarte heimen.

VIII.

Fritidi.

Alt nokre vikor fyre paaskehelgi var det ingen av gutarne som rett hadde tankarne sine samla paa lesingi. Alle hoppa og sprang naar dei tenkte paa at dei skulde faa reisa heim.

Ivo og Klemens gjekk ofte og reika hand i hand og fortalde einannan um kvar sin heim. Klemens var son til ein skrivar. Han hadde

ikkje havt nokon rett barneheim, av di far hans alt tri gongjer hadde fenge embætte paa ein framand stad.

Kvelden fyre fritidi byrja hadde dei det annsamt i alle stovorne; dei pakka ned tyet sitt, so det var som dei skulde ut i hertenesta.

Um morgonen laut alle gutarne gaa i kyrkja; men kor høgt dei song, so tenkte dei mest paa den jordiske heimen sin og lengta meir til den enn til den himmelske.

Ivo bad hjarteleg velliva med Klemens. So tok han i vegen og gjekk i fyrste laget berre seint, liksom kloke kjøyrefolk gjer, endaa han kjende seg so sterkt driven til aa skunda seg. Bartel fylgde han og skulde vitja ei farsyster. Han var ein trøyttesam fylgjesmann, for han vilde stogga alt i eitt og lydast innum alle stader. I Untermarchthal skildest dei. Der var Ivo so heppen at han raaka tvo jødar fraa Nordstetten som var av paa hestehandel. Baade dei og Ivo var glade for at dei hadde raakast. Dei skulde just til aa fara, og Ivo fekk kjøyra nokre mil med dei. Han spurde etter um alt det som hadde hendt heime og fekk høyra um fødsla og giftarmaal og daude. Desse tri — tenkte han — var parcerne i livet, og so hermde han stillt med seg sjølv dette skuleverset: Clotho colum retinet et Lachesis net, et Atropos occat.*)

*) „Clotho held rokken, og Lachesis spinn, og Atropos skjer av.“ I den gamle hellenske gudelæra er det desse tri gudekvende eller parcer som raader for livet og lagnaden.

Naar det gjekk imote bakken tok dei tri handelsmennerne bønereimarne sine upp or ein liten pung og la dei kring enne og arm; so las dei ei lang morgonbøn or smaa bøker. Daa Ivo saag eimen av anden deira med' dei bad, laut han likna 'n ihop med røykofferet i bibelen; for han hadde vyrdnad for kvar ei tru og mest for jødetrui som var so gamall og æreverdug. Han saag burt i boki til sidemannen sin og var glad for at han kunde lesa hebraisk, han òg. Mannen nikka stillt og venlegt til han.

Ivo laut undra seg paa kor dugande desse mennerne var til aa lesa hebraisk; dei las det snøggare enn forstandaren sjølv.

Han takka hjarteleg for seg, daa han steig ned av vogni og dei skulde skiljast. No skulde han gaa resten av vegen; men han laut lova fylgjesmennerne sine at han ikkje skulde gaa heilt heim den dagen; han kunde daa snart fortaka seg og verta sjuk. So gjekk han i make frametter og prisa Nordstetten, for alle folk der var so gode, baade kristefolk og jødar, alle saman.

Men kor mykje han so tenkte paa heimen sin, so gav han likevel gaum etter alt han saag, og gjorde seg sine tankar um det. Naar han saag kyrkjetaarnet i eit torp eit langt stykke ifraa, tenkte han: „Det er daa fagert at kyrkja alltid er det fyrste ein ser av landsbyen; daa veit ein med det same at der bur kristefolk i

ein krins, og det fagraste og beste huset deira høyrer Gud til.“ Ein annan gong tenkte han: „So gildt som det er at aldetrei stend soleis rundt kvart eit torp; dei er menneskje sine beste vener. Fyrst kjem menneskje, so féet, so aldetrei; dei treng òg hjelp av mannen, han lyt ympa og kvista dei og halda dei fri for makk. De'r daa underlegt! Der rundt ikring er der gras og smaavokstrar, og braatt so renn det eit stort tre upp i lufti, og alle greiner blømer.

So fager er Guds jord aa sjaa
og hugnadsam aa liva paa.
So lenge som eg her er til
eg meg ved jordi gleda vil.

Ivo vart standande. Det som syner fram Guds storleik og allmagt hadde late seg upp for han.

Men um han var nogd og glad med seg sjølv, so kunde han likevel slaa lag med einkvar ferdamannen som gjekk same vegen. Alle fekk straks tiltru til han; for der var noko so godt ved andlitet hans og fylgde ein god-tokke med han. Og han var reint sæl. for di det alle stader var berre gode og venlege folk.

— Det var kveld daa ferdamannen vaar kom til Hechingen. Daa var det berre nokre mil att heim til Nordstetten. Han kjende seg ikkje vidare trøytt og kunde gjerne ha gjenge

heile natti; men han hugsa det han hadde lova, og so vilde han helst koma heim med ljose dagen. „Det var myrkt daa eg fór heiman, ljost er det daa eg kjem att," sa han, daa han hadde gjenge inn i eit herbyrge og sat attmed eit bord. Han var endaa so narrevoren at han ynskte huset til foreldri hans hadde sta'e i hin enden paa torpet; daa kunde han gjenge fram millom alle husi med den grøne studentskreppa si og folk fenge noko aa stira paa.

Soli hadde alt lenge skine med full glans, daa Ivo vakna um morgonen. Det var nok gildare aa vakna upp soleis enn aa vakna i skinet av klosterlampa. Det var ein fager dag, rett ein glededag for fuglarne i lufti og blomarne paa tréi.

Ivo ynskte berre han hadde havt vengjer han òg, og han let kaapa si flagra i vinden. Han gjekk fort frametter vegen; men so stogga han med eitt og sette seg paa ei rein og sa fram dessi ordi av andre Moseboki 3. 5.: „Drag av deg skorne dine, for den staden du stend paa er heilag grunn," — og hadde so av seg paa føterne. So sprang han i vegen som ein uskodd fole. No fyrsta gjekk det rett heimleies. Men han gaadde snart at han hadde gløymt aa gaa berrføtt, alt med han hadde vore i klostret. Det gjorde so vondt at han gjekk berre og klemde munnen ihop. Han laut dra' paa seg att og tenkte med det same paa det fagre

12te verset i den 91de salmen: „Herren skal senda sin engel fyre deg, at du ikkje skal støyta foten din paa nokon stein."

I Haigerloch kaupte han tvo hardsteikte fastekringlor, den eine til mor si, den andre til Emmerensa. „Ho hev daa gjeve deg andi," sa han og orsaka seg med dette for prestesamvitet sitt. Han fylgde allmannvegen heile tidi; han var rædd han elles kunde koma paa villstraa, ør av gleda som han var, og han vilde gjerne vera fulltrygg.

Di nærare heimen han kom, di meir ljost vart det for han, og han lyfte armarne i still sæla. Men stundom ottast han for at han slett ikkje skulde koma heim, gleda var for stor, ho kunde gjera han magtlaus, eller han kunde koma ut for ei ulukka paa vegen. Han laut setja seg ned av og til og styrkja seg.

Aa den heimen! Du heilage, elskelege stad. Der slær aadrarne, der bankar hjarto; der er grunnen og røterne for tilværet, og daarande andedrag gustar rundt ikring. Barndomstidi møter deg kvar du gjeng, og augo som for lenge sidan er attlatne ser ned paa deg. Ver velsigna du stille heim.

Ikkje langt fraa garden hans Buchmaier saag Ivo den svartsidutte uksen som faren hadde selt; han gjekk og drog plogen paa aakeren. Ivo sprang straks burt og spurde drengen um der var noko tak i uksen, og han var glad daa

han høyrde at drengen let vel yver 'n. Men det var ikkje likt til at uksen kjende Ivo att; han bøygde hovudet under oket og saag ned mot jordi. Ivo vilde gjerne gjeve han eitkvart, han hadde so nær halde ei kringla burt for munnen paa han; men han blygdest for det og gjekk sin veg.

Attmed leirverket raaka han Peter hans Hans-Jørg, han som hadde mist det eine auga. Han gav Ivo handi og saag sorgfull ut. „Konstantin kom alt igaar," sa han.

So gjekk Ivo lenger, og alle dei han raaka baud han velkomen. Alt som hadde liv og alt som stod der kyrrt og stillt saag so heimslegt paa han; kvart eit gjerde og kvar bordstopul fortalde gamle sogor aat han. Og daa han saag huset heime, bivra det i han, og han fekk gledetaaror i augo.

Emmerensa sat under natetreet og saag til barnet aat skulemeisteren. Daa ho saag kven det var som kom, gjekk ho han ikkje til møtes; ho sprang inn og ropa: „Ivo kjem, Ivo kjem!"

Mori stod attmed vaskestampen; ho skunda seg ned troppi og turka henderne paa fyreklædet og slo armarne kring sonen. Og faren og Grete og brørne, alle kom dei og var glade. Mori heldt enno armen kring Ivo og bar han mest inn i huset.

No kom Emmerensa og. „Eg visste du vilde koma i dag; Konstantin kom alt igaar. —

Du gudmor, eg var den fyrste som saag han, var eg ikkje?" sa ho og saag burt paa mori og var so glad.

Sist av alle kom Nazi. „Gud sign deg," helsa han paa sin hjartelege maate: so hjelpte han Ivo av med skorne og gav han eit par toflor.

Ivo tykte nok at stova her heime var heller laag no, daa han var van med dei høge romi i klostret. Han rette seg upp alt han vann og freista aa naa upp i loftet med handi; men det var likevel for høgt for han, endaa han hadde vakse svært sidan sist.

Mori skunda seg og koka supa og steikte ei pannekaka aat Ivo. Han gav henne den eine kringla og gjekk sidan burt til Nazi i stallen. Fenaden kjende honom att, serleg Allgauar-kui; ho snudde hovudet imot han og lika seg, daa han klaadde ho millom horni.

„Hev du ikkje noko med aat meg?" spurde Nazi og smilte. Ivo tok ned i lumma og gav han den andre kringla og sa ikkje noko. Han vart no fri for den tvilen han hadde gjort seg, um det var rett aa gjeva Emmerensa noko. Men daa han kom attende aat kjøken, høyrde han henne segja: „Du gudmor, kva fær eg no i løn for bodi eg kom med?"

„Du kann faa den kringla han gav meg. Du hev vel ikkje noko imot det, Ivo? Eg tek det for det same som at eg sjølv hev note godt

av kringla, men eg kann ikkje lenger so godt tyggja ho.“

Ivo gav henne gjerne lov til dette. No hadde Emmerensa òg noko ifraa han. Men han lika ikkje at ho straks etterpaa laut gjeva barnet, den skrikarungen, eine helvti. Han var arg paa denne ungen som alt var so stor, men endaa laut Emmerensa stødt dragsa ikring med han, so det ofte saag ut som ho snart skulde missa jamvegti og stupa ikoll.

„Du gjer ei synd, Emmerensa, baade paa deg og paa barnet, naar du tek det paa armen,“ sa han ein gong og gjorde seg aalvorleg. „Barnet hev sterke føter, det kann gaa og maa læra aa gaa, og du slit deg reint krokutt.“

Ho sette barnet ned med det same. Det skreik og skreik, men ho tok det ikkje paa armen meir. Ivo var daa no ein ung prestemann, og han hadde sagt det var synd.

Dette var elles den einaste gongen i heile fritidi at han synte han vilde henne vel. So mykje trudde han at han kunde forsvara for sitt eige samvit, men ikkje meir. Ho saag ofte langlege paa han, naar han slett ikkje vilde bry seg um henne. Berre ein gong i ei god stund spurde han; „Kvar hev du gjort av katten din?“

„Aa tenk berre, han Kaspar, kjelbøtaren, stal han og flaadde det fine svarte skinnet av han og aat han upp.“

Um etternon gjorde mange i landsbyen stor æra paa Ivo; dei kom og baud han velkomen. Han vilde gjerne tala med dei alle, og det gjorde honom so godt at alle kom og gav han handi og let vel yver at han saag so godt ut. Det var ikkje berre faafengdi som fekk andlitet hans til aa lysa; det var noko høgre; han kjende so stor ein hugnad ved det at alle gledde seg so for hans skuld. Det som han innst inne hadde stræva etter naadde han no paa ein so god maate.

So heimslegt som det var for Ivo um kvelden daa han laag i sengi her i stova att, og mori kom og breidde yver han!

Kvit jol, grøn paaske, det slo til dette aaret. Dagen etter var det paaskedag. Det var som alt var tvifelt ljost og grønt den dagen. Ivo stod under natetreet liksom fyrr; det hadde fint brunlegt lauv som endaa liksom ottast for aa koma rett fram or knopparne. Han hadde hugnad av aa sjaa paa duvorne sine som fyrr, men han song ikkje no lenger; det samde seg ikkje for han.

Etter aftansongen tek han i vegen og vilde gaa til Horb. Daa saag han ein flokk med konor som sat der attmed ein hage. Dei reiste seg alle upp, daa Ivo helsa paa dei, og ei av dei kom burt til han; ho turka seg vel paa fyreklædet og rette so handi til han. Me kjen-

ner henne nok, endaa ho hev eldst svært no; det er mor Maria.

„Gud sign deg, Ivo," sa ho, „so stor som du hev vorte! Eg segjer ikkje De til deg fyrr du er komen paa presteskulen i Rottenburg."

„De kann segja „du" alltid, mor," sa Ivo.

„Nei nei, det er ikkje raad."

No kom dei andre konorne òg hit og saag paa det unge prest-emnet, men ingen av dei sa eit ord, slik age hadde dei for han.

„Koss gjeng det gutarne dine i Amerika?" spurde Ivo.

„Det var snildt av deg at du hugsar dei. Aloys hev nys skrive til meg no att. Du veit han er alt for lenge sidan gift med Mechtild, henne som du vel kjenner, dotter til Mattis paa Berg; dei hev alt tvo born. Den som kunde faa sjaa dei berre ein einaste Guds gong! Ein er som halvdaud, naar ein er so langt ifraa einannan. Eg lyt sjaa borni til Mattis og til Aloys; og den andre sonarkona, ho amerikanska, kjenner eg slett ikkje. Gutarne mine skriv jamt og stødt at eg skal koma og koma; ja, naar det ikkje var so skræmeleg langt til Amerika. Dei vil henta meg i Havre de Grace, og er det Gud sin vilje, so tek eg av stad etter kvitsunhelgi, eg fyl dei som reiser til Amerika fraa Rexingen. Naar Vaarherre vil taka meg til seg, so veit han alltid aa finna meg kvar helst eg er. Er det ikkje sant, du?"

Ivo nikka og jatta med. So tok mor Maria eit samanlagt papir upp or lumma og sa: „Sjaa her, dette er det nyaste brevet. Du gjer ei sælebot, er so du vil vera med meg inn og lesa det endaa ein gong for meg; eg er ikkje sjølv brevsynt. Skulemeisteren er leid av det, og jøde-skulemeistren hev òg alt lese det tri gongjer for meg. Men der er eit ord i det som ingen av dei kann stava seg til; men du hev studera og kann det visst.“

Ivo fylgde Maria inn i stova. Dei andre konorne fylgde òg med inn og var fyrst noko rædde av seg; men sidan trudde dei seg betre til og sette seg og lydde etter daa Ivo las:

„Nordstetten i Amerika attmed Ohio-elvi,
den 18de oktober 18—

Kjære mor! Du veit ikkje no koss det gjeng meg, eg vil daa skriva til deg. Eg hev fraa fyrst av slett ikkje skrive um kor hardt det hev vore for meg; det er no med Guds hjelp yversta'e. Eg tenkte, kvifor skal mor mi òg syrgja, ho kann so ikkje hjelpa deg likevel; so hev eg bite alt i meg og blistra og arbeidt dugeleg.“

Ivo stogga litegrand, det saag ut som han tok seg dette til lærdom; so heldt han ved:

„No er alt i stand; det er ingen smaating naar ein skal byggja seg eit hus og pløgja upp

brevsynt, som kann lesa skrift.

aakrarne for fyrste gongen og ikkje hev hjelp eller raad av noko menneskje. Men no er det finare hjaa meg hell hjaa Buchmaier. Det hev kosta arm-feitt, men me er med helsa, og det er det beste. Mange av landsmennerne vaare er her og hev det verre enn heime og lyt liggja paa gata. Ein kjem her ut for mange snytarar naar ein kjem i land; dei drøser folk rundt, til ein ikkje hev ein skilling att i lumma, og so — burte er dei. Det finst skrymtarar baade heime og ute. Ferdi yver havet reinskar magen, men ikkje saali. Eimbaats-innskrivaren i Mainz gav oss ei god raad, han styrde oss til eit samlag av ærlege folk, berre tyskarar, som synte oss veg og stig for ingen ting og rettleidde oss paa beste maaten. Ingen av oss hev kome burt. Seg til alle som vil fara hit at dei skal ikkje lita paa nokon annan enn den mannen og rettleidingi hans. I fyrstningi, daa eg hadde gjenge ifraa føraren min eit bil og gjekk aaleine kringum i Ny-york til dess Mattis kom, daa tykte eg ofte det var som eg gjekk millom berre féet. Gud forlate meg, dei var daa menneskje dei òg, men dei labbelendska so med kvarandre, plent som han fransmannen heime, han talar òg dirbe-darbe. Men det var engelskt dei tala. No kann eg òg litegrand av det, det er ofte skilleg som tyskt; men ein lyt setja munnen

skrymtar, hyklar.

paa tverke liksom naar ein for-bit seg paa ein eplekart.

No maa eg fortelja deg noko anna. Ser du eg hev skrive Nordstetten her uppyver? Ja so er det, og so skal det vera. Eg hev sett upp ei stong med ei tavla paa, eit lite stykke fraa huset mitt, og paa den hev eg skrive med store bokstavar: Nordstetten. Det kjem snart fleire folk og set seg til bunar her, og so held dei fast paa namnet. Sidan byggjer me ei kyrkja, just som den der-heime; eg hev alt tufti, rett midtfyre løda, me kallar ho alt kyrkjebakken. So fær me oss ein prest heimantil. Aakrarne mine hev òg alle namn etter dei heime. Eg og Mechtild me sit ofte um kveldarne og talar um korleis dette ein gong skal sjaa ut. Liver me ikkje til me fær sjaa det, so liver borni og borneborni vaare, og eg er daa upphavsmannen til alt. Vilde no ein av studentarne fraa Nordstetten koma hit og vera prest, so skulde han faa det godt; men han laut arbeida ute paa marki, han og. Me vèl oss presten sjølve her, me tek den me likar og lèt ikkje kyrkjeraadet tvinga nokon paa oss, her er alle jamgode, og dei er som me andre, berre at dei hev prestelæra og er vigde.

Svalorne hev alt bygt reir paa huset mitt. Siste hausten batt eg ein setel paa ei av dei og skreiv: „Gud sign' til alle heime“ og sette namnet mitt under. Eg tosken tenkte ho skulde

fjuka til Nordstetten. So kom ho att, og daa stod det paa ein setel: Χαιρε, men eg hev ikkje enno fenge spyrja nokon kva det tyder."

„Men kanskje du Ivo veit kva det skal vera?" spurde Maria.

„Ja daa, det er „chaire", det er græsk og tyder „ver helsa." ·

Konorne slo ihop henderne og var uppi under yver at han var so óvlærd.

„Kvar hadde daa svala vore um vetteren?"

„Ho hev vel vore hjaa eldlendingarne," sa Ivo, og so tok han til aa lesa att:

„Der heime visste eg ikkje at lerkorne syng so vent. Tenk berre, her i landet finst det ikkje lerkor og heller ikkje nattargalor; men her er mange andre vene fuglar, og her er fagre furor og eikjer og andre gilde tre som me fær det beste trevyrke av.

Me er alle med helsa, Gud vere lov; mat og drikka smakar oss godt, og me hev godt av det. Alle klædi me hadde med oss heimantil, hev me gjort romare. Det er godt at Mechtild hev lært aa sauma. Naar eg ét ein godbite, tenkjer eg: var no mor di her, so skulde ho faa beste luten, og so skulde eg segja: der, mor, no fær du ulysta deg, der er ein god bit; og det skulde visst smaka deg ovgodt hjaa meg.

Vesle Bastian trivst ovlege godt og hev enno aldri vanta noko paa helsa. Aa Gud! hadde vesle Maria livt enno, ho hadde vore

aarsgamall til mikjalsmess; ho var ein engel. Ho vart berre tri vikor gamall, men naar me ropa paa henne, so saag ho so klokt paa oss og kramsa etter augo. Til helgemess set me ein jarnkross paa gravi hennar. Aa du kjære frelsar! barnet er no i himmelen, og himmelen er det rette Amerika.

Eg lyt fortelja deg endaa meir um husstellet mitt; eg torer ikkje tenkja for mykje paa barnet, det gjeng meg so til hjarta. Eg segjer som presten sa: Herren gav, Herren tok, Herrens namn vere lova!

Naar no Gud berre vilde lata oss faa ha helsa hjaa einannan. Vaarherre hev alltid gjeve oss lukka med kroteri; me hev ikkje mist noko, alle er holdige og trivelege, og det er meg ein stor hugnad at fenaden her alltid hev nøgdi av fôr. Eg skal i mine livedagar ikkje gløyma kva fôrnaudi var for ein kross og ei ulukka den sumaren fyrr eg vart soldat, daa det mest ikkje beid straaet. Kann du hugsa korleis ein kjende det, naar ein stod upp um morgonen og ikkje hadde so mykje fôr at fenaden kunde faa fjorde-parten av det han turvte, og me laut sjaa paa korleis kjøtet kvarv burt fraa beini? Det gjorde meg so vondt at eg ofte hadde hug til aa røma min veg. Slikt eit dyr er bunde og kann ikkje tala og beda og lyt tola allslag medferd. Her gjeng fenaden paa beite mest heile aaret og hev alltid nøgdi, og det hev enno aldri hendt

meg at eg laut stinga noko naut for di det hadde foréte seg. Der heime som dei stend inne i fjoset heile aaret, ét dei so vombi sprekk, naar dei ein gong kjem paa ei kløvereng. Og som det gjeng med feet, so gjeng det med folket: dei lyt der-heime staa i fjoset, klavebundne av embættsmennerne, til dei fær so lange klauver at dei ikkje lenger kann springa; og naar dei ein gong slit seg eller vert utslepte, vert dei som ville og galne. Dette hev ein mann greidt so godt ut um paa folkemøtet. D'er gildt eit slikt folkemøte, kann du tru, mor, det er plent som naar ein er i kyrkja. Men nei, det er ikkje so heller, for her talar kvar ein som berre kann og vil, her er alle jamgode. Eg vil gjerne fortelja deg koss det er, men eg kann ikkje. Eg maa berre enno segja at han Mattis vaar er ein av dei hævaste talarane; det fer or munnen paa han som paa den beste presten. Dei hev alt valt han inn i krinsstyret, og han hev mykje aa segja der; Mattis Schorer er eit namn som dei hev vyrdnad for. Eg hev òg ein gong tala for folket. Hjarta banka nok noko i meg i fyrste laget; men sidan var det skilleg som naar eg rødde med deg, so fritt ut or livri. — Eg er no offiser ved nationalvernet, det same som dei kallar løytnant heime. Dei valde meg av di eg hadde vore soldat og skynar meg godt paa det. Me vèl oss her offiserar sjølve, her er allting fritt. Lensmannen i Nordstetten

han hev vore berre komdersjersant. Kom eg heim, so vilde eg likevel ikkje klæda meg som ein offiser; nei, eg er ein fri borgar, og det er meir enn offiser og general. Eg byter ikkje med nokon konge. Du mor, det er eit gildt land Amerika; arbeida lyt ein og det hardt; men so veit ein òg kvifor ein arbeider, og skattarne tek ikkje all rjomen. Eg bur paa min eigen gard, og der hev ingen keisar og ingen konge noko aa segja. — Men eg vil likevel ikkje telja nokon til aa koma hit. Det er ingen smaating aa vera so langt burte fraa heimen, um ein hev det aldri so godt. Stundom fær eg ein ank i meg, so eg skjemmest for meg sjølv, daa kunde eg ha hug til aa pakka saman og fara heim til Tyskland. Ein gong, so lenge eg enno hev eit auga aa sjaa med, lyt eg sjaa att det gamle landet. Eg kann ikkje fortelja koss det er med meg, men det er ofte so eg vert reint vonlaus og kunde ha hug til aa tuta som ein slottshund. Eg veit vel at det ikkje sømer seg for ein mann, men eg kann ikkje anna, og for deg tarv eg ikkje skjemmast. Eg trur helst det er berre lengting etter deg. Yver dei tusund gongjer hev eg sagt med meg sjølv: Naar no berre ho mor var her, den snilde mor mi, naar ho berre sat vel der paa benken, daa skulde du lika deg med dei store mjølkekjeraldi og med vesle Bastian og med den som no er i vente. Hev eg gjort deg noko imot, so forlat

meg det, d'er visst ikkje nokon som held so av deg som eg.

— Eg hev stogga og skote anden eit lite bil og skriv no meir. Det er daa ein god ting at me hev lært aa skriva og lesa, eg takkar deg mange gongjer at du heldt oss til det. Men du maa ikkje tru at eg er tung i hugen. Eg er nok aldri so lystug som fyrr i tidi; eg er eldre no og hev røynt mangt. Men stundom er eg so glad og so fegen for allting, so eg kunde blistra og syngja og dansa. Eg og Mechtild me er som tvo born, og guten vaar hev knokar so trauste og sterke som paa ein kalv, og kjøt som ein natekjerne.

No er det noko eg vil beda deg um, men du maa ikkje læ aat meg. Ser du, naar ein er soleis ute i den vide verdi og skal syngja for seg sjølv, daa fyrsta gaar ein at ein kann berre dei fyrste ordi av so mange visor, resten hev ein berre tralla med naar dei andre song; daa kunde ein gjerne slaa skolten inn paa seg for di det ikkje vil renna i hugen; men ein kann likevel ikkje faa tak i det. Soleis er det med so mange ting; ein trur ein kann det, til dess det ein gong heiter: no, gamling, gjer det no aaleine. -- No fær du ikkje læ aat meg, men eg vil beda deg um dette: lat den gamle skulemeisteren skriva upp alle dei gamle visorne i Nordstetten. Eg skal gjerne løna han godt for det. Gløym det ikkje, og send dei til meg, eller tak dei med naar du kjem.

So var det dette um at du skulde koma hit. Eg vil ikkje vera for traa til aa beda; Mattis vil skriva heim til deg um alt. Men var det raad . . nei eg vil ikkje beda. Ein mann som nys hev kome heimantil fraa Nordstetten fortel at Xaver gjeng til henne Grete hans Valentin, timbremannen; ho vert nok ikkje rædd for aa fylgja han yver havet. Det er no likt: Nordstetten her og Nordstetten der.

Send snart eit svar. Og no ynskjer eg av hjarta at du maa liva vel. Hugsa stundom paa meg. Mechtild og Bastian og verforeldri helsar deg hjartelege. Naar dei spør Bastian: kvar er den andre bestemor di? so segjer han: burt-i Schwarzwald. Dette hev han verfar lært han.

Eg er din trugne ven Aloys Schorer.

Dette er handi til vesle Bastian; eg hev teikna ho av, kjære mor, skilleg soleis som han la ho paa papiret, sidan det enno var rom til det."

Ivo skulde no lesa brevet fraa Mattis òg; men han lova han skulde gjera det ein annan gong. Mori fylgde han aat døri og takka og turka taarorne. So tok han i vegen att.

Utanfor landsbyen saag han Grete, syster si, gaa og fylgjast med Xaver ut-paa marki. No skyna han kvifor systeri alltid var so sær og misnøgd: faren vilde ikkje vita av at ho hadde nokon venskap med „Amerikanaren", som han kalla Xaver.

Ivo gjorde eit byks i lufti og riste av seg all preste-vyrdskapen. Han sprang og song som fyrr i tidi og hoppa paa steindungarne langs med vegen.

Han hadde vorte sterkt teken av brevet fraa Aloys. Han saag her ein mann som var lukkeleg med strengt arbeid og med aa vera ein mann for seg sjølv. Det var fyrste gongen det vart rett klaart for han korleis kroppsstyrken ligg ubruka naar ein gjeng skulevegen, og at det difor ofte er slik ein stingande uro i alle lemer; ein hev heller ikkje slik hugnad av aa vera trøytt som naar ein hev kroppsarbeid. Han tenkte paa at han vilde vera prest og bonde i Amerika; han vilde vitja syster si der og gaa fra gard til gard og vera

lærar for borni og faa folket i alle husi til aa tenkja paa Gud og sjaa upp mot himmelen.

Med mangslag tankar i hovudet kom han til Horb. Han tykte slett ikkje at byen var so fager no som fyrr og husi ikkje so store; han hadde sét det som gildare var no.

Kapellanen vart glad daa han saag læresveinen sin. Høkerkona laag sjuk i sengi, og daa ho fekk sjaa Ivo, sa ho: „D'er reint ei helsebot at du kjem." Amtmannssønerne var ikkje lenger i byen; far deira hadde fenge eit anna embætte.

Det var kveld daa Ivo kom heim att. Han raaka Konstantin inni landsbyen; han gjekk og leiddest med Peter, den einøygde, og hadde dei halvvaksne gutarne med seg, og dei fór syngjande burtetter gata. Han lærde dei nye visor og fortalde um allslag fantestykke han hadde gjort med lærarane i klostret; dette log dei alle svært aat. Ivo fylgde dei eit stykke, men daa dei kom framum stova til far hans, sa han god natt og gjekk inn.

Ivo var mykje aaleine frametter heile fritidi. Han gjekk og reika utpaa marki eller sat heime og lærde seg upp paa valdhornet. Mori talde ofte fyre han at han skulde gaa ut og ikkje stødt sitja og hukra inne. So var han stundom med den nye skulemeisteren ute og dreiv. Med Konstantin slo han ikkje lag, anna enn naar han ikkje kunde koma seg undan.

Det var noko han hadde fenge ein vond hugverk for; han saag at det ikkje var godt millom foreldri; det gjekk berre halvvegjes løynt. Fyrr hadde han ikkje gaatt noko til det; han hadde vakse upp her og ikkje sét noko anna og ikkje gaatt det som var i vegen. Sidan daa han var i klostret hadde han gjenge og drøymt seg alt der-heime som i eit Paradis der alt gleid fram i æveleg fred; alt hardt og umildt var gløymt, um han nokon gong hadde havt ein tanke um det. Daa han so kom heim att med nye røynslor og med denne draumen um at alt dér var so lytefritt, tykte han straks at mangt var skakt og sundrive, kann henda mykje meir enn det var. Han kom fraa eit hus der alt gjekk etter faste og ubrigdelege loger og fyreskrifter som ei klokka, og han skyna ikkje at det i heimen og huslyden — der kvar arbeider etter sitt eige tykkje for det heile — kunde leggjast lettare til med mangt eit ordkast og mang ei høgmælt avreidsla. Han var ikkje lenger van med det staakande husstyret og den høgmælte talen, og han undra seg paa tenestfolki. Men det var daa mest aatferdi aat faren som ofte fekk han til aa rista paa hovudet. Naar faren tala um at han tenkte paa aa byggja nye hus til sals, og mori ikkje sa noko um det, so ropa han: „Der hev me det att! Du bryr deg ikkje ein grand um det eg segjer; um det er ein hund som gjøyr eller eg talar, so er det deg det

same.“ Men sa ho noko imot, so vart han sær og sa: „D'er den gamle visa; det eg vil, er aldri rett for deg.“ Tok ho det daa lint og varlegt, liksom han skulde vera sjuk i hugen, og han gaadde det, so gav han seg til aa banna. Men var ho fast og traa og let seg ikkje lita med noko, so sa han: „Det veit Gud og kvar mann at du bryr deg ikkje um meg, du liver berre for borni dine; du saag vel helst at eg var daud.“ So sette han seg burt og vilde korkje eta eller drikka og mælte ikkje ordet, eller han gjekk paa vertshuset. Men han fekk seg ikkje mat der, han visste det vilde gjera kona hans vondt naar folk drøste um det; han gjekk heller svolten i seng.

Naar det hende slikt, gjekk Kristina der med usegjeleg hugverk og saag paa Ivo. Ho kunde sjaa at han syrgde, for di ho hadde det vondt, og ho stræva endaa meir enn fyrr med aa løyna altsaman og breida yver det. Dei andre borni var meir van med alt dette og ansa det ikkje.

Kristina skyna at ho maatte tala med Ivo um det. So sette ho seg ein kveld attmed sengi hans og sa: „Ser du, Ivo, far din er den mest rettvise mann som finst, men han hev eit veikt huglynde. Han er misnøgd med seg sjølv, av di han ofte fer gale aat og ikkje alt gjeng etter han hovud, og just daa vil han at alle skal vera vel nøgde med han. Naar han daa

ser at dei ikkje er det — og det er heller ikkje aa venta — so er han reint leid av seg; men eg kann for borni si skuld ikkje finna meg i at alt gjeng attyver. Eg for min part skulde gjerne eta det turre braudet i all mi tid; men for borni si skuld kann eg ikkje tola at me um fem aar kjem paa tiggarstigen og at dei vert skumpa hit og dit millom framande. Han held meir av meg enn av nokon i verdi, han gav gjerne siste blodsdropen for meg, og eg for honom like eins. Men han vil taka laan paa hus og gard og byggja hus til sals i lag med Koch snikkar, og eg skal skriva under; men det gjer eg ikkje, det skal ingen faa meg til; det kjem borni mine ved, og eg som er mori maa gjera det paa deira hand. Me er ikkje lenger rike folk, og fatigfolket skal heller ikkje lida for det, soleis hev det aldri vore hjaa oss, dei maa ha sine gaavor, um eg so skal spara det paa meg sjølv. Ja, Ivo, lat mor di segja deg det: korleis det gjeng, so gløym ikkje dei fatige. Kornet veks i bingen naar ein gjev av det, og Vaarherre signar braudet, so det mettar betre. Du held mykje av far din, Ivo, er det ikkje sant? Han er den beste mann i verdi. Du hev vyrdnad for han, hev du ikkje? Han er byrg av deg, endaa han ikkje segjer deg det; for det kann han ikkje. Paa vertshuset rosar alle folk deg so mykje, av di Gregor hans Kristen skræddar skriv so vel um deg. Naar

daa far din hev høyrt det og kjem heim, kann ein røyra han kring ein finger. Set deg berre fast fyre at du ikkje vil lata deg forvilla, og ver ikkje sorgfull. Det som ein set seg fast fyre, det kann ein òg, lita paa det.“

Ivo nikka og kysste mor si paa handi: men han var likevel tung i hugen: Paradiset her heime hadde ramla ned for han; berre mori sveiv enno som ein ljosengel yver det, og han sa ein gong laagt med seg sjølv: „D'er ikkje for inkje ho heiter Kristina; ho er som frelsaren, ho tek den tyngste krossen paa seg og smiler; ho vil inkje for seg sjølv, men alt for andre.“

Soleis bar det til at Ivo saag med mindre sut fram mot enden av fritidi, enn han hadde trutt daa han kom heim.

IX.

Venerne.

Den fyrste tidi etter Ivo var attkomen til klostret gjekk han og lengta heim att liksom fyrr. Han let ille paa seg sjølv for di han ikkje hadde havt den rette hugnaden av fritidi og vore uglad for mange ting som slett ikkje var

so galne som det syntest; men han hadde sett seg fyre at han vilde gjera som Aloys og ikkje gjera mor si nokor sorg med klagande brev.

Han hadde fyrr ikkje vant seg rett til det nye eller samværet med felagarne, av di han alltid hadde gjenge og tenkt paa heimen. Men no vart det annleis.

„Ein kann alt det ein rett vil, hev mor mi sagt; det skal vera ordtaket mitt.“

Ivo og Klemens hadde helsa hjartelege paa einannan med' dei andre gutarne var til stadar, og kvar og ein hadde mangt aa fortelja. Daa dei alle var ute i middagsstundi, heldt Ivo og Klemens seg etter dei andre, liksom dei skulde ha gjort ein løynleg avtale um det. Dei sette seg attanfor ein slaaperunne, so ingen saag dei; der tok dei einannan kring halsen og sa ikkje eit ord og kysste einannan hjartelege. Lerkorne song høgt og gledde seg uppi lufti, og blomarne paa busken bivra for ein mild vindgust. So gjekk dei ned paa vegen og fylgde etter dei andre; dei heldt enno armarne kring einannan, og gleda lyste ut or andlitet paa dei. Av alt det som rørde seg i bringa aat Ivo, sa han berre desse ordi høgt: „Stillt og heilagt“ og saag Klemens inn i augo. Dei tok einannan i handi og tagde; men so slo Klemens til Ivo og sprang ifraa han og burt til dei andre. Ivo skyna vel

---

s l a a p a, paa dansk slaaentorn, eit slag kluuger.

at dei maatte løyna venskapen sin for dei andre gutarne. So gav dei seg i lag med dei hine; men dei kom snart saman att og slo einannan paa læstsom og sprang etter einannan. So vart dei tvoeine att eit lite bil. Naar det daa saag ut som dei slost og reivst, trykte dei seg inn til einannan att, og so var det „kjære Ivo", „kjære Klemens" alt i eitt.

So uppfinnsam var alt denne unge venskapen som hadde sprotte ut so snøgt som ein knupp.

Fraa den tidi rørde det seg eit nytt sælt liv i hjarto hjaa dei tvo gutarne. Ivo hadde aldri fyrr havt nokon fullgod ven som var jamgamall med han sjølv, og Klemens hadde havt berre ei eldre syster aa halda seg til, med' dei hadde flutt fraa den eine staden til den andre.

Naar Ivo vakna um morgonen, saag han seg glad ikring og sa: „God morgon, Klemens," endaa Klemens laag i ei onnor stova. Han var ikkje lenger framand ute i verdi. Klostret var ikkje lenger ein tvangs-stad med harde loger. Han gjorde alt viljugt, for Klemens var med han. No turvte han ikkje lenger setja seg fyre at han skulde skriva glade brev heim. Heile livet hans var no som ein einaste høgstillt gledetone. Mor Kristina riste ofte paa hovudet naar ho las dei høgtfarande ordi hans.

Klemens hadde lese ei mengd med eventyr og bøker um riddarar, og no let han upp ein heil underfull tryllarhage for Ivo. Han

sjølv og Ivo skulde vera fortrolla kongssøner, og forstandaren var risen Goggolo. Ei tid frametter tala dei tvo venerne til kvarandre liksom alt dette skulde vera aalvor.

Den heimen av under og eventyr som freistar aa vera noko endaa meir enn livsens gaata og paa ein maate freistar aa tyda og greida ut um kvardagslivet, — alle desse leikande draumesyner i barnehugen hadde til dessar vore noko heilt ukjent for Ivo. Det som Nazi hadde fortalt, høyrde mest heime i mark og skog, og der var ikkje noko um underjordiske slott av gull og glimesteinar. Og undersogorne i trui hadde Ivo teke imot med barnsleg og truande hug; dei var alle so einfelde og aalvorsame. Men no let Klemens upp dei gylte portarne til hugleiksheimen for han, og dei gjekk der og sveiv hugnadslegt kringum i tryllarhagarne og i byarne under havet.

Den slaaperunnen dei hadde sete attmed heldt dei for aa vera det heilage venskapstreet. Kvar gong dei gjekk framum han, saag dei paa einannan og paa busken. Ivo sa ein gong: »Det er gjenge oss liksom Moses; han saag Jahve i tyrnerbusken som brann, men ikkje brann upp. Veit du kva Jahve-namnet tyder? „Eg er den eg vera skal“; det er futurum (framtid) av ordet „hava*)“. Me skal vera vener i futurum òg liksom no, skal me ikkje?“

*) hebræisk ord.

„No skal eg fortelja ei soga.“ svara Klemens. „Det var ein gong ei kongsdotter paa ei øy; ho heitte Slaapa og hadde so vene døkkblaae augo. Ho kunde ikkje tola nokon torn, den minste torn var henne ein torn i auga, og naar ho fekk sjaa ein, so ropa ho reint yver seg: „Eie meg, han sting meg so vondt, eg kjenner det alt i augo mine.“ Folket paa heile øyi laut daa skjera ned alt det som tornar hadde og grava det upp til den minste taagi. Daa kongsdotteri døydde la dei henne i gravi, og til straff for di ho ikkje kunde tola nokon torn, voks det tvo runnar med naaler paa upp or augo hennar; dei hev òg fagre og myrkblaae augo liksom kongsdotteri, ein kallar dei slaapa.“

Soleis enda Klemens soga si og smilte byrg. Ivo saag paa han med ljose augo. Ja det var fagert det Klemens fortalde. Som paa eit glimande perleband kom ordi i rad og rekkja etter einannan. Alt det som Klemens gjorde og sagde var vent, fagrare enn noko anna i verdi.

Dei tvo venerne hadde lova einannan at dei skulde verta rett store menner; det var Ivo som hadde funne paa dette. Og dei mana einannan no til aa vera annsame og trottige. Alt gjekk lett for dei, naar den eine arbeidde for di han vilde gleda den andre. Ivo var fraa denne tidi jamvel den fremste i skulen eit heilt aar frametter. Men Klemens let ofte hugleiken laupa av med seg. Han vart teken av alt han

saag og gløymde ofte det næraste. Naar lærarane spurde han eitkvart, vakna han ofte som or ein draum og svara burti villro.

Det løynlege sambandet deira kunde ikkje lenge vera dult for dei andre skulegutarne. Liksom gut og gjenta ofte trur seg trygge for folkeaugo, endaa elskhugen deira er synberr for alle, soleis gjekk det med desse tvo, og dei vart erte og hædde for venskapen sin. Men dette varde ikkje lenge, av di Ivo stod so høgt i skulen, og det var snart fleire som vilde vera med i venskapsringen deira. Men portarne var vél stengde. Det var mest Klemens som var gløgg til aa halda vakt, og daa drog dei andre seg undan. Bartel var den einaste som fekk vera med i sambandet deira; Ivo vilde ikkje segja nei daa guten kom der so audmjuk og bad um det. No kunde han halda seg til dei, naar dei var ute og gjekk, og naar dei var uti tunet og hagen. Bartel var ein idig og lærviljug gut, naar han fyrst hadde ete seg mett. Han stræva alt han orka, so han kunde verta rett dugande og faa sitja høgre uppe. Attaat at han heldt so av Ivo og Klemens, so var den vyrdnaden dei hadde i skulen òg ein grunn for han til aa freista aa verta til vens med dei. Men den inste heilagdomen av venskapen deira fekk Bartel aldri sleppa inn i; det vilkaaret hadde Klemens sett.

Daa dei tvo venerne hadde drøymt og leika i eventyrheimen, kom dei inn paa noko anna

som laag kvardagslivet nærare. Dei leita etter høge mynster for livet.

Det var ein gong dei var ute og gjekk paa ei lang fotferd til Blaubeuren. Uppaa eit høgt fjell der ein stad ser ein yver den fagre Blaudalen, og langt burte ser ein domkyrkja i Ulm og Donau-elvi. Der vilde Klemens at dei skulde segja einannan kven dei hadde funne til mynster. So sat dei tri gutarne daa utpaa fjellstupet og saag ut yver den endelause viddi.

„Kven er ditt mynster, Ivo?« spurde Klemens.

„Sixtus. Mor mi segjer alltid: ein kann alt, naar ein rett vil; det hev Sixtus synt."

„So vil du verta pave òg?"

„Er det raad, kvifor ikkje det?«

„Og eg," sa Klemens, „eg hev valt meg ein som er mykje mindre heilag. Mynstret mitt er Alexander den store." Han fekk ikkje segja kva han vilde likjast han i; for Bartel spurde med graatande maal:

„Kven skal daa eg taka meg til mynster?"

„Spør forstandaren," sa Klemens aalvorsamt og gjorde teikn til Ivo at han skulde tegja.

Bartel hugsa kva Klemens hadde sagt. Daa dei var komne heim att, gjekk han til forstandaren og banka paa og fekk koma inn.

„De lyt orsaka meg, herr forstandar, eg vil beda Dykk um rettleiding," sa han og stama

og skalv i maalet. „Eg vilde gjerne velja meg ein til mynster, men eg veit ikkje kven eg skal taka.“

Forstandaren stod og tagde eit bil; so rette han upp fingrarne og sa: „Gud“.

„Eg takkar so mange gongjer, herr forstandar,“ sa Bartel og bukka og gjekk att. So sprang han til dei tvo venerne sine og ropa: „No hev eg eit mynster, eg òg!“

„Kven daa?“

„Gud“, sa Bartel og rette upp fingrarne, han med.

„Kven hev raadt deg til det,“ sa Klemens ein grand skalkutt og rykte burt i Ivo.

„Forstandaren.“

Ivo ansa ikkje paa dei løynlege teikni hans Klemens. Han greidde ut for Bartel at ein ikkje so beintfram kunde taka Gud til mynster, av di ein aldri kunde verta allmegtig og allvitande. Gud var nok alltid det høgste endemaalet; men millom honom og oss var det heilagmenne, dei stod oss nærmare. Til dei kunde me lettare gaa med bønerne vaare, og naar det gjekk vel, kunde me verta som dei, me òg.

„Nei deg vil eg ikkje hava noko med, heilage Ivo,“ sa Klemens og var vond og gjekk sin veg. Han var arg for at Ivo alltid skipla kvar ein skjemt, og han tala ikkje eit ord med han, korkje um kvelden eller um morgonen etterpaa.

Bartel var paa mange maatar orsaki til at det vart usemja millom dei tvo venerne. Klemens hadde sett seg i hovudet at han ikkje lenger aatte venskapen hans Ivo heil og uskift, sidan Bartel hadde trengt seg inn. Han nytta kvart eit høve til aa halda liv i svartsykja si. Ein gong tala han ikkje med Ivo paa heile aatte dagar; han fylgde han berre med brennande augo alle stader. Siste kvelden kasta han ein setel burt paa boki til Ivo, og der stod det skrive: „I natt klokka tolv paa slaget kjem du aat kyrkjetaarnet, eller me er skilde til æveleg tid.“

Ivo laag og velte seg i sengi og var talma av hugverk. Han var rædd for at han kunde forsova seg og talde kvar ein fjordungtime. Daa klokka slo fyrste slaget til tolv, fór han ut or romet. Klemens kom med det same ut or den andre stova. Dei tagde baae og gjekk upp i taarnet. Daa den siste ljomen hadde stillna av, sa Klemens:

„Gjev meg handi paa det, at du vil slaa deg reint ifraa Bartel. Vil du ikkje, so kastar eg meg beint utfyre her.“

Det gjekk kaldt gjenom Ivo, og han treiv venen i handi.

„Ikkje eit ord! Ja eller nei!“ ropa Klemens og skar med tennerne.

„No daa, ja! Men eg tykkjer synd um den stakars guten. Du hev vore reint som ifraa deg i desse aatte dagarne“.

Klemens slo armarne kring Ivo og kysste han. So fór han ned troppi og tagde og gjekk inn i romet sitt att.

Dagen etter var Klemens som fyrr, kvik og mild. Naar det var ljos dag torde Ivo sidan aldri tala um det som hadde hendt den natti, og Bartel trøysta seg snart, um han var utestengd.

Med' Klemens soleis let seg leida av allslag underlege hugskot, kjende Ivo seg uroleg paa ein annan maate. Likamen hadde vakse forare enn aandi. Han var høg og breid yver akslerne, og naar han sat attmed bordet med bøkerne sine, fossa blodet ofte villt i han, so han fór upp i ofse og rette og strekte seg. Han hadde hug til aa taka noko tungt og lyfta det høgt i veret; og so baud det seg ikkje fram noko anna enn ei tung setning hjaa einkvar klassisk bokmannen. Gymnastiken dreiv dei berre so smaatt med, og Ivo hadde ingen rett hugnad av 'n. Han vilde g j e r a eitkvart, han vilde fullføra eit rett arbeid. Naar han gjekk ute og fylgdest med Klemens, klaga han ofte yver at han ikkje fekk pløgja eller skjera. Han var van med kroppsarbeid heilt fraa barnedagarne. Sidan hadde han havt den lange vegen aa gaa til latinskulen i Horb, og dette hadde kome i staden for arbeidet med armarne. Men no kjende han seg som ein rise som hadde fenge ei naal i handi i staden for ei klubba.

Ein gong sa han til Klemens: „Det er

so leidt at eg ikkje kann vera rett samd med bibelen; der stend at d'er den største straffi for ervesyndi at mannen skal eta sitt brød med sveitten i andlitet. At ein rett maa arbeida, det er just den største hugnad."

„Aa kva kjem det gamle testamentet deg ved?" svara Klemens. „Det var for jødarne, og aat dei høvde det; d e i tykte arbeidet var den argaste krossen."

Det var underlegt at Klemens av seg sjølv fann dette knipet som teologarne jamt brukar, naar dei ikkje veit raad med det gamle testamentet. Men han vart ikkje standande ved dette; han let Ivo faa vita at han lengta etter aa faa stridast med faarar og fara gjenom framande land. Dei tvo venerne rødde jamvel um at dei skulde røma or klostret. Dei la' ut for einannan korleis dei skulde koma paa ei ubygd øy og slaast med ville dyr og vera dei fyrste som rudde upp jordi der. Men dei kom aldri lenger enn til aa røma i tankarne. Klosterlogerne og skyldskapsbandi heldt dei fast der dei var.

Ivo miste paa denne tidi den fyrste plassen sin i klassa; han vart nedflutt, so han jamvel kom lægre enn Bartel. Men han tok seg ikkje nær av det; han tykte heller at det mest var gildt; det synte at han hadde uhug til aa studera. Han visste han var noko meir enn det saag ut til, og dette gjorde at han var byrg

og avstengd i umgjenget med andre. Med dei lægste tenestfolki i klostret, vedhoggarane, gjorde han eit løynlegt samband. Han stod der i duldi og bruka øksi med ein ofse som det skulde gjelda aa kløyva heile jordkula. Men so fekk ein av lærarane sjaa denne usømelege aatferdi hans, og Ivo fekk bøta for det i fangeromet.

Paa denne maaten var Ivo sokken ned fraa aa vera den fremste av skulegutarne til aa vera ein av dei attarste og traa-aste.

Daa fritidi kom var det tungt for dei tvo venerne aa skiljast. Dei trøysta einannan med at dei skulde raakast att, men dei vilde naude koma hit aat klostret meir. Paa heimvegen tykte ikkje Ivo at verdi var so fager lenger, og han tykte ikkje heller at folk var so gode; for verdi inni han sjølv hadde vorte annleis.

Daa Ivo var komen heim, heldt han seg ikkje so strengt ifraa Konstantin som fyrr, og han tykte ikkje det var so uhuglegt og nedtyngt heime hjaa foreldri. Han saag at det snaudt fanst noko menneskje paa jordi som var heilt lukkelegt, og at det difor maatte vera mykje uheilt og usælt i huslivet og hjonskapen òg.

Den verdi som var eit mynster paa det gode hadde kvorve burt for han. Berre naar han bad rett av hjarta, vart han stundom lyft upp yver all vesalldomen og alt det saare i livet; men tanken paa det som var aafaatt og

rangt fylgde han stundom heilt inn i dei himmelske heilagdomarne. Han var svært usæl. Naar folk saag kor forvilla han var aa sjaa til, trudde dei det kom seg av all lesingi. Det skar igjenom han naar mori bad at han ikkje maatte fortaka seg med aa lesa. Han kunde ikkje greida ut for henne kva det var som tyngde han; han visste det ikkje rett sjølv eingong.

Han stod der midt i si fulle livskraft, men kjende seg likevel trøytt og utmødd; han hadde ikkje enno skyna livsens gaata og trudde det var berre dauden som kunde løysa ho.

I den næstsiste fritidi fyrr han skulde reisa paa høgskulen i Tübingen, hadde han eit saart tap. Han raaka ikkje Nazi heime lenger. Grete hadde gift seg med Zaver; ho hadde sistpaa fenge faren til aa gjeva seg, og so hadde ho fylgt mannen sin til Amerika. Det vanta paa kvendehjelp i huset no; men sønerne til Valentin kunde gjera alt utearbeidet sjølve, og so hadde Nazi vorte uppsagd. Han hadde reist sin veg og ikkje sagt kvar han vilde av. Duvehuset var tomt, og det var som alt det livande i stall og fjos syrgde paa Nazi liksom Ivo.

So hadde dei teke Emmerensa til tenestgjenta i huset. Ho hadde vorte ei sterk og kvik gjenta og var ein-grand stuttvaksi og diger. Ein kunde nok kalla henne ei av dei venaste gjentorne i landsbyen. Men Ivo hadde paa lang tid ikkje ansa henne; venskapen med Klemens

hadde vore nok for han. Han hadde stundom vore heime heile fritidi og ikkje ein gong tala til Emmerensa. No saag han stundom løynlegt burt paa henne; men naar han haatta seg, saag han snøgt til ei onnor leid. Berre ein gong han saag henne gaa der og stulla so blidslegt i fjoset, sa han: „Det er rett, Emmerensa, at du steller so godt med fenaden; hav no godt tilsyn med blakken og Allgauar-kui.

„Ja eg veit vel at du hev tykt gildt um dei fraa gamalt av," sa Emmerensa, „og eg er glad for at du enno held av dei." Ho gav Allgauar-kui fôr, og so tok ho til aa syngja, liksom ho vilde vekkja ein tone fraa barndomstidi hjaa han:

Aa uppaa nuten
stend kvite skimlen,
og snilde gutar
dei kjem i himlen.

Men gjenta skal ikkje
ovunn bera,
for snilde gjentor
dei med fær vera.

Ivo gjekk stillt or vegen og dreiv utetter til den staden der han ein gong hadde vore med Nazi ein heil dag; det var mest som han tenkte han skulde faa vita eitkvart um han der. Han bar ovunn til brørne sine, dei var der og

arbeidde. Dei gjekk til bords heime hjaa foreldri sine, dei hadde gleda og sorg saman med folket sitt og hadde ikkje andre aa lyda enn dei som paa naturleg maate stod yver dei.

— Daa Ivo kom attende til klostret, slo han lag med Klemens att, med ny kjærleik og hugvarme. Klemens laut no vera skadebot for Nazi som han hadde mist.

Den siste sumaren dei skulde vera i Ehingen kom med mangslag umskifte. Klemens var fraa ein by som for det meste var protestantisk, og han kjende mange av læresveinarne i Blaubeurenklostret. Dei som var der hadde noko meir fritid, og so kom dei stundom hit til Ehingen. Den eine av dei sa til forstandaren at han var fraa same staden som Klemens, den andre at han var fraa same staden som Ivo, og endaa andre at dei var sambygdingar med sume av dei andre. So fekk alle sambygdingarne ei fristund ein dag. Dei gjekk til ein landsby i grannelaget. Der song dei og var glade, og med' dei stod med fyllte glas, drakk Ivo paa venskap med mange av dei protestantiske læregutarne fraa Blaubeuren. Dei var ufrie paa baae stader, endaa dei fraa Blaubeuren hadde det noko likare.

Alle desse unggutarne saag paa studentlivet som paa eit straalande joletre med allslag søte ting paa, og dei ruska hardt i porten framfyre jolekosten dei hadde i vente. Alt no framfyre-

aat naut dei gleda av studentlivet som dei likevel aldri skulde faa njota til fullnads.

So kom hausten. Kvelden fyrr dei skulde skiljast gjekk Ivo og Klemens ut til venskapsrunnen. Dei braut seg kvar sin kvist og sette i huvorne sine. So handtokst dei og svor einannan paa nytt lag æveleg venskap. Ivo lova at han skulde vitja Klemens i Krailsheim ein gong i fritidi.

Naar ein reiser burt fraa ein stad, kjenner ein det vedkjømelegt, um ein so aldri hev havt nokon hugnad av aa vera der. Ein kjem aldri att soleis at ein er den same som fyrr. I desse husi og hagarne og gatorne hev ein havt ein heil livslagnad. Her hadde venerne funne einannan; her hadde hugen deira svinga seg upp til dei høgste høgderne, og det var med hugverk dei skildest fraa klostret og byen. Dei lova at dei ein gong naar dei vart gamle, vilde gjera ei pilgrimsferd hit og fylgjast og leita upp atter dei stille staderne der dei hadde gjenge og tenkt so mange ungdomstankar.

X.

Attersyn.

Daa Ivo hadde vore heime berre nokre faa dagar, tok han i vegen til Klemens. Han budde

i hin enden paa Würtemberg, burt imot Franken*). Daa han no for fyrste gongen stod uppaa høgdi som laag beint imot heimstaden hans, hugsa han kvelden fyre den fyrste messa hans Gregor, den gongen han trudde at dei her kunde stiga inn i himmelen. No visste han at inngangen til himmelen ikkje opna seg nokon stad paa jordi. Han tenkte ikkje heller paa himmelen soleis som daa, og spurde ikkje etter kvar han var. Han leita etter himmerike paa jordi og kunde ikkje finna det.

I stille tankar gjekk han gjenom byar og landsbyar og saag paa koss folk fór og ferdast, og livsens gaata vart meir og meir flokutt for han. Folk dreiv paa og hausta inn druvorne ned-etter laaglandet, songen ljoma, og det duna av skot her og der. Men Ivo spurde: „Samlar dei druvor til den vinen som vert umskapt til blod?“

Det var tridje kvelden paa ferdi hans, og han gjekk fram mot ein by heitte Hall i Schwaben. Soli glada med høgtidsleg glans, det var liksom den kvelden daa han var med Nazi uti Vigelsdalen. Han stogga og tenkte med sorg paa den arme venen som han hadde mist for alltid. Daa saag han ein hyrding som stod og snudde ryggen mot vegen og studde seg paa

*) Franken kallar dei landet uppetter kring Main elvi, paa austsida av Rhin og nordanfor Würtemberg.

staven sin og saag inn i kveldsroden. Han song:

Ved døri til himlen
ei lengtande saal
ho stend der so sorgfull
og ventar med tòl.

Det fór som ei hugbod gjenom Ivo. Han sprang burt paa marki og vilde spyrja hyrdingen kor langt det var att til Hall. Daa sette hunden i og gjøydde, og hyrdingen snudde seg og ropa: „Teg still, Bliss!“ Men Ivo ropa: „Er det du?“ og slo armarne kring halsen paa Nazi.

No vilde det ingen ende taka med spyrjing. Men det tok sistpaa til aa lida langt, og so sa Ivo: „Nei eg lyt nok koma meg av stad og sjaa til aa faa meg hus for natti.“

„Aa kvifor det?“ sa Nazi og peika paa gjætarhytta si. „Likar du ikkje gastgjevargarden her, „Det raude huset“? Ver du berre med meg, eg skal krjupa burt i ei kraa, so skal du faa sova godt. Eller eg er like glad um eg er ute; i natt klokka tvo kjem det ei stor stjerna.“

Ivo vilde gjerne vera med aat hytta hans Nazi for natti.

„Er du svolten?“ spurde Nazi. „Der under raustet er kjellaren min.“ Han sette fram mjølk og braud og gjorde upp ein liten eld og vermde mjølki aat Ivo. So tok han ned ein tregaffel som bakveggen av hytta kvilde paa um dagen.

„Sjaa no skal me sova godt, andlitet lyt snu mot soli naar ho sprett," sa han.

Naar ein hev mangt aa spyrja um, tek ein ofte til med smaating. Det same gjorde Ivo no.

„Kva skal det tyda at messingsaumarne der paa tverbjelken stend i slike underlege krokar?" spurde han.

„Det er dei tri største himmelsmerki, dei vèr fenaden for vonde vette; meir kann eg ikkje segja deg," sa Nazi.

Der sat no Ivo attmed Nazi liksom daa han var liten og aat den uvande maten. Men no var det med natti, dei var paa ein framand stad, og mangt hadde hendt dei sidan den tidi.

„Koss liver Emmerensa?" spurde Nazi.

„Ho er tenestgjenta hjaa oss."

„Hadde du ikkje vorte prest, so skulde du mi tru gift deg med henne."

„Det vilde eg ha gjort òg," sa Ivo og var fast i maalet. Myrkret løynde at han vart raud.

So spurde Ivo korleis det hadde gjenge for Nazi frametter livet, og den gamle tenaren fortalde soleis:

„Du er no so gamall at eg kann fortelja deg allting. Kven veit um me nokon gong fær sjaa einannan meir, og du er beste venen min, du skal faa vita alt. Eg er ikkje fødd i heimbygdi di, eg er fraa andre sida av Schwazwald, burt mot Rhin. Naar ein gjeng fraa Freiburg og upp „Helstigen", so ser ein paa høgre sida

ein dal, der renn Treisam-elvi nedetter og driv ei mengd med hamarverk og sagbruk og kvernar; og naar ein gjeng uppetter fjellet beint imot, kann ein sjaa ein stor bondegard. Der budde ein storbonde, han var far min. Du kann tenkja deg kva det var for ein gard: dei fødde sekstisytti naut, og dei turvte ikkje kjøpa so mykje som ein høydott. Det er ikkje dér liksom her i bygdi og hjaa dykk: der bur kvar bonde for seg og paa sin eigen grunn. Heile huset er av tre, berre grunnmuren er av stein; vindaugo stend alle tett attmed kvarandre og snur mot aust; rundt ikring heile huset gjeng det ei sval, og ufsi gjeng langt fram, taket er av straa og gamalt og graatt, men det er varmare der i huset enn i det finaste slott. Kann du gjera det, so lyt du ein gong fara dit som Nazi er uppvaksen; gjer det for mi skuld. Aakrarne ligg langt uppetter fjellet og ned til Treisam, og der er so store skogar at ein trygt kann hogga for ti tusund gulden um aaret. Det er ein fagna gard. Kva leid ein ser til, so høyrer det garden til og er vel stellt.

Me var tri born, eg var eldst, og etter meg kom ein bror og ei syster; og det maa eg ikkje gløyma aa fortelja deg at naar faren døyr eller gjev bruket ifraa seg, so vert ikkje garden skift, men eldste sonen fær han, og faren raar fyre kor mykje han skal løysa ut systkeni sine med i pengar. Men naar eit av borni klagar, so

skifter riksstyret garden. Dette hev likevel hendt berre nokre faa gongjer og hev ikkje gjenge godt. — No var det ei enkja som aatte eit lite hus paa ein jordflekk eit lite stykke ifraa oss, og der budde ho og einaste dotter hennar. Dei var etterkomarar i tridje led aat ein yngre son paa garden og nauende fatige; men dei var snilde og gode som englar, — so tykte eg i minsto. Mori var eit av desse storvaksne kvendi som jamt kann vera so tekkjelege; og Lisa, dotteri, i henne var det ikkje ei falsk aader, det segjer eg endaa i dag. Dei livde av aa laga halmhattar; for i Glotterdalen paa hi sida av fjelli og lenger der burtetter gjeng kvendi med runde ljosgule straahattar liksom mennerne i byen, og karfolket gjeng med svarte halmhattar. Dei hattarne som Lisa hadde laga stod mykje høgre i pris enn andre; og kor ljot eit kvendfolk var, so vart ho fagrare naar ho fekk paa seg ein hatt av Lisa sine. Lisa hadde hender so mjuke og kvite som eit heilagmenne; men ho kunde likevel godt vera med og arbeida ute i onni. Naar ho sat i vindauga og sauma, stod eg ofte utanfor og saag paa henne; og naar ho stakk seg i fingeren med naali gjekk det meg gjenom merg og bein. Far min gaadde snart koss det stod til med Lisa og meg og vilde ikkje tola det; men eg vilde heller lata livet enn missa henne. So sende han meg av garde til sagbruket. Det høyrde ikkje fraa

fyrsto med til garden; far min hadde kaupt det. Der saag eg frametter heile vika ikkje eit liv anna enn guten som kom der med mat aat meg, og folki som kom med stokkarne og drog av med bordi. Men um natti skunda eg meg av stad til Lisa og vilde faa tala endaa nokre ord med henne.

Daa døydde far min so braadt. Han hadde gjeve bror min ervebrev paa garden; men eg hadde fenge ti tusund gulden, og det same fekk syster mi; det var reint ein smaating, ikkje meir enn ein aarshogster. Syster mi gifte seg med ein skomakar i Neustadt; men eg vart reint vill og sa: Eg gjeng ikkje fraa garden, eg vil føra sak um han. So gjekk eg ein kveld til Lisa, og som eg ser inn gjenom vindauga, kven trur du daa sit der med Lisa og kysser og femner henne? Bror min! Og det gamle trollet stend attmed og lær, so andlitet hennar vert ein gong til so langt som fyrr. Eg fór inn i huset og drog kniven og stakk han inn i bringa paa bror min, — det var gjort i eit rapp."

Daa Nazi var komen til dette, sukka han tungt og tagde eit bil, so tok han i att:

„Bror min vart liggjande paa golvet og røyvde seg ikkje. Lisa kasta seg kring halsen paa mor si og ropa: D'er di skuld, mor! Gakk din veg, Nazi, eg kann ikkje sjaa deg meir! Eg fór av stad som hinmannen skulde havt meg i eit band og drege meg etter seg; men

alt i eitt stogga eg og vilde hengja meg i eit tre. So raaka eg Jørgen smed og fylgde han og løynde meg hjaa han til andre dagen. Tusund gongjer bad eg Gud taka livet mitt og ikkje leggja so stor ei synd paa meg som brormordet. Eg la handi paa hjarta og gjorde ein heilag eid at eg skulde liva eit angerfullt liv, og Vaarherre høyrde meg. Tidleg den andre morgonen kom Jørgen smed til meg i løda — eg laag der i høyet — og sa: Bror din er i live og kann koma seg att. — So tok eg av stad yver fjell og dal og lét bror min ha alt saman. Eg stedde meg hjaa Buchmaier og skulde vera gjætar. Eg lika ikkje aa vera der folk var, eg tykte best um aa vera aaleine utpaa marki. Hellauf, hunden, var einaste venen min; du hugsar vel eg hev fortalt deg um honom; men eg miste han paa ein skamleg maate."

Her stogga Nazi att. Den hunden han hadde no, klengde seg inn til han og saag sorgfullt upp paa han, det var som han gremdest for di han ikkje kunde vera fullt i staden for den gamle.

„Naar eg no var aaleine utpaa marki," sa Nazi, „merka eg meg mange urter, og dei samla eg saman og laga drykkjer av dei. Ein gong um vetteren fekk ein av dei andre drengjerne sotti, so ho var aat aa kasta han fram or sengi; men eg hjelpte han snøgt, og sidan kom alt

folket i grannelaget til meg, naar det var eitkvart som vanta paa helsa, og eg laut gjeva dei ein lækjedrykk. Hugsar du den gongen me kom heim av bøarne og du vart sjuk? Daa hjelpte eg deg òg. Men so fekk dokteren spurt det og klaga meg for øverheiti. Daa forbaud dei meg aa „kvaksalva“, som dei kalla det, og sette stor straff for det. Sidan hjelpte eg ikkje nokon, korkje for bøn eller tigging.

Men so hende det noko som du ikkje kann hugsa, du var for liten den gongen. Dick, han som budde i bak-husi, hadde tvo søner. Den eine var som ein greive aa sjaa til, han var med i kongs-vakti i Stuttgart og hadde fenge heimlov. Den andre heitte Jokum, han var ein halvvaksen villgast og var beste venen til bror sin. Gardisten gjekk til henne Valborg, den vene skræddargjenta; du kjenner henne, ho spring alltid kringum i toflor. Men ho hadde ein annan bêlar òg, det var ein gut fraa Betra. So la dei tvo Dicksønerne seg etter Betra-guten ein gong og vilde dengja han rett dugeleg upp. Men han varde seg mannelegt. Daa drog vesle Jokum kniven og stakk etter han, og so raama han bror sin beint i livet. Eg ligg i gjætarhytta mi og høyrer dei skrika og yla; so stend eg upp og gjeng ut. Der er mange folk, og Jokum med, dei fortel meg alt og bed meg gjera eitkvart for han som var stungen. Eg hadde den same natti lege og tenkt paa at

Valborg og Lisa liktest paa einannan; eg fekk ein annan til aa sjaa etter smalen og fylgde med. Daa eg saag gardisten liggja der som han var slokna, tok det meg, so eg stod berre og skalv. Eg gret som eit barn, og folk let vel yver at eg tykte so synd um han; dei visste ikkje koss det stod til med meg, og eg kunde ikkje segja det med dei. Eg slo ein drykk i gardisten, so det ikkje skulde koma brand i saaret, og sidan kom dokteren; men guten døydde likevel. So er det snart aa fortelja: dei sette meg fyrst i fangeholet og so eit aar paa tugthuset. Jokum kom òg paa tugthuset; han var ein utange og heldt lenge paa og negta alt og la skuldi paa Betra-guten, alt til det vart fullprova at han hadde gjort det. Aa venen min!“ sa Nazi og tok Ivo i handi, det er aldri til aa fortelja kva eg laut tola paa tugthuset. I sjølve helvite kann ein ikkje koma millom verre herk. Men eg tok alt med tòl og heldt det for ei bot for det eg hadde gjort fyrr.

Ein gong skrifta eg for presten og fortalde han alt. Han sa at eg hadde gjort ein ny urett, eg skulde ha gjeve eigedomen min til kyrkja. Etter den tidi vilde eg heller lata meg riva sund enn gaa til skriftestolen meir. — Det fyrste eg gjorde daa eg kom ut or fengslet, var at eg tok til aa leita etter Hellauf. Dick hadde teke han til seg; men dei sa at hunden hadde vorte galen med' eg var burte, og so hadde dei slege

han i hel. Dicksfolket vilde gjerne eg skulde vera hjaa dei; men huset deira var reint vanstelt. Mori hadde ikkje kome ut i dagsens ljos paa eit heilt aar; berre um natti tok ho ei lykt og gjekk aat gravi til son' sin og bad. Du hugsar vel at ho alltid gjekk svartklædd. Som eg daa gjekk ut or landsbyen aaleine og ikkje ein gong hadde hunden med meg, raaka eg mor di. Ho visste vel at eg ikkje var vond, endaa eg hadde vore paa tugthuset, og so kom eg i tenesta hjaa far din. Eg vilde ikkje vera gjætar lenger; eg vilde vera saman med andre folk att. Koss det sidan gjekk meg, det veit du. No hev eg fenge ei god tenesta att her paa denne garden. Men eg tykkjer stødt eg lyt fara til bror min, og daa fyrst vert eg rett audmjuk, naar eg tener hjaa honom."

Nazi tagde og heldt handi for augo. Daa sa Ivo: „Naar rett var skulde du ha gjenge i kloster og vorte munk; det høvde for deg."

„Munk?" sa Nazi og var kvassare enn elles i maalet; „daa lét eg heller henderne hogga av meg. Det duger ikkje aa liva av aa vera gudeleg. Ver ikkje vond, og tilgjev meg at eg drøser so toskutt; eg er berre ein faavis kar. Du vert prest, og det gjer du rett i, du hev ein rein hug. — Men kom," sa han og saag upp mot stjernorne, „klokka er snart elleve, me fær leggja oss."

Ivo var sterkt teken og fylgde Nazi inn i hytta.

„Seg meg du som er lærd," sa Nazi, „kva kjem det seg av at elskhugen dreg so mange ulukkor med seg for menneskje? Var det ikkje betre han slett ikkje var til?"

Ivo var uppraadd; han hadde aldri tenkt paa dette fyrr. Han var svevnug og svara berre: „Det kjem seg av syndefallet, av ervesyndi . . eg skal tenkja betre paa det. God natt."

Ivo sovna snart, trøytt og utmødd som han var. Daa han vakna um morgonen, tykte han alt var som ein draum. Nazi laag ikkje lenger attmed han, og daa han saag ut stod gjætaren der alt og blistra og stelte med fenaden.

Daa dei hadde fenge seg aabit, skildest dei tvo venerne; men endaa etter Ivo hadde gjenge, ropa Nazi etter han: „Naar du ein gong kjem til Freiburg, so gakk upp paa storgarden, der er eg." — --

Hjaa Klemens hadde Ivo glade dagar. Men ein gong riste Klemens paa hovudet aat han; det var daa han sa han hadde raaka Nazi, og fortalde soga hans. „Det var mi sann eit godt eventyr," sa Klemens. „Du er ein lukkefugl, eg kunde bera ovunn til deg for det. Soga um drengen er fint skræmeleg, det vantar berre eit vette og ei skræmsla i ho."

Ivo skyna ikkje Klemens, at han kunde

sjaa paa mannsens harde lagnad som paa eit eventyr i ledige stunder.

XI.

Presteskulen.

Daa Ivo tok av stad til Tübingen*), var ikkje nokon av folket hans med han paa vegen. Han hadde vakse ifraa tilsynet, og gjekk no fritt sin veg. Tübingen laag der venleg og ljos framfyre han, og han drøymde um dei gledor han her hadde i vente. Han visste nok at han skulde vera under klostertvangen her òg, men det vart daa alltid noko mildare enn fyrr.

Det frie livet for vitskapen laag no framfyre han. Han gjekk paa ikkje so faa fyrelesningar utanfor klostret; men inst inne i hugen hans fekk alt ei teologisk eller katolsk meining. Naar gamle lærarar stod der og heldt svevnuge fyredrag og bygde upp turre tankeformlar som aldri grønka med friskt lauv, kunde det ikkje lyfta Ivo upp paa høgdi til den frie vitskapen, so han derifraa kunde sjaa koss teologien stod innegjerd og paa ein serskild stad.

Han heldt seg jamleg til Klemens, no som

*) Universitetsby i Würtemberg.

fyrr, og han kunde av og til faa gaa ute og fylgjast med han ein times tid utan tilsyn. Andre kjenningar raaka han òg, millom dei var amtmannssønerne. Dei var svært store paa det no. Far deira hadde vorte riksraad og hadde fenge ein orden og skreiv „von“ framfyre namnet sitt. Sønerne hans hadde nok ikkje kome upp i adelsstandet med dette, men dei heldt seg likevel til adelsfolket. Han raaka dei ein dag dei var ute og reid i fylgje med dei fornæme venerne sine. Han sprang imot dei og rette fram handi; men dei hadde svipa og taumarne aa halda og rette fram berre ein finger til han. So nikka den eldste og gjorde seg smaalaaten og sa: „Aa! skal me raakast her òg? det var gildt,“ og dermed gav dei hestarne av sporarne og reid sin veg.

Ivo hugsa den dagen han hadde gjenge og briska seg og fylgst med amtmannssønerne gjenom landsbyen, og han tok dette som ei rettferdig straff for det gamle ovmodet sitt. No hadde dei funne større folk, og dei smaaminka seg for honom naar dei var i fylgje med d e i, paa same maaten som daa han sjølv ein gong hadde vore i fylgje med amtmannssønerne og helsa paa bønderne. Ivo fekk daa sjaa at standsskilnaden millom foreldri stakk seg inn jamvel millom studentarne; dér er elles den einaste staden som den vanlege skilnaden i livet ikkje

finst, so dei unge kann ferdast paa same grunnen og vera like.

Ein annan kjenning som Ivo raaka her i klostret, vilde svært gjerne vera godvener med han; det var Konstantin. Han visste korleis ein skulde bruka allslag knip og krokvegar, so ein kunde faa sumla burt tidi og sitja paa vertshuset, eller faa vera fri um kvelden og vera med i eit lystugt studentgilde. Han gjorde seg mykje umak med aa umskapa sambygdingen sin, den „rare russen", til ein „lystug student". Det vilde ikkje lukkast for han med Ivo; men so mykje meir lærviljug var Klemens. Eventyrhugen hans fann ei rik nøring i studentlivet. Aa knyta i hop klædeplagg og heisa seg ut or klostret um natti, og so sitja paa vertshus og hauka og syngja, og sveima kringum i gatorne, og sidan med tvifeld faare koma seg inn i klostret att, det var just ein hugnad for honom. Det glade ungdomslivet lokka han mest endaa meir enn faaren med aa kunna traassa klosterlogi.

Ivo mana jamleg Klemens til aa tenkja meir paa framtidi; men ein gong let han seg likevel lokka til aa vera med og røma ut or klostret um natti. Dei sat i eit vertshus med spreklutte huvor paa seg og var lystuge og glade, og Ivo var den kvataste av dei alle. Men nettupp denne gongen vart dei tekne paa heimvegen, og Ivo fekk bøta for det i fangeholet nokre dagar.

Konstantin var ovende glad for at sambyg-

dingen hans hadde fenge studentvigsla. Han sa ofte: „Eg vert ikkje prest; den skjæra er ikkje slipa som skal klippa haaret av meg; men eg fær venta enno eit bil.“ Og ein annan gong sa han: „Var det rette hugen i dykk, so skulde me slaa oss saman og gaa or klostret alle i hop; sidan fekk Vaarherre styra verdi aaleine og sjaa koss han daa fekk det til utan oss.“

Blodet fór aat kinnerne paa Ivo, daa han høyrde denne gudlause talen. „Kva vilde du daa verta til?“ spurde han.

„Bonde heime i Nordstetten og ikkje noko anna.“

„Sant aa segja, so vilde eg det same, men det er no ein gong ikkje det eg hev sett meg fyre.“

„Men eg skal setja meg det fyre, sjaa berre til,“ sa Konstantin.

Foreldri til sume av gutarne i konviktet*), dei kalla, kom stundom og vitja dei; det var bondefolk som gjekk med sin vanlege klædebunad og ofte var heller fatigslegt klædde. Ivo vart ille ved daa han saag at studentarne skjemdest ved foreldri sine og naude vilde fylgja dei ut. Daa so mor hans ein gong kom og vitja han, gjekk han stødt og leiddest med henne gjenom byen og gjekk ikkje ifraa henne heile dagen.

*) katolsk seminar; „fribord“.

Ein dag i februar kom Konstantin upp til Ivo paa romet hans. Der drog han ein bundel kunst-blomar med raude band upp or lumma. „Sjaa dei hev Hanna sendt meg," sa han. „Eg er soldat og hev vore med i lutdragingi i aarog hev spela meg fri. Hei! no kjem eg or klostret!"

„Korleis daa?"

„Aa du skuldlause lamb! Eg skal segja deg koss det gjeng til; men du maa daa lova meg paa æra at du skal halda tett med det. Hadde eg gjenge min veg or klostret friviljug, so hadde eg lote gjeva pengar for den hugnaden at eg hev vore her, og so sidan vorte soldat. Men no slepp eg for aa vera soldat, og naar eg lagar det so at dei jagar meg burt herifraa, slepp eg aa greida for meg. Eg skal endaa lata forstandaren faa ein serskild drikkeskilling."

Konstantin sette blomedusken paa huva si og gjekk byrg burtetter klostergarden. Han kom ikkje heim heile dagen. Han gav seg i lag med nokre andre studentar som var soldatar dette aaret. Dei gjekk arm i arm yver torgi og kring heile byen og song og drakk og heldt leven. Ikkje fyrr seint um kvelden kom han heim, og daa fekk han straks bod um at han skulde koma til forstandaren paa romet hans, — „Herrestiget" kalla dei det.

Forstandaren var aaleine. Konstantin stod attmed døri og heldt baae henderne attanfor seg og heldt seg fast. Daa kom forstandaren imot

han og var sinna og gav vondt. Konstantin berre log og steig so fram og trødde forstandaren hardt paa føterne, so han skreik høgt og skjellte endaa verre. Men Konstantin lét seg ikkje skræma, han gjekk lenger og lenger fram og gjorde „Herrestiget“ til bokstavrett sanning. Den arme forstandaren treiv den einaste stolen der var i stova og heldt framfyre seg; men Konstantin trengde meir og meir inn paa 'n, han jaga han fraa den eine sida til den andre og ropa „ha! hupp!“ og smelte med tunga, liksom naar ein driv ein hest i ring. Sistpaa fekk forstandaren koma seg burt aat klokkestrengen; so kom famulusen, og Konstantin vart innestengd i det myrkaste fangeromet der var. I fire vikor til ende laut han sitja der og bøta for den skamlause aatferdi si. Daa Ivo ein gong kom inn til han, gav Konstantin han rett i det, at det var stygt aa lata den skuldlause embættsmannen lida for di ein ikkje lika logi. „Ja d'er tvifeld syndigt,“ sa Ivo; „gamlingarne er nok fangevaktarar som gjæter paa oss; men so lyt dei bu i fengslet liksom me og hev det ikkje stort betre. Lykelen som kunde lata upp for dei, er ikkje her ein gong.“

„Nei,“ sa Konstantin og log, „som det stend i regla:

„Engeland det er no stengt,
lykelen dei burt hev slengt.“

Difor so hev eg slege ut ein vegg.“

Med skammi vart Konstantin jaga burt fraa klostret.

— Daa Ivo kom heim i paaske-fritidi, kom Konstantin og gav han handi; tri av fingrarne hans var fetla. Han hadde vore med i eit slagsmaal millom gutarne fraa Nordstetten og dei fra Baisingen, og daa hadde ei flaska vorte sundslegi yver handi hans. Studenten — so kalla dei han enno — gjekk no der og var ein av frikararne i landsbyen. Han gjekk klædd som ein bonde og tykte moro aa bera seg aat som ein villstyring og strjuka av seg alt som synte at han hadde gjenge paa skular og lært noko. Dei beste felagarne hans var Hans-Jørg-Peter og Florian, son til ein fatig slagtar. Saman med dei gjorde han allslag fantestrikor. Dei heldt fast i hop, og ingen annan fekk vera med i samlaget deira. Merkjelegt var det korleis Konstantin stelte med Peter. Eit mors-auga kann ikkje vaka kjærlegare yver eit sjukt barn enn han yver venen sin. Ingi kvinna er mildare med ein ustyrleg husbonde enn Konstantin var med Peter. Naar han var so vill at han vilde slaa i knas alt han raaka og ingen kunde halda styr paa han, kunde Peter berre segja: „Haldt fred, Konstantin, for mi skuld," so var han straks still og lydug som eit lamb.

Ivo hadde eit stort stræv med aa koma seg ifraa Konstantin. Han var still og aalvor-

sam og drog ikkje ein gong paa smilen naar Konstantin fór med allslag skjemt og gale drøs. So lét Konstantin denne „heilagmannen“ gaa for den han var.

Daa Ivo kom attende til klostret, hadde Klemens, venen hans, vorte reint som umskapt. Han hadde vorte kjend med dotter til amtmannen i krinsen sin, og all hans hug hadde loga upp i elskhug til henne. Han vilde ut or klostret og lesa til sakførar; han svivyrde prestestandet og bruka dei verste ord um det; han hædde seg sjølv og lagnaden sin som heldt han fast i armod og stakarsdom til eit livskall han hata. Med all den villskap som høyrde huglyndet hans til, riste han i lenkjorne sine. Han saag ikkje anna enn trældom nokon stad; han gjekk ikring og var bleik og skar tenner. Ivo freista av all si magt aa berga venen sin; men han saag snart at det her raadde ei høgre magt, og han syrgde saman med Klemens, endaa han ikkje rett kunde skyna villskapen hans.

Klemens sat i læresalarne, og alt med dei andre skunda seg og skreiv upp det som læraren sa, skreiv han berre av og til namnet „Kornelia“ og strauk det ut atter.

Ivo hadde alt lenge bore paa ein gneist av misnøgje i seg, og no var det faarlegt for at den gneisten kunde verta til loge. Men han var so van med aa lyda og finna seg i lagnaden sin at det heldt elden nede i still glod.

Det synte seg no òg kor ulike dei tvo venerne var. Naar Klemens var modlaus, gjekk han i moro og staakande lag og freista aa gløyma seg sjølv der. Men naar Ivo var tung i hugen, stengde han seg inne i sine eigne tankar; han freista aa læra seg sjølv aa kjenna og greida ut hugverken sin i still ettertanke og soleis løysa han ut. Men dette fall tungt for han, og det la seg ei saar modløysa yver saali hans. Livet vart mindre kjært for han òg enn fyrr; det laag som ei byrd paa han, og han sa ofte at han gjerne vilde døy eller alltid sova.

„Det beste i verdi er daa sengi," sa han ei natt til Klemens som laag attmed han. „Ein fugl i buret er ille komen, han kviler ikkje rett, endaa um han sev. Han sit paa vaglet og lyt halda seg fast med klørne; det er alltid eit-slag arbeid, det er ingi full kvild. Like eins med menneskje; det kviler ikkje rett naar det sit, det lyt alltid halda seg rakt. Men naar ein legg seg ned og korkje sen eller sege spanar seg, daa fyrsta er det rette kvildi. Difor likar fuglen seg so godt i reiret og menneskje i sengi. Plato kalla menneskje ein fjørlaus tvoføting. Kva gjer det? ein smyg berre inn i framande fjører. Nazi sa ein gong til meg: naar ein vil temja ein ræfugl, hengjer ein han i eit kvernhus, so han ikkje kann faa sova, daa vert han spak som ei duva. Det er liksom med

den tyranen me las um i Ehingen, han som vekte fangarne sine kvar time. Naar det gjeld aa pina, er menneskje svært upfinnsamt; men til aa gleda einannan er dei ikkje so snare. Det største underet tykkjer eg likevel er heilagmennerne paa sulorne, dei som stødt og jamt heldt seg standande. Det er den største siger yver seg sjølv. Tenk berre um ein skulde staa soleis paa same staden all sin dag, til føterne vart reint mosegrodde. Nei, eg takkar Vaarherre for mi gode seng."

Soleis tala Ivo filosofisk. Klemens svara ikkje, han sukka berre ein gong stillt: Kornelia. So sovna Ivo.

Klemens heldt seg vaken med magt, og daa klokka slo elleve, stal han seg stillt ned i garden. Det var ei mild sumarnatt og hadde vore torever. Skyerne var sundrivne, so maanen stundom fekk skina bjart og stundom var løynd. Klemens la seg paa kne og vreid henderne og skalv, og so ropa han: „Devel, Beelzebub! Du herre yver helvite, syn deg for meg, gjev meg av skattarne dine, og saali mi skal høyra deg til. Syn deg, syn deg!"

So heldt han anden og lydde. Det var kyrrt, ingen ting røyvde seg; berre langt burte gjøydde ein hund. Klemens laag lenge samankrøkt, og daa det slett ikkje synte seg nokon ting, gjekk han kulsande inn aat sengi att.

Dagen etter sat Klemens bleik og hiren att-

med pulten sin; han hadde boki uppslegi framfyre seg, men las ikkje. Dei svarte teikni kraup i hop for augo hans. Daa kom postmannen med eit brev til han. Han hadde snaudt lese det fyrr han seig i uvit ned av stolen. Ut or handi hans datt det eit blad, og paa det stod der: „Kornelia Müller og Hermann Adam, trulova.“ Dei kom alle springande burt til han og tok og la han i ei seng. Ivo stod og skalv og gret, til venen hans drog anden att. Daa fekk Klemens ein hard feber, tennerne hans skrangla, og det gjekk rykkjer igjenom han, so dei laut halda han. I heile tri dagar laag den arme guten i ørska. Han tala stundom um develen og gjøydde som ein hund; berre ein gong lét han augo blidlege att og sa: „God natt, Kornelia.“ Ivo las brevet som Klemens hadde fenge — han hadde jamt havt lov til aa lesa brevi hans — og no skyna han samanhengen paa ein maate. Der stod at ein rik frende til mor aat Klemens var daaen og hadde gjort henne til einaste ervingen sin; dette gav dei ljosaste voner for framtidi. Ivo gjekk ikkje ifraa sengi til venen sin, utan naar han var nøydd til det, og daa kom Bartel som tidaste i staden hans.

Klemens vart liggjande hardt sjuk. Han laag jamnaste og stirde framfyre seg, men tyktest ikkje sjaa nokon ting. Naar Ivo la handi paa skallen hans, lêt han att augo og sukka,

liksom det gjorde godt. Det var som handi aat venen jaga dei vonde vetti burt fraa heilen hans. Av og til fór han upp i det verste sinne og banna heile verdi og all hjarteløysa der var ho. Naar so Ivo vilde hugga han, vart han galen paa han òg; han slo ikring seg med knytte nevar og ropa: „Din hjartelause skarv, kor kann du talma meg soleis!“

Ivo fekk taaror i augo og tok det med tòl; ja stundom var det jamvel som han tykte det var eit-slag hugnad aa taka paa seg dette for venen sin.

Daa Klemens vakna den fjorde dagen, tykte han det opna seg som ei dør for han i blaae lufti, full av skinande ljos; det var ute i endeløysa og likevel nær attmed. Rundt ikring han og inne i han ropa det: „Klemens!“ Daa raadde han med seg att. Sidan fortalde han ofte at det i denne stundi var som Gud lyste upp for han i sin straaleglans og førde han attende til seg sjølv og til honom. Daa han no hadde sansa seg og vart roleg, rette han upp henderne og sa: „Eg hungrar etter Guds bord.“ Han bad dei henta skriftefaren, og til honom fortalde han alt: korleis han hadde kalla paa develen, og at han hadde hjelpt han og gjort han ulukkeleg. Han var hugsprengd og bad um at han maatte faa ei hard bot og forlating for synderne sine. Skriftefaren la berre ei liti bot paa han; men han bad Klemens aalvorlege

at dette maatte leida han til aa riva seg laus fraa alle verdslege traaer. Gud hadde berga han paa sin underfulle maate, og han skulde fraa den dagen berre høyra honom til.

Den som hadde sét Klemens i aasyni, daa han laag der med attlatne augo, og skriftefaren gav han signingi si og gjorde krossteiknet yver han, — den som hadde sét koss kvar sege i andlitet hans spana seg og blodet steig upp i kinnerne, han hadde kjent og skyna kva slag heilagt umskifte det no gjekk fyre seg med han. Det var som han kjende at Guds hand rørde ved han og tok byrdi lett og lint av han, og som ein ny livs-ande strøymde igjenom han.

Daa Klemens gjekk uppe att, var han reint som ein annan enn fyrr. Han gjekk og smaug stillt ikring og saag ofte attum seg, liksom det var noko han var rædd, og stogga so braatt upp. Ivo var ikkje god til aa styrkja han eller halda han uppe; for ikkje ein gong til honom hadde Klemens vaaga aa fortelja um all den syndi han hadde gjort.

Etter den næste fritidi var Klemens paa nytt lag reint som umskapt. Han saag frisk og blømande ut som fyrr; men or augo hans lyste det ein underleg eld. Ein gong dei var uti skogen, drog han venen sin inn til seg og sa: „Du Ivo, ver med og takka Gud at han hev gjeve meg sin naade att. Det er vaar eigi skuld, naar Gud ikkje gjer underverk paa oss;

me reinskar oss ikkje til aa vera kjerald for hans uransakelege vilje. Eg hev no lova at eg vil gaa ut til heidningarne og forkynna heimsens frelsa for dei. Eg hev sét att henne som stal saali mi fraa Herren; men i same stundi kom all verdi burt for augo mine; den allgode la handi si paa meg og frelste meg. Han førde meg upp paa fjellet. Der sat eg til soli seig ned og myrkret kom. Alt ikring meg var stillt og daudt. Daa med eitt høyrde eg det song langt burti skogen; men det var ikkje jordiske tonar:

Burt til det heite Afrika.

Eg la meg paa kne, og Herren høyrde det eg lova. Hjarta var teke ut or bringa paa meg, eg heldt det i handi. Eg kysste berget under meg og treet att-med meg, og eg saug Guds ande i meg or dei. Eg høyrde trei rysja seg og bergi klaga; dei græt og syrgjer og ventar paa den dagen daa krossen hev vorte livsens tre, uppreist millom himmel og jord, daa Herren, Herren syner seg att og verdi er utløyst; daa skal fjelli dansa og elvarne ropa glederop."

Klemens la seg paa kne og heldt ved: „Herre, Herre, gjev meg din naade! Legg ordi dine paa tunga mi! Gjev meg den himmeske kjærleiken. Lat venen min òg faa din naade. Knasa han, so han òg kann kjenna dei sverd som hev gjenge gjenom bringa di, og som skjer sund hjarta aat menneskja. Aa Herre, eg

takkar deg at du hev trulova meg med den heilage armodi; ja eg vil vigja meg heilt med den sæle daarskapen og lata meg hæda og pina, til likamshytta mi ein gong vert nedbroti att, og det jordiske livet er ferdigt og kverv burt. Herre, du hev gjort meg rik, at eg skulde verta ein av dei fatige. Sæle er dei fatige, sæle er dei sjuke!"

Klemens kysste føterne aat venen sin og laag enno eit bil med hovudet paa marki. So reiste han seg upp, og dei gjekk stillt heim atter.

Ivo vart teken av ein usegjeleg otte. Han skyna kor sterk ein offervilje det var som hadde fenge magt yver Klemens; men han saag òg dei fæle villor det kunde føra til, og det skar han i hjarta.

Han fylgde viljugt med venen sin paa alle skuggevegarne i mannsens liv og kunnskap; han tykte han alltid laut vera med han og vera ferdig til aa hjelpa.

Det dei fyrst og fremst la seg etter aa granska, var korleis heilagmennerne hadde livt. Ivo sa ein gong: „Eg er glad for eg kann sjaa korleis openberringi hev fylgt manneætti stødt og jamt. Det kjem heilagmenne som Gud hev synt seg for og gjeve magt til aa gjera underverk; og den som rett gjer seg heilag, kann faa same naaden. No hev kvar by og kvart land sitt eige sanne heilagmenne, liksom

hellenarne i gamall tid hadde sine falske gudar. Gud er alle stader nær."

Klemens kysste Ivo paa ennet og svara ikkje noko. Men eit bil etter tala han med eld og glod i maalet um dei kjempor som vinn yver verdi med tome hender.

Livssoga aat den heilage Frans av Assisi tykte dei sers gildt um. Det som Klemens vart mest teken av var soga um korleis han vart umvend fraa eit villt og verdslegt liv, og korleis han hadde lækt ein spitalsk med ein kyss. Men Ivo gledde seg mest ved at heilagmannen hadde livt so barnslegt saman med naturi, og den underfulle magti han hadde yver ho. Han hadde forkynt for fuglarne at dei skulde syngja til lov og pris for Gud, og dei lydde stillt etter, til dess han hadde gjort krossteiknet yver dei og velsigna dei, — daa sette dei i ein ljomande song. Ein annan gong hadde han kappast med ei nattergala um aa syngja Guds lov alt til det vart kveld, og daa han trøyttna flaug fuglen ned paa handi hans og vilde faa velsigningi. Endaa ein annan gong hadde den heilage mannen frelst eit lamb fraa slagtarbenken, og sidan la dette lambet seg paa kne i koren kvar gong dei song. Denne soga minte Ivo um uksekalven som han hadde berga.

Klemens tok til aa graata høgt, daa dei las um at den heilage mannen hadde fenge so stor ein naade at han paa underfull vis hadde

fenge merke etter saari aat Jesus paa sin eigen kropp: dei gjenomstungne henderne og føterne, og spjotstinget i sida.

Han sette seg paa nytt lag fyre at han vilde verta fransiskanarmunk og bad Ivo gjera det same, so dei etter ordenslogi kunde gaa tvoeine gjenom verdi og leita etter pinslor og vera fatige og hjelpelause og liva berre av olmosor.

Med umetteleg fysna søkkte han seg ned i djupni av det løyndomsfulle og drog venen sin med seg.

XII.

Studenten.

Daa fritidi kom vart Ivo paa nytt lag dregen inn i livet ikring seg. Det var ikkje so lett daa lenger aa visa ifraa seg all verdi utanfor seg, og alt det arbeidet og all ferdsla der var, og stengja seg inne i sine eigne tankar. Slikt er ikkje raad anna enn naar ein stend utanfor huslivet og dermed utanfor det rette livet. Daa han var komen heim til landsbyen, vatt skyldskapsbandet seg ikring han att, og livet hjaa bygdarfolket trengde seg inn paa han. Han visste um korleis dei livde og hadde det i alle desse stovorne og innanfor alle desse veggjerne; han var som vakna or ein draum.

Ein kveld raaka Ivo Konstantin utanfor huset; han stod og togg paa eit straa og saag gretten ut.

„Kva er i vegen?“ spurde Ivo.

„Aa du kann so ikkje hjelpa meg.“

„Men seg det likevel.“

„Du hev ikkje nokor greida paa det som høyrer denne verdi til, du kann ikkje skyna det. No er det snart kvitsunn, og so er det vaardansen, og eg hev ingen kjæraste. Eg kunde havt ei, men eg bar meg for keivelegt aat, og likevel er det ikkje nokor onnor eg bryr meg um, eg kom til aa verta reint galen gjekk ho med ein annan. Det vert ein vesall vaardans.“

„Kven er daa den gjenta som er so kaut paa det?“

„Du kjenner henne vel; det er Emmerensa.“

Ivo kvakk uviljandes, men spurde mest samstundes: „Hev du vore kjend med henne lenge?“

„Ho vil ikkje vita noko av meg, det er tingen; ho gjer seg so heilag og ovfin som sjølve den sedsame Diana.“

„Meiner du det ærlegt, og vil du gifta deg med henne?“

„Kva ærlegt? Ja visst, kva anna? Men um giftarmaal er det ikkje enno tale. Kann du den gamle visa:

Aa eg elskar, elskar deg,
og eg vil deg elska,
men eg aldri gifter meg.“

„Daa lyt eg gjeva Emmerensa rett.“

„Kva? Nei orsaka, det hev du ikkje fornaring paa. Slik ei gjenta lyt vera nøgd naar ho fær ein gut som meg til kjæraste. Ho Lensmanns-Barbara vilde gripa til med alle ti fingrarne, naar eg berre lét aldri so lite i meg. Men no kunde ho nok ikkje vera bilæte paa den heilage kyrkja som ved messa hans Gregor. Eg likar henne ikkje.“

Med dei stod der og rødde, kom Peter og Florian burt til dei.

„No daa!“ sa Florian, „fær me sjaa stu denten òg ein gong? Eg tenkte me var for smaa til at han skulde unna oss eit ord.“

„Ja,“ sa Peter, „alle gutarne her segjer at soleis som du er hev ingen vore fyrr. Du gjeng som du skulde vera fraa Stuttgart og ikkje fraa Nordstetten.“

„Nei, nei, eg hev aldri tenkt paa aa vera kaut paa det,“ sa Ivo, daa dei tok paa han fraa alle kantar. „Kom, so skal me fylgjast aat vertshuset.“

„Det er rett,“ sa Florian, „so held me ferdagilde for meg i kveld; i morgon fer eg ut i verdi.“

Folk undrast daa dei saag Ivo gaa i fylgje med dette tri-kløverbladet; det var eit sjeldsynt firkløver.

„Var det endeleg so vel at De vilde lydast

Fornaring, vit, skyn.

inn?“ sa vertskona i „Ørnen“, daa Ivo kom der i lag med dei andre. „Eg skal straks setja ljos inn i kleven. Kva vil de hava? Skal eg henta ei god flaska rinskvin?“

„Me vil halda oss til Würtembergaren denne gongen,“ sa Konstantin, „og Ivo vil vera med oss og drikka; han er Nordstettar-gut likso godt som me andre.“

„Ikkje som du! det vilde vera synd,“ sa vertskona.

„Eg vil gjeva deg ei gaata aa løysa, du mor nasevis,“ sa Konstantin. „Kva er det som kvinnfolk og gjæser likjest kvarandre i?“

„I det at slike gaasegutar som du vil styra og raa yver dei,“ sa vertskona.

„Du kann vera glad, du. Var faavitet tungt aa bera, so hadde du for lenge sidan ikkje kunna gaa. Eg skal segja deg kva dei er like i: alt er godt hjaa kvinnfolk og gjæser, so nær som nebben. Gakk no etter vinen aat oss.“

„Du er ikkje ein kvitt verd,“ sa vertskona og smilte og gjekk so etter det han bad um.

Daa dei hadde skjenkt i og klinka, tok dei til aa syngja studentvisor, og gutarne var ikkje lite byrge av at dei kunde dei. Det var Konstantin som hadde lært dei desse visorne. Ivo song med og smilte; han vilde ikkje synast stor paa det.

Dei tri felagarne var godt uppøvde til aa syngja. Peter song fyrste tonen. Han hadde

eit klingande maal, men han gjorde so altfor mykje av det og skreik uti veret; for bønder som syng og prestar som preikar trur jamnast at d'er vènast aa høyra paa naar dei mest sprengjer maalet sitt. Konstantin sat og rugga upp og ned med' han song; han knytte nevarne og slo ut i lufti med dei. Men Florian sat roleg og studde armarne mot bordet og heldt augo att liksom i still aahug.

Vinen var snart uppdrukken, og so ropa studenten: „Ein flaska til! paa ein fot kann ein ikkje springa.“ So song han:*)

Kom med vin, kom med vin,
vogni enn tek mykje inn.
Lasta til at guten fell, —
endaa stend eg lenge lel.
Kom med vin, kom med vin,
endaa tek eg mykje inn.

Og straks etter song han:

Den eg ikkje hava vil,
hjartans gjerne takka til.
Ho er stygg; men den som eg
helst til kona valde meg,
ho er vèn, men spring sin veg,
naar ho berre øygner meg.
Og kven kann so gaata no
løysa, so at eg fær ro?

*) Desse versi — i fri umskrift — er mest etter den gamle umskrifti paa norsk.

Eg vil endaa gifta meg,
um mi gjenta spring sin veg.

„Er det sant, Konstantin,“ sa vertskona, „at Emmerensa hev sendt deg til næste grannen og sagt: hjelpe deg Gud.“ *)

„Eg set tri pottor vin av beste slaget paa at ho dansar vaardansen med meg og med ingen annan.“

So song Florian:

Ingen vaksen hugheil gut
for ei gjenta gjeng med sut.
Fær du nei av tvo og tri,
stend det att og ventar ti.

Peter svara:

Den som fint aaleine er,
jamt si matro njota fær.
Det vert morgon, det vert kveld,
han er sutlaus likevel.

Florian song:

Aatte dagar sidan var
gav mi gjenta meg til svar:
Gakk din veg! Ho gret og log,
like rák eg gjekk og stod.

Paaske kjem, og snøen gjeng,
grønt det vert paa mark og eng.

*) Som ein segjer naar ein styrer ein biddar ifraa seg.

Etter paaske stend ho brud,
gjenta mi, i sylv og skrud.

„Nei det duger ikkje, ein maa snu skaftet annleis," sa Konstantin, og so song han:

Paaske kjem, daa tidnar alt,
det vert varmt som fyrr var kaldt.
Gifter stygga seg, so fær
eg ei onnor mykje be'r.

Dei sette alle i og stor-log og kytte yver han for dette stevet.

So song Peter:

Gjenta mi, so høyr paa meg,
aldri skal eg gløyma deg,
og so lenge hjarta slær
varmt derinne gjøymd du er.

Visste eg kvar gjenta var,
ikkje meir paa sut eg bar.
Men naar ikkje det eg veit,
tykkjer eg d'er heller leidt

So song Konstantin:

Eg til deg so mang ein gong
gjekk so glad med laatt og song.
No er vegen lang og leid,
eg er longo trøytt og kjeid.

Vegen ikkje lenger er,
men du er so sur og sær.

Og so kann du tenkja vel,
ogso eg vert likesæl.

Ivo var uroleg der han sat attanfor bordet. Hæn tenkte paa korleis han elles ved dette bilet sat attmed lampa si og freista aa gruna ut løyndomarne ved skapningen og atterløysingi. Han kom i hug korleis all mannsens ferd og alle ynskje hjaa det einskilde menneskje daa var langt burte ifraa han, — og no likna han dette i hop med livet her millom jamnaldringarne sine. Det som dei tenkte paa fyrst og sist var elskhugen; i kaat spott og i lengtande sukk var det den som alle stader klang igjenom, — og paa nytt lag tykte han at heile tilværet var som kløyvt med eit kvast staal i tvo helvter, ei aandeleg og ei verdsleg. — Vertskona hadde sét paa han og vorte var at han saag misnøgd ut. So gjekk ho burt til syngjarane og sa:

„Skjemmest de ikkje? kann de ikkje syngja ei sømeleg visa?“

Konstantin svara:

Likar du ikkje songen min,
lat so meg faa høyra din.
Kann du syngja betre du,
skal eg gjerne undan snu.

„Ja det skal me, naar du syng med,“ sa Florian.

„Gjerne det,“ sa ho.

»Kva skal det daa vera?« spurde Peter.

„Naar morgondoggi blenkjer."

Vertskona sette djervt i, og dei andre song med:

Naar morgondoggi blenkjer
og engi friskast er,
til gjenta mi so gjeng eg,
fyrr nokon henne ser.

Og haren maa ein skjota
fyrr han aat skogen fer,
og gjenta maa ein elska,
med' ung og vèn ho er.

Men fyrr skal steinen bera
baad' blad og mogne bær,
fyrr eg skal trulaus vera
mot den som eg hev kjær.

Ivo takka vertskona hjartelege for den fagre visa; men Konstantin sette straks i og song att:

Aa med meg er det smaatt,
ingen kjærast' eg hev,
og mitt hus hev kje dør,
so det stend der til spott.

Ja naar Donau vert turr,
og naar morgon vert kveld,
og naar soli gjeng surr,
daa eg brudlaupet held.

Men lat gaa som det kann
her er gjentor i flokk,
eg fær spyrja ei onnor
og finn henne nok.

„Skal me ikkje syngja den: Det gjekk ein gut og reika?“ spurde vertskona.

„Nei, lat han vera heime,“ sa Konstantin.

„Aa du! hadde du sjølv halde deg heime, so hadde dei ikkje sendt deg heim med skammi.“

„Syng no,“ sa Florian, og so song dei:

Ja glad det vil eg vera!
Naar berre lukkeleg du er,
eg skal meg ikkje kjæra,
um baade sorg og sut eg fær.

Kvar bekk som renn paa jordi,
han hev sin eigen gang og veg.
Men aldri høyrest ordi
som hjarta opna kann paa meg.

Lat sol og maane graata
for meg paa heile himmel-rund,
eg ber ei uløyst gaata
til livsens siste sæle stund.

Ivo sat uroleg paa stolen; i denne visa hadde hans eigen lagnad fenge ord.

„Sit berre i ro,“ sa Konstantin; han gaadde at Ivo vart uroleg. — Men hjaa deg, Barbara,

er det ikkje som hjaa verten i Emmaus. Du kjem fyrst med den gode og so med den laake vinen; du hev blanda luthersk og katolsk i hop, det er ein blandings-hjonskap."

„Naar myserne er mette, so tykkjer dei mjølet er surt," sa Barbara, vertskona.

„Veit de kva?" ropa Konstantin, „no drikk me varm vin."

„Du hev nok for i dag," sa vertskona.

„Det me ikkje drikk, det slær me i skorne. No vil me ein gong halda eit gilde som er noko. D u vil vera med, og du, og du?"

Alle nikka og jatta med, og so song Florian ei lystug drikkevisa. Og daa vinen var komen, song Konstantin ei onnor drikkevisa og trampa takten med føterne og trumma paa bordet med knyttnevarne.

Det leid alt langt. Ein gut hadde vore der og flitt Ivo huslykelen. Politimannen kom og vilde slutta gildet, men Konstantin gav han eit glas vin og fekk han til aa tegja. Det same gjorde han med nattevaktaren som kom eit bil etterpaa. So tok Konstantin til aa herma etter professorarne og fortalde um student-eventyri sine. Daa reiste Ivo seg upp og orsaka seg, han laut gaa heim. Dei andre vilde halda paa han; men Konstantin gjorde veg for han; — naar Ivo var der vilde han skjemmast for aa ljuga til seg allslag storverk som andre hadde gjort. Han sa difor berre:

„Drikk ut, du kann elles snaava i stubbarne.“

Ivo tømde glaset sitt og sa godnatt.

„Tak stovedøri med deg i sengi,“ ropa Konstantin etter han; men Ivo høyrde det ikkje lenger.

Natti var mild og maaneljos; det var som det linne ljoset la fred og stilla yver alt. Ivo stogga gong paa gong og la handi paa bringa og kjende hjarta banka, og han tok av seg huva og let lufti gusta kring hovudet. Daa han var komen heim og vilde klæda av seg, kjende han endaa betre korleis blodet saud i han og hamra i aadrarne. So gjekk han ut atter og vilde sjaa til aa verta rolegare uti stille natti. Han gjekk utetter allmannvegen og yver markjerne; han var so glad og sæl og spurde ikkje seg sjølv kvifor han var det. Han skulde gjerne ha gjenge soleis i det endelause, med hjarta hoppande av gleda. Livs-aanden hadde vakna upp atter i han og bar han lett yver den fredfulle jordi. Daa han sist-paa kom heim, saag han døri til koven staa paa glytt. Han gjekk inn — utan at han vilde eller visste det — og vart standande som fast-tryllt: der laag Emmerensa. Maanen lyste bjart inn paa andlitet hennar; høgre armen laag yver hovudet og den vinstre studde seg paa sengjarstokken. Bringa gjekk paa Ivo, han bivra og visste kje sjølv kva det var som tok han; men han lutte seg ned yver Emmerensa og kysste

henne so fint og lett som maanestraalen paa kinnerne hennar. Ho kjende det nok likevel; for ho snudde paa seg og sa halvhøgt: „Ein katt, ein katt.“ Ivo heldt armarne upp og stod eit bil og lydde, um ho skulde vakna; men ho sov like rolegt. Daa vart han som magtstolen av den heilage freden; han slo seg i skallen med knytt neve og gjekk ut or koven.

Daa han kom inn paa sitt eige rom, kasta han seg ned paa golvet og var reint hugsprengd. „Herre Gud, forlat meg!“ stunde han. „Lat meg døy, eg hev synda, eg er deg uverdig, eg er bannstøytt. Herre Gud, rett ut handi di og krasa meg!“

Han fraus so han skalv, daa han vart rett med seg sjølv att; det var alt dag, og han la seg i sengi. Mori kom med kaffien; ho vart var at han saag so klen ut, og vilde kje gjeva han lov til aa staa upp. Men Ivo let seg ikkje halda, han vilde aat kyrkja.

Daa han gjekk framum hagen, høyrde han Emmerensa syngja:

Eg eig ikkje hus,
eg eig ikkje gard,
eg ervde kje pengar
av mor og av far.
Og slik ei gjenta
ho er ikkje gjæv,
ho ingen ven
her i verdi hev.

„Kvifor er du so uglad?“ kunde Ivo ikkje lata vera aa spyrja; „hev du sove laakt?“

„Eg veit ikkje kva det er aa sova laakt; eg er trøytt naar eg legg meg, og augo fell snart att. Visa rann meg berre so i hugen.“

„Du tarv ikkje løyna det, er det ikkje sant, at du vilde gjerne ha Konstantin til kjæraste?“

„H a n? nei daa tok eg heller han Blinde-Konrad; eg hev ikkje hug til aa fylla den halve tylvti hans. Eg bryr meg ikkje um aa ha nokon kjæraste; eg vil vera ugift.“

„So segjer alle gjentor.“

„Du skal faa sjaa det vert aalvora med meg.“

„Naar du kann faa ein god mann, skal du ikkje vera so vand paa det.“

„Kven skulde eg faa? Ein gamall enkjemann som alt hev grave ned eit par konor? Nei, naar eg ikkje lenger kann vera hjaa dykk, so veit eg kva eg vil. Eg hev lova Grete at eg skal koma til henne i Amerika. Men eg er so glad for at du enno bryr deg um meg. Det er daa kje so at ein slett ikkje torer sjaa paa ledi etter gamle vener, for di um ein er i prestelæra?“

„Eg ynskjer rett av hjarta at eg kunde hjelpa deg til aa verta lukkeleg.“

Emmerensa saag paa han, og det lyste av gleda i augo hennar. So sa ho: „Det hev eg alltid tenkt at du var god, og eg hev aldri trutt

du var stor paa det. Spør berre mor di, me talar ofte um deg. Kjenner du det ikkje i høgre øyra?"

Dei vart standande enno eit bil og drøste. Emmerensa fortalde at ho las brevi hans for mori, og at ho mintest mest kvart ordet. Ivo tykte daa det var hans skyldnad aa segja, at han heller ikkje hadde gløymt henne, og han bad henne at ho alltid maatte vera god og snild. Han laut tvinga seg til aa vera heilt roleg, for han var sterkt teken av det trufaste og ærlege laget hennar.

Det ringde, og so kom det nokre gamle konor fraa kyrkja og bar salmebøkerne i henderne; daa gaadde Ivo at han hadde gløymt ottemessa.

„Kvar helst er du paa arbeid i dag?" spurde han.

„Utmed dammen."

So helsa han „Gud vere med deg" og gjekk utetter bøarne paa ei onnor leid. Han kjende seg ofte dregen dit som han visste at Emmerensa var; men daa gjekk han berre so mykje forare, so han kunde staa imot freistingi. Sistpaa gjekk han heim og tok ei bok og vilde lesa; men han kunde ikkje halda tankarne samla. So tok han fram papir og sette seg til aa skriva eit brev til Klemens; han vilde lata han faa vita um alt han gjekk og tenkte paa. Men han tok snart og reiv papiret sund og trøysta seg

med at han snart skulde faa sjaa venen sin att.

Han heldt seg mykje mindre heime no enn han hadde gjort fyrr. Han var ofte halve dagarne i smidja hans Jakob. Smidjorne er samlingsstad for alskyns lausgangarar og gamle folk og letingar; der kjem innanbygdes og utanbygdes folk og fær gamparne sine skodde, eller dei kjem med arbeidsreidskap som skal vølast; og liksom belgen alltid blæs elden upp att aa nyo, soleis fær samtalen alltid ny nøring. Ivo tenkte ofte paa koss det kunde vore, um han hadde fenge lært smedehandverket, soleis som han ynskte daa han var liten. Han sette seg fyre at naar han ein gong vart prest, so vilde han ofte gaa innum i smidjorne og bera fram mangt eit godt ord der, naar det fall seg so. Men naar han so tenkte paa at han kann-henda aldri kom so langt som til aa verta prest, sa han med seg sjølv: „Like godt, men so skal eg ikkje verta slik ein som studenten.“

XIII.

Tvidraget.

Daa Ivo var komen attende til klostret, drygde han nokre dagar fyrr han tala med Klemens um det som rørde seg i hugen hans; han var rædd aat aa vaaga det.

Ein gong dei var uti skogen att, treiv Klemens Ivo i handi og sa: „Eg hev sét det i ein draum korleis satan hev sett garnet sitt ut for deg.“

Ivo gjekk ved at han hadde vorte glad i Emmerensa.

„Ve yver deg!“ ropa Klemens, „ve, freistaren er komen til deg òg! Dersom auga ditt forfører deg, so riv det ut. Du skal trø ned denne helvitslogen i deg, um det so skal kosta deg livet.“

Ivo laut no straks gaa til skrifte. Ein fekk aldri vita kva slag bot det vart lagd paa han; men daa Klemens vilde at dei skulde taka til aa sova paa berre golvet og elles talma seg paa alle maatar, var Ivo straks viljug til aa vera med paa det. Naar Klemens sov sat han mest alltid og rette ut armarne, so det skulde sjaa ut som ein kross.

Med all si magt slo Ivo ifraa seg alle verdslege tankar og søkkte seg paa nytt lag ned i den teologiske lærdomen. Men det varde ikkje

lenge fyrr eit framandt vette forfylgde han jamvel her paa denne heilage grunnen. Han vaaga ikkje aa segja det med Klemens; han visste at det daa vart klage og ve-roping att. Soleis vart grunnen lagd til sundringi millom dei tvo venerne, og so ein dag bar det laust for aalvora.

Klemens tala ein gong um guddomen aat Kristus, og at han tok paa seg den pinefulle dauden paa krossen; dette synte best at han var Gud og heimsens frelsar.

„Eg ser ikkje noko so yvermenneskjelegt i dauden paa krossen," sa Ivo heilt rolegt. „Det er heilagt aa døy skuldlaus for eit høgt maal ein hev sett seg, men ikkje noko meir enn menneskjelegt. Ikkje den krossfeste Kristus, men han som livde og lærde, han som var so full av kjærleik som ingen fyre han, det er min frelsar. Han vilde vera den same for meg, um han so aldri hadde late livet paa krossen og soleis sannprova at han var send fraa Gud, og um jødarne hadde teke vel imot han og late han liva. Ikkje den krossfeste Kristus, men den livande, det guddomlege livet og den himmelske læra hans, er min frelsar og atterløysar."

Klemens stod der og skalv yver heile kroppen, augo hans rengde seg, og med knytt neve slo han Ivo i andlitet, so det gneista for augo hans og kinnerne glødde.

Ivo stod roleg, men Klemens kasta seg ned framfyre han og treiv han i handi og ropa:

„Kasta deg ned i dusti saman med meg, di svivyrda! Den hardaste refsingi for gudløysa di hev Herren lata deg faa av mi hand. Eg vilde det ikkje, men Herren sende armen min imot deg. Du er hjartebroren min, og fraa meg skulde du faa refsingi, so du kunde kjenna som eit tvieggja sverd fara gjenom beini dine. Vil du no reka meg ifraa deg, so er det den hardaste straffi som Herren kunde leggja paa deg; han tek ifraa deg den beste venen din. Gjer som hugen din byd deg, jaga meg ifraa deg, so er du tvifeld ulukkeleg. Herren maatte søkkja deg i det djupaste myrkret, at du kunde koma til ljoset; han maatte lata deg drikka malurt og metta deg med gall, til dess at lygn-aandi fór utor deg, og syndesøyla gjekk av deg. Herre! eg ofrar deg eit stykke av hjarta mitt, venen min; lat det tekkjast deg aa taka imot offeret. Du, Herre, er venen min! Forlat meg at saali mi feste seg ved honom som er makkefødа. Gjev meg din naade, gjev meg lidings-skaali full, leid meg paa klungervegen til deg, til deg!“

Ivo stod og saag paa Klemens og var tung i hugen; han kjende so vel den ofselege braahugen hans. Han vilde lyfta han upp, men Klemens skauv han ifraa seg, og Ivo skyna snart korleis tankarne hans gjekk i villa. Med usegjeleg hugverk saag han paa venen sin, det

var som det vøre liket hans han hadde for augo; og so var det som hans eigi saal stod utanfor hans eigen likam, og at den òg var livlaus og berre skalv i dei siste andartak. Det svimra for han. Endaa ein gong freista han aa lyfta venen sin upp, men so reiste Klemens seg snøgt upp og ropa strengt:

„Vil du gjera bot? Vil du vaska rusti av saali di med angertaaror?“

„Nei.“

„So far til helvite!“ ropa Klemens og slo til han att. Men Ivo varde seg, og so sa Klemens: „Slaa meg, trø paa meg, eg skal gjerne tola alt, men eg lyt frelsa deg, Herren vil det.“

Daa snudde Ivo seg or vegen og tagde og gjekk ifraa han.

Mange og lange dagar gjekk Ivo der still og tankefull. Den strengen som hadde klunge heilast i saali hans, hadde sprunge med ein kvass missljod. Han hadde grave ned ein fager kjærleik, og han syrgde tungt og usegjelegt. — Og no, daa han hadde sét korleis trui kunde verta til ofsing og villa, vakna det mang-ein blundende tvil hjaa han. Han var „tvifeld usæl“, som Klemens hadde spaatt, men han visste ikkje nokor raad.

Kapellanen i Horb hadde vorte professor i Tübingen, og han hadde enno eit-slag godleik for Ivo. So slo Ivo seg til honom med all sin hug og fortalde um all den hugsotti han bar paa.

Det var um jomfru Maria han vaaga aa ha mest med tvil. Han spurde fyrst um ho som var berre eit heilagmenne, var alle stader nærverande, med di dei alle stader bad til henne. Professoren saag forbina paa guten; so sa han: „Dette um „nærværet“ er berre menneskjelegt og laant ifraa dei kropslege ting, og gjeld med retto berre for dei. Naar me legg ordet „allstad“ til „nærverande“, vil me berre maalgreida oss um heilskapen i tilværet; me trur at me med dette fær eit nytt umgrip eller ei ny skilning, men i røyndi er det ikkje so. Me kann ikkje fata noko yverjordisk med tanken vaar; soleis kann heller ikkje den tanken me gjer oss um nærværet verta bruka til mælestav, naar me talar um at ei aand er ein stad. Me fatar aldri dei aandelege ting med tankarne, men med trui.“

Ivo var vel nøgd med dette svaret. So vaaga han seg endaa til aa spyrja koss ein kunde tala um „jomfru“ Maria, naar brørne til Jesus var nemde i bibelen.

Professoren svara: „Det græske ordet „bror“ skal ein ikkje taka etter bokstaven; det er eit austerlendsk ord som er laant or hebræisk og tyder so mykje som frende eller ven.“

„So skulde ein heller ikkje taka ordet „Guds son“ etter bokstaven; det kann òg berre vera eit austerlendsk ordlag?“

„Slett ikkje; dei messianske ordi i det gamle testamente og evangeliarne og i læreset-

ningarne aat kyrkja talar greidt for at det er aa taka etter bokstaven. Og dess-forutan" — sa han og agta vel paa andlitet hans Ivo — „so vart Gud menneskje berre for di det skulde gjeva manne-tanken noko fast aa halda seg til; for, som eg fyrr hev sagt, det yverjordiske kann me ikkje fata eller skyna. Det er og vert alltid ein løyndom som me berre kan tru, og trui vil bu i deg naar du rett legg vinn paa aa halda saali di rein og barnsleg."

„Ja det er ikkje so lett," sa Ivo ustødt.

„Eg vil gjeva deg ei trygg raad," sa pro-fessoren og la handi paa oksli aat Ivo. „Kvar gong det kjem upp ein tanke i deg som driv deg burt fraa trui, so skal du straks bannstøyta han med bøn og lesing; lat han aldri faa raada med deg. Det gjeng oss med Gud som med ein ven; hev me lenge havt hugen vaar vend ifraa han, so finn me ikkje so lett vegen til hjarta hans att."

Ivo vart sterkt teken av denne lærdomen og denne likningi; men det var for seint.

Ein skulde venta at ei slik rannsaking hadde drive Ivo burt fraa kyrkja og ut til dei ytste grensor for tenkjingi; men han var enno stødt truande i hug og haatt. Han tvila ikkje paa at det kunde henda underverk, og berre den som stend paa ein slik tryllargrunn, stend enno fast i kyrkjetrui. Aa tru er aa gjeva seg yver til

det ein ikkje kann skyna eller tyda, eller med andre ord til underet.

Men naar den teologiske studeringi bar Ivo imot, so hadde det endaa ein heilt annan grunn, ein som han skyna betre for kvar dagen; det var den gamle hugen til arbeid. Tankar som han alt hadde gjenge med daa han var i klostret i Ehingen, men som sidan var nedkvævde, kom no upp atter i han. „Det er ikkje sveittearbeidet med henderne som er straffi for den fyrste syndi," sa han med seg sjølv; „men sidan menneskje ein gong hev ete av kunnskapstreet, so lyt det til ævelege tider stunda etter det, og fær likevel ikkje metta seg. Med sveitten i andlitet leitar det etter føda for saali; dei turre papirstykki er blad paa kunnskapstreet, og millom dei skal frukti vera aa finna. Sæl er den som hev fenge det heilage joletreet — med ljos som er kveikte av ei høgre hand — til kunnskapstre. Arbeid og yrke! Berre dyret liver utan arbeid; det gjeng ut og finn føda si og lagar ho ikkje til. Men menneskje grip inn i den ævelege skapande krafti aat jordi og er fritt med i det arbeidet som allskapningen gjer; det vinn seg signing i arbeidet og fær fred og ro i saali. De blinde romarar! Ordtaket dykkar var: aa liva er aa strida, og de gjekk ut og la brørne dykkar under dykk, so de kunde fara inn i Rom med byrge siger-rop. Nei, aa liva er aa arbeida. Det er nok ein strid med kref-

terne i naturi; men det er ein strid i eit fritt liv og i kjærleik som skaper verdi um; den harde steinen lyt vægja for meitelen og verta til eit fagert hus. Og framfor alt vere du lova, du jorddyrking! Du straar eit sjufeldt liv i fòrerne i jordi. Daa lyfter hjarta seg, daa veks aandi. Og liksom me dyrkar jordi og raar yver ho, soleis lærer me med det same aa tvinga og styra jordmenneskje i oss. Og liksom me ventar regn og solskin ovantil, so verket vaart kann veksa og mogna, so er det din vilje, Herre, aa lata din naade koma yver oss, so saadet i saali vaar kann trivast. Gjev meg ein liten jordflekk, og eg vil dyrka han sjufeldt, so dei løynde krefterne maa renna upp i aks som bøygjer seg bedande for andedraget ditt. Eg vil lyfta dei trælutte henderne mine upp imot deg og lova og takka deg, til du ein gong tek meg upp i æreriket ditt.

„Eg vilde nok vera prest," sa han ein annan gong med seg sjølv, „men berre um sundagen. Naar ein liver med Vaarherre heile vika, og liver av det ein veit um han, og naar ein er likso mykje heime i kyrkja som i si eigi stova, so hev ein korkje kyrkja eller sundag lenger. Aa so fagert det var i den tidi eg kom aat kyrkja um sundagen og sa: god morgon, Gud! Soli skjein paa ein annan maate, husi saag annleis ut, og heile verdi var annleis enn i vyrka." Han hugsa kanskje paa Emmerensa, for han sa

endaa: „Eg likar heller ikkje prestelivet hjaa lutheranarane. Aa føda kona og ein flokk born berre med aa preika, nei!“ So lurde dei teologiske tvilsmaali seg fram, og han sa ein gong: „Teologien skjemmer trui. Kva skal ein med so mykje? Elska Gud og næsten din, det er nok.“

Soleis skalv og bivra det i hugen hans. Naar han tenkte paa Emmerensa, vart han ofte glodheit i andlitet, og sidan kom det kaldefloger yver han, naar han kom i hug lagnaden sin.

Han hadde no sett seg fast fyre at han vilde gaa or klostret, og han tenkte mykje paa koss han skulde segja det med foreldri. Det var vandt aa greida ut for dei at han ikkje hadde det rette kallet til aa verta prest og heller ikkje kjenda seg heil i trui.

Daa kom det ein dag ein mann fraa Nordstetten med eit brev fraa lensmannen til forstandaren; der stod at dei gjerne vilde faa Ivo heim for nokre dagar. Mor hans var sjuk, og det maatte ein svær operation til. Men dette vaaga ho ikkje utan son' hennar var heime.

Ivo skunda seg og fylgde bodberaren paa heimvegen, og otten dreiv og jaga han. Han fekk no vita at mori for ei heil tid sidan hadde brote ein arm, ein gong ho datt ned av troppi. Ho hadde ikkje brytt seg um det; men no hadde det versna, so dei laut brjota armen ein gong til og setja han i rette laget, elles laut ho døy. Berre for borni si skuld vilde

ho halda paa livet og tola den pinefulle helsebøtingi.

Det skar Ivo i hjarta at bodberaren stødt tala um mori som ho alt skulde vera daai, eller som ho laag i dauds von. „Ho var den hævaste kona so langt som dei koka mat," var jamt vedkvædet hans.

Mor og son vart sterkt tekne, daa dei saag einannan att. „So, no kann eg tola alt betre, naar du er her," sa ho.

Dagen etter kom lækjaren. Han vilde at dei skulde binda henne for augo; men ho sa: „Nei, flytt sengi midt i stova, so eg kann sjaa frelsaren, og de skal faa sjaa at eg ikkje skal røyva meg og ikkje klaga." Dei talde henne ifraa dette, men maatte sistpaa lata henne faa sin vilje. I handi paa den sjuke armen heldt ho rosekransen, og med den andre heldt ho Ivo i handi; augo hennar var feste paa krusifikset, og so sa ho: „Aa min frelsar, du hev bore dei største pinslor og berre smilt aat dei; gjev meg kraft og haldt meg uppe naar eg vil skjelva. Og naar sverdet fer meg gjenom saali, vil eg minnast deg, heilage Guds mor, og bera det med tolmøde. Ver med meg og bed, Ivo."

Det kom ikkje ein klageljod ifraa henne, daa dei fullførde operationen. Alle som stod rundt ikring sukka og gret, daa dei trykte so hardt paa beinet at det knaka. Faren seig mest i uvit, so dei laut leida han inn i stova attmed,

og der tok han til aa graata og klaga seg høgt. Men Kristina sjølv leda ikkje paa seg; berre munnen røyvde seg, augo hennar var heile tidi feste paa frelsaren, og det lyste ein heilag glans i dei.

Daa alt var yver og sjølve dokteren laut rosa den sjuke kona for ho var so sterk til aa tola, sokk hovudet hennar ned paa høgjendet, og ho let att augo; men det laag enno som eit ljosskin yver andlitet hennar. Alle som inne var stod stille og undra seg. Faren var komen inn att. Han lutte seg yver kona si og kjende at ho anda; daa saag han upp mot himmelen og skaut anden djupt og sa: „Gud vera lova!“ Ivo la seg paa kne attmed sengi og saag upp paa mori og bad. Alle la henderne stillt i hop; ingen vaaga aa segja eit ord, og det var som Guds ande fór gjenom hjarto aat dei alle.

Daa mor Kristina vakna upp atter, ropa ho paa Valentin. Han skunda seg burt til henne og tok handi hennar og gret og trykte ho inn aat bringa si.

„Ikkje sant, du vil tilgjeva meg?“ sa han sistpaa. „Du skal aldri meir høyra eit vondt ord fraa meg. Eg er deg ikkje verd, det ser eg no betre enn nokosinne; og hadde Vaarherre teke deg ifraa meg, so hadde eg gjenge fraa vitet.“

„Ver roleg, Valentin, eg hev ingen ting aa forlata deg. Eg veit vel at du er god, endaa

um du ikkje alltid syner deg som du er. Syrg no berre ikkje; alt vert godt atter. Vaarherre hev berre vilja røyna oss.“

Kristina kom seg att vonom snarare. Og Valentin heldt ord. Han vakte yver kona si som det skulde vore eit høgre liv. Det minste teiknet fraa henne var eit kjærkome bod for han. Dei laut nøyda han til aa unna seg litegrand nattero.

Emmerensa og Ivo skiftest med aa vaka hjaa mori, og ho sa daa ein gong: „De er gode og snilde born. Vaarherre vil til vissa laga det godt for dykk.“

Dei tala ofte lenge med einannan, naar mori sov og den eine kom og løyste den andre av. Ivo fortalde ein gong kor saart og hardt han lengta etter aa faa røyna seg med tungarbeid. „Ja det kann eg skyna,“ sa ho; „eg kunde ikkje liva, naar eg ikkje hadde mykje aa gjera. Eg vil ikkje rosa meg sjølv, men i arbeid kann eg kappast men kven det er i landsbyen.“

„Og hadde du no ditt eige hus-stull, trur du ikkje daa du skulde arbeida endaa meir?“

„Ja,“ sa Emmerensa og strauk ermarne betre upp og spana dei sterke armarne sine, liksom ho skulde taka til daa med det same. „Ja um so var! Men ikkje noko arbeid er meg for stridt no heller.“

„Tenkjer du paa noko, naar du arbeider?“ spurde Ivo.

„Ja visst.“

„Kva daa?“

„Aa det som kann renna i hugen; eg legg det aldri paa minne.“

„Seg meg eitkvart av det.“

„Ja, men eg veit ikkje noko.“

Ho som elles var so frihuga, stod der reint handfalli og visste seg ingi raad.

„Blygjest du for aa segja det med meg?“

„Nei slett ikkje, men eg kann ikkje.“

„Kva tenkte du daa paa i dagmorgon, daa du skar rugen?“

„Det lyt eg fyrst sjaa til aa hugsa; men du maa ikkje læ aat meg.“

„Nei.“

„Fyrst so trur eg ikkje eg tenkte paa nokon ting; jau eg tenkte paa kor lenge me skulde halda paa med skurden. Sidan kom eg yver eit vaktelreir med smaaungar i; det tok eg og gjøymde undan, so ikkje gutarne skulde faa tak i det. Daa hadde eg gjerne vilja sjaa koss foreldri skulde undra seg, naar dei saag reiret sitt paa ein annan stad. So kom eg i hug visa hans Nazi, den som du syng so fagert, um den lengtande saali. So tenkte eg: kvar kann Nazi vera no? Og so . . ja so tenkte eg: d'er godt det snart er middag, for eg kjende eg var svolti. Sjaa det er altsaman. Du tykkjer vel ikkje det er mykje?“ Ho stod der so bljug og drog i

fyreklædet sitt og vaaga ikkje aa sjaa upp. So spurde Ivo:

„Tenkjer du ikkje paa kor underfullt det er at det kornet som menneskje saar, det lèt Gud veksa sjufeldt upp atter? at saadet sev under snøen til vaarsoli vekkjer det? og kor mange millionar av menneskje det er som liver av jordi, utan at ho vert uttømd?“

„Jau det hev eg nok òg tenkt paa, men eg hev ikkje kome paa det av meg sjølv; presten hev tala um det i preiki og daa eg gjekk og las. Naar ein sjølv hev so mykje med avgrøda aa gjera, kjem ein ikkje til aa tenkja paa slikt, ein tenkjer berre: er det snart skjært? gjev det mykje av seg? Men prestarne dei pløgjer ikkje og treskjer ikkje, dei kjem snarare til aa tenkja paa det.“

„Du skal leita oftare etter slike tankar, so kjem dei sidan av seg sjølv. Gjer det, Emmerensa.“

„Ja det vil eg, du hev rett, d'er godt at ein vert paamint. Naar du ein annan gong spør meg, skal du sjaa eg veit meir; eg er ikkje so styvi.“

„Nei, du er snild og god,“ sa Ivo; han vilde taka handi hennar, men heldt seg snøgt attende. Men han kunde ikkje for at han tykte betre og betre um henne.

— Ivo var uppriven og uroleg daa han fór attende til klostret. Han tenkte enno paa kor

sterk mori hadde vore, og han lova seg sjølv at han vilde freista aa vera lik henne. Men endaa noko anna gjekk han og tenkte paa: Paradiset i heimen hadde paa nytt lag reist seg upp for augo hans, upp or saarleik og sorg. Han kjende kor utømande ei sæla det var naar tvo hjarto heldt traust i hop og tydde seg inn til einannan i det umskiftelege livet. Den hugsotti som han alltid hadde kvævt ned med magt, braut seg no fram atter. Han tenkte paa Emmerensa, og han sette seg til aa graata i den døkke granskogen. Nedi dalen høyrde han ei sag kvina og gnella, han ynskte det var bordi til hans eigi likkista som vart skorne.

— — I den næste fritidi var Ivo mest jamt heime, og alle dér var lukkelege. Valentin var som umskapt; ingen sa eit hardt ord, alle var snilde og gode med einannan. Det var stødt som ein palmesundag i gamle dagar Men Ivo vart uroleg av all denne freden; all denne gleda gav han verk og ufred. Han saag no skilleg den audslege og gledelause framtidi si; for honom var det ikkje etla slikt eit lukkelegt liv.

Tvo store tilburdar gjorde denne fritidi endaa gildare. Johannes hadde kosta upp eit hus aat Konstantin, son' sin. Valentin og sønerne hans hadde bygt det, og Josef skulde halda talen daa det var ferdigt; han hadde nettupp i desse dagar vorte meister.

Alt folket i landsbyen hadde samla seg

framfyre huset. Meister og sveinar stod høgt uppe og sette ei ung-gran, prydd med all-slags band, uppaa mønet. Alle var forvitne paa aa faa høyra den fyrste talen hans Josef. Han helsa fyrst paa vanleg vis, og so sa han:

„Hit upp er eg komen gangande,
og korkje ridande eller hangande;
naar ingen hest eller sål eg hev,
so syng eg ikkje um det eit stev.
Det høgste hovud, vaar keisar mild,
— Gud signe honom eg ynskja vil —
og alle dei fyrstar og greivar store
lyt hava hjelp av henderne vaare.
Eg difor meg nemner timbremann glad,
eg fór igjenom so mang-ein stad
og saag koss dei bygde hytta og slott,
so eg kunde læra mitt arbeid godt.
Ja d e t so vil eg no segja deg:
naar alle dei jomfruer lika meg,
og eg var meister i alt mitt lag
og kunde dei kunster av alle slag,
so bygd' eg eit hus paa ein naalar-odd,
ein kunst som enno aldri er naadd.
Men no daa slikt eg slett-ikkje kann,
eg byggja lyt som ein tenksam mann.
Den som vil byggja ved torg og ved gata,
maa tola at kvar-ein fær røda og prata.
Eg likar det som vent er,
um ikkje plent det mitt er;

um ikkje eg det eiga fær,
eg fegnast naar eg paa det ser.
Drikk ut paa det, go'ven; skjenk i
aat meg med same, no er det tid.
Eg ynskja vil at dette huset
maa aldri detta ned i gruset,
og at vaar keisar maa hava heppa,
og ikkje hans fiendar undan sleppa,
at alle dei som her stend saman
maa hava helsa og godan gaman.
Gjev gaum, no drikk eg yver dykk alle,
og lukka ho no vil yver dykk falla.
Sjaa her eg allesaman skjenkjer,
alt med eg meir paa talen tenkjer."

Josef drakk; glaset datt ned, og det kom eit hundradfeldt hurrarop fraa folkemengdi. So heldt han ved:

„Med Herrens naadige hjelp og magt,
me dette huset hev bygt og takt.
Gud vere lova at alt gjekk vel,
og ingen datt ned og slo seg i hel,
at lukkelegt verket vart gjort til ende,
at ikkje uheppa og skade hende.
So bed me til Gud med von og med tru,
me alltid med lukka maa byggja og bu.
Gud halde si sterke, verjande hand
yver dette hus og det heile land;
og dei som i dette huset skal bu,
du signe dei alle og mette dei du.

Gjev lukka maa fylgja kvende og mann
i arbeid og kvild, kvar i sitt stand.
Tru ikkje dei fagre gjentor og gløymde,
det venaste berre til slutt eg gjøymde.
Dei alltid venlegt paa oss hev tenkt,
og desse kransar dei hev oss skjenkt.
Eg takkar for gaava! No skal me bera
kransar paa hatten til deira æra."

No kom Josef ned med ein rosmarindusk i hatten og eit nytt fangskinn paa seg; alle kytte yver han og ynskte han til lukka. Maria, festarmøyi hans, dotter til Hans-Jørg, kom og tok baae henderne hans; ho saag sælt paa han og saag sidan byrg og glad paa dei som stod rundt ikring.

Ivo stod attmed dei, og Josef sa til han: „Eg kann òg preika naar det gjeld, Ivo, kann eg ikkje? Dette er fyrste messa mi."

Ivo sukka tungt daa han vart mint um den fyrste messa.

Daa folket skildest og gjekk heim eller til gilde, vilde Konstantin plent faa Ivo med paa vertshuset; men han let seg ikkje lokka. Han vart standande enno eit bil framfyre det nye huset og tenkte paa kor lukkeleg Konstantin snart skulde verta, han som alt kunde kalla dette huset sitt. „Ein prestegard," sa han med seg sjølv, „er som eit skilderhus; d'er ingen som eig det, og ingen lèt etter seg noko merke

paa at han hev vore der. Ein einsleg vaktmann held seg der, til det kjem ein annan og løyser han av. Men eg vil ikkje vera sjølvkjær; er huslivet med sin hugnad aldri etla meg, so vil eg arbeida for andre og segja som Josef:

„Eg likar det som vent er,
um ikkje plent det mitt er;
um ikkje eg det eiga fær,
eg fegnast naar eg paa det ser.“

— Aatte dagar etter stod brudlaupet hans Josef. Daa gjekk det lystugt til. Mor Kristina sat i høgsætet attmed Ivo; han var enno alltid den som heile huset var byrg av. Han dansa ein gong med versyster si og sidan med Emmerensa. Ho var ovende glad og sa: „Sjaa no hev me òg dansa saman ein gong; kven veit um det ikkje vert einaste gongen.“

So kom den næsteldste bror hans Ivo burt til han med festarmøyi si og sa: „De skal òg taka dykk ein dans.“ Det vilde Ivo gjerne. Daa dei heldt upp kom mor hans burt til han og sa: „Du dansar fullgodt; kvar hev du lært det?“

„Det kann eg fraa eg var liten; spinnarkona lærde meg det i kveldingi um dagarne.“

„Skal me freista?“

„Ja kom, mor.“

Alle stogga daa Ivo dansa med mor si. So reiste Valentin seg og smelte med fingrarne og ropa:

„No spelemenner! spela upp for meg, det gjeld ei flaska. Kom, gamla!“ Han tok kona si i armen og leidde henne fram, og so dansa dei den gamle folkedansen. Han klikka med tunga og slo seg paa bringa og laar, han vogga seg upp og ned paa taa og hæl og gjorde allslags kast og krøkjingar; han heldt stundom fast i kona si, so slepte han henne att og trippa ikring henne og lutte med hovudet og rette ut armarne, som han vøre reint hugbrend. Kristina var bljug, men likevel glad, ho saag nedfyre seg og snudde seg mest alltid paa same flekken. Ho heldt eine enden av fyreklædet yndefullt i handi og smaug stundom under den høgre og stundom under vinstre armen aat mannen, og so tunna dei seg baae att og fram og heldt armarne upp. Og so enda Valentin sistpaa dansen med eit kast, so det skalv i tilet.

Soleis var denne fritidi gild baade heime og ute.

XIV.

Usemja.

Fraa alle desse gledor laut Ivo fara attende til klostret. Han raaka ikkje Klemens der lenger, han hadde fenge reisa burt eit aar fyre tidi og flutt til eit kloster i Bayern.

Ei ny sorg fekk Ivo daa han fekk høyra koss det hadde gjenge med Bartel. Denne snilde ungguten hadde alt for ei heil tid sidan gjeve seg yver til ei løynleg last som tærde paa mergen og likamen hans. Han sat stødt og gnog paa neglerne og gnika henderne liksom han fraus; han gjekk valtrande og ustødt, han var graakvit i andlitet, nasen var raud, munnen stod vidopen, og kinnerne var innsokne, so han saag ut som ei skræma, lang og uppskoten som han var. Han var paa veg til aa verta galen, og dei hadde havt han paa sjukehuset; dei vilde sjaa um det ikkje endaa skulde verta bedre med han, elles laut dei senda han burt fraa klostret for godt. Det raus i Ivo, daa han saag innum til han; naar han hadde ljose stunder var han talma av eit fælt agg i samvitet, og klaga paa seg sjølv so det var øgjelegt aa høyra.

Alt saag myrkt ut for Ivo; det var som sjølve lufti var full av pest. Sistpaa sette han seg til aa skriva til foreldri sine og sa at han hadde sett seg fast og urikkelegt fyre at han

vilde gaa or klostret, han var ikkje god til aa verta prest. Han vilde ikkje greida ut um grunnarne sine for dette, han visste vel at det ikkje vilde nytta stort. Dei vilde kalla han ein gudlausing, og det vart berre tvifeldt tungt for dei. Med fast hand skreiv han brevet, men han var skjelvhendt daa han i kveldingi la det i brevkassa. Daa han høyrde det glida ned, var det som alt det framfarne livet hans med det same sokk i gravi. So rette han seg upp atter og saag hugheil ut mot framtidi.

Nokre dagar etter kom foreldri hans til han og tok han med aat eit vertshus. Der fekk Valentin seg eit rom, og daa dei alle tri var komne inn, læste han døri.

„Koss er det no vore med deg?“ sa han til Ivo.

„Eg kann ikkje verta prest, kjære far! Sjaa ikkje so sinna paa meg; du hev daa òg vore ung ein gong.“

„So d'er d e t som ligg innunder, din radd! Kvifor hev du daa ikkje sagt det for aatte aar sidan?“

„Daa skyna eg det ikkje rett og hadde heller ikkje havt mod til aa segja det.“

„Ja venta berre, eg skal setja mod i deg, eg. Med deg gjer eg leiken kort; du vert prest, og dermed ikkje meir drøs um det.“

„Fyrr spring eg i vatnet.“

„Det er ikkje turvande. Du kjem ikkje

livande ut or dette romet fyrr du lovar med hand og munn at du vil verta prest."

„Det kann eg ikkje."

„Kann du ikkje?" ropa Valentin og greip Ivo i strupen.

„Far!" ropa Ivo, „for Guds skuld, far, slepp meg og tvinga meg ikkje til aa verja meg; eg er ikkje noko barn lenger."

Daa heldt Kristina mannen sin fast. „Valentin!" klaga ho, „slepper du han ikkje no straks, so ropar eg eldlaus ut gjenom glaset." Valentin slepte Ivo, og so sa Kristina: „Er dette du som lova meg at du skulde vera so snild og blid? Tilgjev han det, Ivo! han er ikkje so vond; han er daa far din, og Gud hev gjeve han magt yver deg. Segjer du eit hardt ord meir, Valentin, so hev du sét meg for siste gongen. Aa Ivo, for mi skuld, gjev han handi."

Ivo stod der og gret saart. „Eg hev daa ikkje sjølv valt aa verta prest, far!" sa han og hiksta, „og du er òg skuldlaus i dette; du kunde kje vita at eg ikkje dugde til det. Me skal ikkje lasta einannan for det."

Han gjekk burt imot faren og vilde taka handi hans, men Valentin sa: „Ja, rett so. Kva vil daa den storkaren verta?"

„Lat meg faa gaa paa dyrlækjarskulen eit halvaar, og sidan vil eg slaa meg til einkvar staden og vera dyrlækjar og bonde."

„Jau du veit kva du vil; og so skulde eg

leggja tvo hundrad gulden um aaret for deg i klostret? Daa kann dei ropa huset mitt til sals. Det vil lua rett fint, naar dei segjer: han Ivo hev vorte kattedokter, det var no alltid verdt aa lata huset sitt for det! Og kvar fær du pengar til aa gaa i læra for? Vil du liva av lufti, eller trur du eg gjev deg pengarne? Du kann føra sak med meg um morsarven din, men eg skal senda deg ei rekning paa det du hev kosta meg."

„Eg skal faa dei til aa venta med det som klostret skal hava, til dess eg fær arven min."

„Me hev tala nok, du tarv ikkje segja meir," braadde Valentin i. „Lyder du ikkje no, so tru berre ikkje at du hev nokon far meir her i verdi. Eg hev vore byrg av deg, men no torer eg ikkje lenger sjaa nokon i augo, eg maa vera glad til naar folk er so snilde at dei ikkje talar um deg." Taarorne rann nedetter kinnerne hans, og han heldt baae henderne for andlitet og sa: „Gjev berre eldingen hadde slege meg aat jordi fyrr eg fekk liva denne dagen." So la han hovudet inn mot glaskarmen og sparka i veggen og snudde seg ikkje fram att.

Mor Kristina hadde fyrr berre freista aa stogga paa dei og bede um fred. Men no tok ho til ords og var fastare i maalet enn ein skulde tenkt naar ein saag henne i andlitet: „Ivo, kjære deg, du hev alltid vore god og havt Gud i hugen, det finst ikkje ei vond aader i deg.

Eg vil ikkje tala um koss eg hev tenkt det skulde verta som ein himmelstige for meg, at du vart prest. Det er berre for di skuld eg no talar. For Jesu det dyre blod skuld, tenk deg um og bed, og Gud vil hjelpa deg og reinska hjarta ditt for alt det som ikkje skal vera der. Du hev daa alltid havt Gud i hugen. Men eg kann ikkje tala stort, det er som hjarta er aat aa springa i meg. Ver god og snild att som du var fyrr, ver den kjære Ivo'en att . .“ ho tok han kring halsen og gret.

„Aa mor, kjære mor,“ sa Ivo og slo armarne kring henne, „eg kann ikkje verta prest. Trur de daa eg hadde gjort dykk slik sorg, hadde eg kunna late det vera? Eg kann ikkje!“

„Seg ikkje det: eg kann ikkje, det er ikkje rett. Naar du berre rett vilde. Samla all di kraft og rist av deg alle vonde traaer, so vert det nok ei raad. Gud den allgode vil hjelpa deg, og du vert paa nytt lag vaar gleda og hugnad og eit godt barn for Gud og menneskje.“

„Eg er ikkje vond, mor, men eg kann ikkje verta prest. Riv ikkje hjarta sund i meg. Aa eg vil so gjerne lyda dykk, men no kann eg ikkje.“

„Aa lat han fara til helvites, den slarven,“ sa faren og reiv mori burt fraa sonen. „Kann du tola at mor di stend soleis og tiggar og bed deg?“

„Slaa meg i hel," sa Ivo, „men prest kann eg ikkje verta."

„Ut med deg og det fort, eller eg svarar ikkje for livet ditt!" ropa Valentin, og det stod skum i munnen hans; so læste han upp døri og skauv Ivo ut.

„Det er ute," sa Ivo og skaut anden djupt og gjekk ustødt nedetter troppi. Daa høyrde han staak ovantil romet; døri vart rivi upp, og mori kom farande ned til han. Ho tok han i handi og leiddest med han burt til klosterporten og sa ikkje eit ord; men daa dei skulde skiljast, sa ho:

„Lova meg det, at du enno vil tenkja betre paa dette, og at du ikkje gjer nokor ulukka paa deg sjølv."

Ivo lova det og gjekk stillt inn i det vesle romet sitt. Det var som golvet vogga under han; men inst inne i saali hans stod det fast, at ikkje nokor barnsleg rørsla skulde tvinga eller lokka han inn i eit livskall. „Eg hev skyldor mot meg sjølv og fær sjølv svara for meg," sa han. „Eg kunde gaa i dauden for di eg vilde lyda mor mi; men eit embætte som berre eit innvertes kall gjev rett til, k a n n eg ikkje og torer eg ikkje taka paa meg, naar eg ikkje kjenner dette kallet."

Um natti vakna han braatt upp, det var som han hadde høyrt mor si skrika og vorte vekt av det. Han reiste seg upp i sengi, og no tenkte

han paa kva det var for eit høgt og heilagt kall han vilde sleppa ifraa seg. Han saag alt det gilde og herlege som fylgde prestestandet: ein kunde vera ein kjærleg ven for dei fatige og ulukkelege og hjelpa og trøysta dei, — ein far for dei foreldrelause og einsame, ein som kom med ljos og fred til alle. Han vilde sjaa framum alle teologiske læresetningar; ja han vilde vera med i den heilage striden mot ovtru og menneskje-lærdomar og tryggja det reine himmelljoset for dei komande ætter. Han kvævde ned all hug til verdi og all sjølvsykja han fann hjaa seg sjølv; han vilde berre liva for andre og for det komande livet. Ingen dag skulde gaa utan han hadde styrkt ei saal og gledt eit hjarta.

„Naar eit stakars menneskjebarn græt i saar harm, so vil eg taka sorgi hans inn i mitt eige hjarta og lata ho strida ut der. Eg vil turka taarorne hjaa dei som syrgjer, og du, Herre, turka du taarorne av mitt andlit, naar eg er veik og ligg um næterne og græt yver det arme og einsame livet mitt."

Soleis tala Ivo med seg sjølv, og han kjende seg so lett og fri; det var som han var løyst fraa all jordisk tyngsla og kunde svinga seg upp til kjelda for all sæla. Og han kjende seg dertil so modig til strid, so gjenomstrøymd av kraft, det var som han no med ein gong kunde springa inn i den heitaste striden. Han vart som ør av gleda daa han tenkte paa kor glade dei skulde

verta heime. naar dei fekk høyra at han vilde venda attende til det rette kallet sitt, og denne sæle hugnaden bar honom inn i draumarne att.

Morgonen etter skreiv han eit brev heim og fortalde alt. Ordi hans var baade aalvorsame og audmjuke og fulle av gleda yver sigeren han hadde vunne, og han prisa det høge kallet sitt. Det som han ikkje hadde orka daa han skulde bøygja seg for foreldri sine, det gjorde han no av fri vilje. Men daa han no stod ved postkassa att og høyrde brevet glida ned, tykte han det var som han høyrde eit hogg av eit rettarsverd; han hadde sjølv skrive domen sin og sjølv fullfort han. Han riste paa hovudet daa han gjekk attende til klostret; det var ute med krafti hans; han var uppriven og usamd med seg sjølv. Han samla all den styrke han aatte og tok til med studeringarne sine att, og dette gav han fred og ro eit bil frametter.

Heime hjaa foreldri vart dei ovende glade, daa dei fekk brevet. Men so snart den fyrste gleda var yver, tok mori til aa faa eit sorgfullt drag yver andlitet naar ho smilte. Ho gjekk tankefull ikring i huset og tala lite. Um kveldarne naar ho ikkje lenger kunde sjaa godt, fekk ho ofte Emmerensa til aa lesa brevet høgt for seg, og daa ho kom til dei ordi: „Eg vil ofra livet mitt til Gud som hev gjeve meg det; eg vil gjera deg, kjære mor, den største gleda eg kann," — daa sukka Kristina tungt.

Ein laurdagskveld sat Kristina og Emmerensa og skala jordeple til morgondagen. Emmerensa hadde lese upp brevet enno ein gong, og so sa ho:

„Du gudmor, eg tykkjer stødt at du ikkje er so svært glad endaa, for di um Ivo vert prest. Seg det berre beint ut, eg ser det nok, og for meg tarv du ikkje løyna noko.“

„Ja du hev rett, til deg kann eg segja det; men til honom“ — ho tenkte paa mannen — „torer eg ikkje ymta ordet um det; daa vert det lauseld paa flekken. Eg tykkjer stødt det er som eg skulde ha gjort ei stor synd. Eg hev gjort det so tungt og saart for Ivo, og han er daa slik ein god gut; d'er ikkje ein vond blodsdrope i han, og so vil han verta prest for mi skuld; men hugen hans heng enno fast ved denne verdi, og daa er det ei stor synd.“

„Ja daa er det reint fælslegt, og eg kunde ikkje ha ei roleg stund, daa vilde eg sjaa til aa finna ei raad.“

„Ja men korleis? Eg vilde gjerne lata Ivo faa vita det; men attanfor ryggen paa honom“ — ho tenkte paa nytt lag paa mannen — „vil eg ikkje segja det til skulemeisteren, og sjølv kann eg ikkje skriva lenger.“

„Daa skal det lett verta ei raad, daa skriv eg brevet, eg kann godt skriva, og du segjer meg det fyre.“

„Ja det er sant, det kom eg ikkje i hug.

Du er ei hæv gjenta; kom, so tek me til no straks."

Men no var dei ille komne, for dei fann ingen tilskoren fjørpenn nokon stad, og so liten ein ting som dette kann synast, so var det likevel eit stort hinder. Emmerensa vilde gaa til skulemeisteren og faa han til aa skjera ein penn; ho vilde ljuga i hop eitkvart for kona hans, var so ho spurde etter um noko. Men dette vilde Kristina ikkje. „Me maa ikkje taka til med ei synd," sa ho. So sa Emmerensa at ho visste kvar skulemeisteren hadde pennarne sine; ho vilde taka ein av dei og leggja ti uskorne penne-fjører i staden. Men mori tykte det var synd, det og. Daa sprang Emmerensa upp og ropa: „No veit eg det. Son til syster mi, han Karl, gjeng i skulen, han skal gjeva meg ein." Ho sprang av stad og kom att med ein penn i handi og ropa av gleda.

No sette ho seg aat bordet og tok ei naal og drog veiken betre upp i lampa, og so la ho alt til rettes og sa:

„Seg no fyre det eg skal skriva."

Mori sat attanfor bordet i kraai under krusifikset og freista aa skala eit jordeple til.

„Skriv no: Kjære Ivo," sa ho. „Hev du det?"

„Ja."

„Eg tenkjer stødt paa deg; det er ikkje ei stund um dagen, og heller ikkje um natti naar eg

ligg og vakjer, utan du er i tankarne mine, kjære Ivo min.“

„Ikkje so snøgt, elles kann eg ikkje fylgja med,“ klaga Emmerensa; ho saag upp i ljoset og var eldraud i andlitet og togg eit bil paa pennen. Skilleg soleis vilde ho for sin part òg ha skrive til Ivo. So la ho andlitet tett ned til papiret og skreiv att og sa sistpaa: „Kjære Ivo min . . so meir.“

„Nei, les no fyrst upp det du hev skrive.“

Emmerensa so gjorde.

„Det er rett. Skriv no meir: Eg tykkjer ikkje rett um at du so snøgt hev teke ei onnor raad. — Nei stopp, skriv ikkje det enno . . soleis kann ein ikkje byrja.“

Emmerensa studde hovudet mot handi og saag framfyre seg og venta. Men mori sa:

„Du hev no høyrt kva som ligg meg paa hjarta; skriv no du altsaman, soleis gjer skulemeisteren òg.“

„Høyr du,“ sa Emmerensa og reiste seg upp, „slikt eit brev kann koma i urette hender eller koma reint burt, og me kann heller ikkje setja det rett i hop. D'er betre eg gjeng til Ivo og segjer alt med han. I morgon er det sundag, daa hefter eg ikkje burt fraa noko; graset hev eg slege, og no skal eg skunda meg og gjeva fenaden nattefôr; og denne eine dagen kann syster mi stella i fjoset. Jordepli hev me skala, og so skal eg laga alt til, so du berre tarv hengja

kjotgryta yver varmen. Gjenom dalen tek det berre sju timar til Tubingen, og eg skal fara so snogt som ein vind. Slik ein sundag er lang, og i morgon kveld er eg heime i god tid.»

„Vil du gaa aaleine? og med natti?"

„Aaleine? nei, Vaarherre er alle stader, og han held si hand yver ei stakars gjenta. Og eg lyt nok gaa med natti, elles kjem eg ikkje heim att i morgon, og daa skulde det verta ei skjelling med h o n o m."

„Eg kann ikkje segja nei, d'er som det lyt so vera, gakk i Guds namn! Der, tak rosekransen min med. Der er eit stykke sedertre fraa Libanon i han. Det hev mor til bestemor mi aatt, det skal verja deg." Ho tok rosekransen — han hekk paa kinnungen uppyver den vesle kjelen med vigslevatn — og flidde Emmerensa han.

„Gakk no ikkje for fort," sa ho. „Vert du troytt, so kann du koma att i yvermorgon, det er enno tids nok. Her hev eg ein liten sylvpening, den kann du faa med deg, og tak so braud med deg or bordskuffa, det forer velsigning med seg. Men kva skal eg segja naar folk spor etter deg? Eg kann daa ikkje ljuga.«

„Seg berre at eg hev det annsamt; dei tarv ikkje vita allting. Eg skal laga det so at eg er burte fyrr h a n kjem heim."

Emmerensa skunda seg og sprang upp og ned i tropperne og gjorde alt som ho hadde

sagt; so gjekk ho inn i koven sin og hadde paa seg helgarklædi. Mori hjelpte henne, og daa Emmerensa tok det finaste livstykket sitt upp or kista, datt det noko ut or eit papir og singla ned paa golvet.

„Kva er det?“ spurde mori.

„Aa det er eit glasbrot, det hev Ivo ein gong gjeve meg daa me var smaaborn,“ sa gjenta og skunda seg og gjøymde det att.

Daa Emmerensa var ferdig, stod mori der og fingra med bandet i fyreklædet sitt og løyste og knytte det; so sa ho: „Eg veit ikkje, men var det ikkje best du vart verande heime?“

„Verande heime? nei no skal ikkje sju hestar vera god til aa halda meg heime. Du hev daa gjeve meg lov til aa gaa, og det vilde vera fyrste gongen du ikkje heldt ord.“

Daa Emmerensa hadde vore inni stova ein gong til og gjort krossteiknet yver seg med vigslevatn, tok ho av stad. Uti døri freista Kristina enno aa faa henne til aa stogga; men Emmerensa sa berre „Gud vere med deg“ og la snøgt i vegen. Kristina saag etter henne med dei beste ynskje og velsigningar, daa ho gjekk gjenom hagen og ut paa marki.

Emmerensa tok denne vegen av di ho ikkje vilde raaka nokon i landsbyen. Maanen var løynd av ei myrk sky, daa ho gjekk utetter marki. Ho kom inn i døkke skogen og skulde gaa ned aat Neckar-elvi. Daa var det ikkje fritt

det raus i henne; alt ikring var so stillt og „so myrkt som i ei ku.“ Ho saag attanfor seg og tykte det gjekk einkvar etter henne; men det var berre ljoden av sine eigne stig ho hadde høyrt. So gjorde ho seg modig og hoppa fort i veg yver trerøterne som greina seg yver skog-stigen.

Emmerensa var vel upplærd i skulen; ho trudde ikkje lenger paa vette og skrymt. Men Kongle-Peter trudde ho fullt og fast paa, for det var so mange som hadde lote bera han paa ryggen. Ho lyfte gong paa gong paa akslerne og kjende etter um trollet ikkje alt sat der. Skognissen trudde ho òg paa; han velter seg framfyre folk som ein villkatt eller ligg som ein tre-stuv, og naar ein vil setja seg paa han, søkk ein ned i ei blaut myr. Ho heldt rosekransen fast kring handi.

Um eit bil kom ho fram til ei glenna i skogen. Der stod ein fager bøk, og uppaa leggen paa den hekk det eit bilæte av Gudsmori. Der la ho seg ned paa kne med rosekransen millom henderne og bad varmt og av hjarta. Maanen kom med det same fram or skyi og skjein bjart og blidlege ned yver henne. So reiste ho seg att og kjende seg styrkt og gjekk lenger.

Vegen gjekk no langs med Neckar-elvi. Granskogen stod myrk og tett radt upp til fjell-bruni, og dalbotnen var so trong at der berre var rom for elvi og vegen og nokre smale engjar

langs med. Alt var kurende stillt. Berre av og til kvitra ein fugl i svevnen, liksom han vilde segja: „Aa so godt det er aa liggja i reiret.“ Hundarne sette i og gjøydde. naar ho kom framum einsame bondegardar. Her og der var det kvernar i elvi; dei skrangla og banka i eino, men hjarta i gjenta banka endaa forare.

Emmerensa hadde aldri vore lenger enn eit par mil fraa fødestaden sin, og det kom mangslag tankar upp i henne der ho gjekk. Ho prisa fyrst den gode heimen sin: „Der er det noko anna, det ligg paa berget, og der er aakrar med ei jord so feit som flesk.“ Ho ynskte berre at Neckar vilde renna yver berget, so der ikkje skulde verta for mykje vatslaust.

Stjernorne skjein klaart paa himmelen; Emmerensa saag upp til dei og sa; „Det er daa fagert so mange millionar stjernor som d'er der uppe; det er mest som naar det lyser mange tusund gneistar paa ei sotutt panna, nei d'er mykje, mykje fagrare og heilagare, og der uppe sit Vaarherre og held vakt. Ein sev daa burt mykje fagert um aaret, og naar ein ikkje ser seg rett ikring, vert ein det heller ikkje var, um ein so hev opne augo. Han hadde rett, no gjev eg mykje meir gaum etter alt, og eg hev stor gleda av det.“ Daa saag ho eit stjernerap; ho lyfte upp henderne og ropa: „Ivo!“ Men etterpaa stod ho still og saag bljugt framfyre seg; ho hadde slept ut det løyndaste ynskje sitt; for

me veit at det ein ynskjer naar det rapar ei stjerna, det vert uppfyllt.

Emmerensa skunda seg frametter vegen og tenkte med seg sjølv: „Aa Gud, hadde eg berre aatt ei slik kvern, so skulde eg arbeidt som ein hest. Det maa vera gildt naar ein ser paa ein slik liten eigedom og kann segja: det er min. — Eg vilde berre vita kven han skulde gifta seg med, naar han ikkje vert prest. Gud er mitt vitne, eg gjeng likso gjerne for hans skuld um han tek ei onnor; — likso gjerne? nei, ikkje det, men svært gjerne likevel. Det er rett av han at han ikkje vil verta prest; det er daa ein tung kross at ein ikkje skal ha nokon her i verdi og ikkje høyra nokon til. Hadde Vaarherre vilja at ein ikkje skulde taka seg nokor kona, so hadde han skapt berre mannfolk og lata menneskje veksa paa trei. Men dette er daa reint gudlause tankar," sa ho med eitt og gjekk snøggare, liksom ho vilde røma for sine eigne tankar. Ho freista aa tvinga seg til aa gjeva gaum etter det ho saag ikring seg; ho lydde paa fossingi i elvi som rann der fram og fram og skunda seg liksom ho sjølv, og so tenkte ho: „D'er daa underlegt med slikt vatn, det renn og renn alt fort. Er det ikkje sant, du vilde nok helst fara din veg frametter soleis for moro og ikkje gjera noko til gagns? Men det fær du ikkje, du lyt flòta timber og driva kvernar; alt i verdi lyt arbeida og det er rett.

Det er just ulukka hans“ — ho tenkte paa Ivo — „han vil òg arbeida og ikkje berre preika og messa og lesa i desse bøkerne, for daa arbeider ein ikkje retteleg. Eg skal segja alt med han, men han maa ikkje gaa' nokon ting paa meg.“

Det tok til aa ljosna, og no fyrsta vart Emmerensa lett um hjarta att. Ho stelte paa klædi sine og gjekk ned aat elvi og vaska seg i augo og sletta haaret. Drøymande stod ho der eit bil og saag paa bilætet sitt i vatnet; so var det som alt gleid burt for henne, og ho stod og einstirde inn i noko som berre sveiv for tankarne hennar. — Daa ho tok til aa gaa att, saag ho seg ofte ikring og undra seg; det var so snodigt aa staa her aaleine paa ein framand stad i solrenningi, ein stad der ingen kjende henne eller visste noko um henne. Ho kjende nok at ho hadde gjenge ein lang veg, men det var likevel som ho skulde ha vorte trolla hit med ein gong.

Det var ein fin og klaar morgon i august. Lerka song uppi lufti, og trosti kvitra i skogen. Men Emmerensa høyrde ikkje stort paa dette; ho var so vel van med det, og so song ho med' ho gjekk.“

De berg og djupe dalar,
som høyrde tidt min song,
no med min ven eg talar
for aller siste gong.

I Rottenburg stogga ho og kvilde eit bil; so tok ho i vegen att med nye krefter. Men daa ho saag Tübingen, la det seg tungt yver henne koss ho no skulde fara aat, so ho kunde faa tala med Ivo i klostret. So hugsa ho med eitt at ho Lisbet hans Kristian tente hjaa sakføraren der. „Ho som tener hjaa ein slik mann, maa vel vita raad," tenkte ho; for alle folk fór til husbonden hennar, naar dei ikkje visste aa berga seg. Etter ho hadde gjenge der lenge og leita og spurt seg fyre, fann ho sistpaa fram til Lisbet; men *ho* visste kje nokor raad, ho gjekk til drengen og la den vande saki fram for honom.

Han fann snøgt ut at ei gjenta som vilde tala i loyndom med ein katolsk prestemann, ikkje kunde vera av finaste slaget; so sa han til Emmerensa: „Kom og fylg meg, eg skal syna deg vegen." Han vilde leggja armen kring halsen paa henne; men ho gav han eit slag for bringa, so det song etter. Han mulla noko um „tretolk fraa Schwarzwald" og gjekk sin veg og gav vondt.

„Høyr du," sa Lisbet, den kloke sakførartausi, „ver her til det ringjer saman og dei gjeng aat kyrkja; daa skal du setja deg fremst paa vinstre sida, so ser du Ivo uppaa trevet; so kann du gjera eit teikn til han, at han skal koma til deg etter gudstenesta."

„I kyrkja?" sa Emmerensa og slo henderne i hop. „Nei du hev daa vorte reint utskjemd i

byen. Daa fer eg heller heim att med ugjord ærend."

„Ja ja, so hjelp deg sjølv paa ein annan maate daa, du skinheilage ting."

„Eg skal so gjera," sa Emmerensa. Ho gjekk beine vegen til klostret, der bad ho um ho maatte faa tala med forstandaren, og daa ho kom inn til honom, sa ho i god tru at ho hadde noko aa tala med Ivo um.

„Er du syster hans?" spurde forstandaren.

„Nei eg er berre tenestgjenta i huset."

Forstandaren saag henne kvast i synet, men ho saag truhjartigt paa han, og so bad han famulusen fylgja henne til Ivo.

Ho stod attmed eit av dei store vindaugo i den lange forstovekvelven, til Ivo kom ut. Han kvakk daa han saag henne.

„Guds fred, Emmerensa, koss kjem du hit? Stend alt vel til heime?" spurde han uroleg.

„Ja alt er vel; mor di hev sendt meg med mange hjartelege helsingar; og eg skal segja at Ivo ikkje tarv verta prest, naar han ikkje gjerne og av hjarta vil det. Ho mor hev ikkje ei roleg stund; ho trur ho hev gjort det for tungt for han, og at han vert prest berre for hennar skuld, men det skal han ikkje, han er daa den kjære sonen hennar like godt, um han ikkje vert prest, — ja det er alt."

„Ver ikkje so rædd, tala beint fram med meg og gjev meg handi," sa Ivo daa ein av felagarne

hans med det same fór framum og var forviten; „eg er daa ikkje so framand for deg, me er gode gamle vener, er me ikkje?"

No skunda Emmerensa seg og fortalde um brevet dei hadde vilja skriva, og korleis ho hadde gjenge heile natti paa vegen hit; ho saag nedfyre seg og snudde paa hovudet, liksom ho leita etter eitkvart. Ivo saag varmt paa henne, og naar augo deira møttest, raudna dei baae; men dei blygdest for einannan og sa ikkje eit ord um det som rørde seg i hugen deira. Daa Emmerensa var ferdig med det ho hadde aa fortelja, sa Ivo: „Eg takkar deg so mykje; det kjem kanskje den tidi daa eg kann forskylda deg for alt dette."

„Aa d'er ikkje rodande um. Var det til nyttes for deg, og du sa: spring til Stuttgart til kongen for meg, — eg skulde ikkje eva meg lenge um det, eg gjekk med ein gong; og no tykkjer eg d'er som . . som". . .

„No, korleis?" sa Ivo, med' ho stod der og ikkje fann ord.

»Som . . allting no skal lukkast for meg og enda godt."

Dei stod eit bil framfyre einannan med kvar sine tankar og sa ikkje eit ord; so skaut Ivo ein tung sukk og sa: „Seg til henne mor at eg skal tenkja betre paa alt saman, og ho kann vera trygg for at eg ikkje skal verta noko laakt menneskje. Syt vel for henne og lat henne

ikkje arbeida for mykje med den laake armen sin. Næst etter mor mi er du og Nazi dei eg held mest av her i verdi.“ Dei saag nedfyre seg baae tvo, daa han sa dette. So tok han i att: „Hev de ikkje høyrt noko um Nazi?“

„Nei.“

Den tidi dei hadde fenge til aa tala saman var ute, fyrr dei rett gaadde det, og det tok til aa ringja.

„Du gjeng vel i kyrkja,“ sa Ivo.

„Ja, men sidan lyt eg skunda meg, so eg kann vinna heim att i dag.“

„Lèt det seg gjera, so skal eg koma ned under bakken nedmed elvi etter kyrkjetidi og raaka deg; men er det ikkje raad, so vil eg no beda velfara. Gud vere med deg! Gakk ikkje for fort, og . . og . . ver snild og god.“

Dei skildest. Endaa Emmerensa hadde svara Lisbet so kvast for eit bil sidan, sette ho seg no paa vinstre sida i kyrkja og var glad daa Ivo saag blidlegt ned til henne.

Etter gudstenesta stod Emmerensa og venta mest ein heil time nedi dalen; men det kom ingen. So tok ho til aa gaa og saag seg ofte attende; men sistpaa sette ho seg fyre at ho ikkje vilde gjera det fleire gongjer. „Det er best som det er,“ sa ho; „eg tykkjer stødt at d'er som eg ikkje hev ført det rett fram; men d'er best som det er.“ Ho saag ikkje attum seg, men sette seg paa ein bakke og aat paa nista

si; derifraa kunde ho sjaa yver heile vegen radt til byen. So reiste ho seg snøgt att og riste braudsmulorne av klædi sine og gjekk lenger.

Me kann ikkje fylgja henne heile tidi, men berre fortelja at ho kom uskadd og velnøgd heim. Me vil heller vera med Ivo, med' han gjekk der og dreiv ikring i tunge tankar. Han hadde funne seg til rettes att i det kallet han var sett til. Men no hadde dette bodet fraa mori løyst den faste grunnen under viljen hans att og gjort han utrygg paa seg sjølv. Og det at han hadde sét den gjenta han hadde huglagt, kveikte ein hard strid i han. Han hadde nok kunna koma ned i dalen etter gudstenesta; men han var rædd baade seg sjølv og andre og vart verande heime.

Den friske viljen han fyrr hadde møtt foreldri med, hadde vorte broten daa han sidan av fri vilje bøygde seg for dei, og no hadde han ikkje lenger nokor rett tru til si eigi kraft. Naar ein hev sett seg eitkvart fast fyre og sidan slege det ifraa seg, er det alltid vandt aa koma attende til det. Den friske mergen og det rette modet er burte; det er som med haai; ho er finare og klekkare enn det fyrste graset; men ho er ikkje noko kraftfôr.

XV.

Utløysingi.

Eit øgjelegt hende riste Ivo upp or harmen og hugverken att.

Bartel hadde paa namnedagen sin, Bartolomæusdagen, rømt fraa vaktmennerne paa sjukehuset. Han var so talma av verk i samvitet at han kasta seg ut gjenom vindauga og slo hovudet i knas. Dei vilde helst løyna dette for klostret si skuld, og Bartel hadde desforutan ikkje vore vitug; dei let han difor faa ei kristeleg gravferd. Klostergutarne fylgde han alle aat gravi; dei hadde fest syrgjeflor paa seg og spela ein syrgjeslaatt. Ivo bles hornet; tonarne flagsa i lufti som sundrivne klutar. Paa kyrkjegarden gjekk Ivo fram og heldt ein minnetale yver den avlidne. I fyrstningi stama han ein grand, og det bivra i aadrarne hans. Det var fyrste gongen at dauden hadde kasta eit lik i vegen hans og ropa til han: „Lær aa skyna livet og dauden!“ Liksom han ein gong hadde sét Klemens liggja som daud framfyre føterne sine, soleis saag han no den livlause hamen av ein ungdomsven liggja der. Han prisa fyrst livet, det frie og glade andedraget, og vilde bannlysa dauden fraa menneskja. Men so vart det meir liv i talen hans, og ordi strøymde fram som ei fossande kjelda. Han lova og let vel yver lagnaden aat honnm som no laag

her; han hadde vore eit stakars foreldrelaust barn, og no fekk han koma heim til far sin i himmelen. Vigsla kom yver Ivo fyrr nokor prestehand hadde lege paa han. Han svinga seg upp til truna aat allfaren, han la seg paa kne og bad um naade for venen sin. So bad han med nokre snøgge ord um naade for seg sjølv og um ei sæl endelykt for seg og for alle menneskje og sa sistpaa amen.

Klostergutarne spela ein kvik marsch, daa dei gjekk heim att. Dei som var med i denne himmel-heren skulde ha det paa same maaten som soldatarne i dei jordiske herarne: dei skulde ikkje lenge gjeva seg yver til sorgi, men snart gaa fram att med friskt mod, endaa dei jamt maatte tenkja paa dauden og ha han for augo. Ivo kjende òg ein ny livshugnad brydda i seg. Lagnaden hadde rive ifraa han dei tvo som stod han nærast, den eine hadde drepe seg sjølv paa aandeleg vis, den andre hadde teke livet av seg i royndi, — no kjende han seg aaleine og sterk.

Dei andre gutarne, felagarne hans, tok det lettare baade med livet og dauden og sin eigen lagnad. Dei gjekk alle saman til eit vertshus, og vilde etter gamall sed drikka gravøl etter den avlidne, — hundrad og ei krus øl, og taka kvar krus i eitt drag. Men Ivo gjekk aaleine, med hornet under armen, ut yver brui og lenger og lenger utetter. Soli var aat aa gaa ned,

og dei siste bjarte straalarne lyste yver jordi. Men maanen stod alt høgt uppaa himmelen, liksom han vilde segja til manneborni: Ottast ikkje, eg vakjer yver dykk og lyser paa dei stille vegjerne dykkar med natti, til ei ny sol kjem upp med glim og glans. Ivo sa med seg sjølv: „Soleis ottast og klagar menneskje naar ei læra fell eller eit livsljos søkk. Daa er ikkje alltid eit nytt livsljos med ein gong gjenge upp for dei, og likevel kjem det nærare og nærare, so ein ikkje gaar det. Men dei ottast den ævelege natti, av di dei ikkje enno kann sjaa ljoset, og av di dei ikkje litar paa det ævelege ljoset.“ — Det vart natt, og Ivo stogga; men so ropa han: „Burt, burt, aldri attende meir,“ og tok av stad att og gjekk forare og forare. Han slo inn paa ein annan veg, han vilde ikkje koma paa den leidi som heimstaden hans var. Han tenkte nok paa mori og den sorgi dette vilde gjera henne; men han vilde skriva til henne fraa Straszburg; dit tok han no vegen. Han tenkte paa at han vilde vera spelemann og liva av det, eller taka seg tenesta paa ein bondegard til han hadde tent i hop so mange pengar at han kunde fara til Amerika. Det var som han aldri hadde sete med bøkerne; han visste ingenting meir um alle dei teologiske læresetningarne og lærebygningarne. Han kjende seg som han skulde vera nyfødd; berre minne fraa den tidlegaste barndomstidi leika i hugen

hans. Soleis gjekk han heile natti og kvilde ikkje. Daa det ljosna um morgonen var han komen til ein framand dal. Der stogga han og bad varmt til Gud um hjelp. Han la seg ikkje paa kne, men saali hans laag i bøn framfyre Herren.

Daa han tok til aa gaa att, song og sulla han paa ei visa som han ofte hadde høyrt daa han var liten:

No, min kjære far, farvel,
ja farvel, liv heil og sæl!
Vil du enno son din sjaa,
upp paa høge fjell du maa.
Nedi dalen djup og trong,
du meg ser for siste gong.

No, mi kjære mor, farvel,
ja farvel, liv heil og sæl!
Tungt til livet bar du meg,
og til kyrkja gav du meg.
Dette er min ferdasong,
far no vel for siste gong.

Ivo sette seg paa ein stein og tenkte paa lagnaden sin. Han hadde ikkje anna „klingandes" med seg enn klangen i hornet sitt, og han skyna at han var nøydd til aa beda godt folk um hjelp til aa koma fram. Det er alltid saart aa ljota tigga, jamvel for den som er reinast i

hugen. Ivo raudna berre han tenkte paa det, og underlegt var det òg aa tigga naar dei var so velhaldne folk heime. Han hugsa tonen og nokre ord av ei gamall visa og song med seg sjølv:

Eg eig ikkje hus,
og eg pengelaus er,
og ingenting eig eg
i verdi her.

Daa saag han ei uksedrift koma frametter vegen, og fremst i flokken gjekk tvo svartsidutte uksar. Han slo lag med driftekararne og spurde kvart dei etla seg. Dei svara at dei skulde til ein slagtar i Straszburg med uksarne, og han fekk vita at dei no var paa vegen til Freiburg. Han hadde gjort ein stor krok, men var endaa paa rette vegen. So bad han mennerne um han maatte faa fylgja dei; han vilde hjelpa dei, og dei skulde gjeva han maten. Kararne saag paa den underlege guten i den svarte klædebunaden og med hornet unden armen, og dei mulla og kviskra eitkvart seg imillom.

„Aa fara til ufreden i Algier, det duger ikkje“, sa den eine.

„Daa er det betre aa taka straffi si eit par aar heime; det kostar ikkje hovudet“, sa den andre. Han smilte løynskelegt, so Ivo skyna at han sjølv hadde røynt det. Og han skyna

at dei heldt han for ein brotsmann. Men han vaaga ikkje aa segja noko imot det, for han trong um at dei tykte synd um han. Dei vilde ikkje lova han noko; men i Neustadt skulde dei raaka husbonden sin, so kunde han tala med honom.

So gjekk Ivo der still og tagall og fylgde drifti. Den karen som var kjend med tugthuset gav honom septeret sitt, svipa, og Ivo styrde uksarne med mild og fast hand.

„Kvar er dei tvo svartsidutte uksarne der komne ifraa?“ spurde Ivo.

„Ja er det ikkje sjaaandes at dei er komne fraa ein god stall?“ sa han som hadde tala um Algier. „Dei er kjøpte hjaa Buchmaier.“

Ivo sprang burt til dei og kjende straks att den svartsidutte uksen heimantil; han kjende 'n paa ein haardusk som stod og sprikte upp midt i skallen. Han tykte han sjølv hadde same lagnaden som uksen, og at han gjekk dauden til motars som den. Men endaa korkje kunde eller vilde han snu att. Men forbina vart han daa dei kom fram til Neustadt og driftekararne helsa paa husbonden sin, han stod og saag ut gjenom glaset i vertshuset: det var Florian. Han vilde snaudt tru sine eigne augo, fyrr Florian kom imot han og storlog og baud den underlege driftekaren velkomen.

Ivo fortalde no alt, og so slo Florian i bordet og ropa: „Ei flaska til! Godt, det var

rett, eg hjelper deg fram, det hev du mitt ord paa. Men ditt narr du er, utan pass kjem du ikkje til Straszburg. Men sjaa her", sa han og smaug snøgt ut or ei blaa yverskjorta han gjekk med, „hav den paa deg, so held alle deg for ein slagtar fraa Straszburg. Og den der", sa han løynsk og lyfte paa den tunge „pengekatten" sin, „tak den paa oksli, han gjer deg snøgt til ein av oss".

Ivo fann seg gjerne i alt dette, og daa han hadde fenge seg ei god styrkjing, fylgde han Florian lenger og var baade glad og nøgd. Florian var glad han òg, daa han fekk fortelja um alt det han hadde vore uppi, og fekk gjera Nordstettarfolket ei pretta; og attaat det so vilde han gjerne hjelpa Ivo.

Det var ein heit dag. Daa dei var komne upp Helstigen, heldt dei dagverd. Florian vilde at Ivo skulde drikka i eitt standande. Det vart so for mykje at Ivo helst vilde sleppa ifraa han eit bil. Han gjekk inn i smidja attmed vertshuset og tala med smeden; der kjende han seg rett som heime. Men braatt rann det han i hugen at her budde den mannen som ein gong hadde løynt Nazi. Han vilde just spyrja etter han; daa sa smeden til visarguten sin;

„Der, tak og ber desse tvo plogjarni burt til storbonden."

„Kor langt er det dit?" spurde Ivo.

„Ein god fjordung."

„Eg vil vera med“, sa Ivo. Han sprang inn i vertshuset og sa til Florian at han kom att um eit lite bil og skulde snart naa attpaa dei paa vegen. So hadde han yverskjorta av seg og tok hornet under armen.

Han gjekk i lag med guten yver engi og nedetter skogstigen. Nedanunder høyrde dei elvi fossa og kvernarne skrangla. Ivo tenkte paa Nazi, og det var som han tykte den gamle drengen maatte stiga fram for kvart eit tre. So sa han til guten:

„Er bonden ein god mann?“

„Ja betre enn broren, han som døydde“.

„Kva er døypenamnet aat den bonden som no er?“

„Det veit eg ikkje; han heiter storbonden. Han hev vore i mange land og vore baade dreng og dokter“.

Ivo laut hauka av berre gleda; hit hadde Guds finger ført han.

„Kor lenge hev storbonden vore her“, spurde han so.

„I tvo aar. Eit aar var han tenestdreng hjaa bror sin. So døydde broren, og folk segjer at d'er denne-her som er skuld i det; han er som ein trollmann og hev vilja drepa bror sin ein gong for mange aar sidan òg. Det var ikkje born etter han som døydde, og so fekk broren garden. Men han er elles ein skila mann.“

Det gjorde Ivo ovende vondt aa høyra at dei enno heldt Nazi for brormordar, av di han

ein gong var aat aa gjera ei slik synd; men han trøysta seg med at det berre var slarv og drøs som ovundsjuke og vonde folk fór med.

Dei gjekk framum sagi, der Nazi hadde vore so mykje daa han var ung, og Ivo tykte det var gildt aa sjaa at der stod eit fagert natetre attmed bergsida, nettupp liksom framanfor huset heime.

No gjekk det skjott uppetter paa andre sida. Ivo visste vel kva „ein fjordung veg" millom grannar vilde segja hjaa bondefolk; men at det skulde taka meir enn ein time, hadde han likevel ikkje tenkt. Han vilde gjerne koma snøgt fram, og so tok han og bar dei tunge plogjarni for guten, so han kunde halda fylgje. Soli skjein, og det anga av kvaada fraa granerne; dette fekk Ivo til aa hugsa barnedagarne sine so underleg klaart. Han saag seg sitja paa høy-eta saman med Nazi, han var med han ut-paa marki, — med song og glederop dansa alle bilæti fraa barndomen ikring han. — Daa dei kom upp paa høgdi, saag Ivo det litle huset han hadde høyrt so mykje um. Ei bleik kvinna saag ut gjenom glaset; det var Lisa, ho budde der no aaleine att.

Ivo tenkte paa kor underlegt det var at kyrkja vaaga aa snu det klaare bibelordet um til eit forbod. Etter det gamle testamente skulde ein mann gifta seg med den barnelause enkja etter bror sin; men den kanoniske retten for-

baud det beint fram. Nazi og Lisa fekk soleis aldri gifta seg. Ivo strauk seg med handi yver skallen, liksom han vilde jaga dei siste teologiske minningarne ut or hovudet.

Dei kom nærare og nærare upp mot storgarden; vegen var god og vel i stand. Endeleg saag dei det fagre huset sjølv, daa dei stod tett framfyre det. Ivo fekk auga paa Nazi; han gjekk der og raka høy og hadde ein heil flokk drengjer og tauser ikring seg. Men Ivo sprang ikkje burt til han med det same; han sette hornet for munnen og bles lunden til den gamle visa:

Ved døri til himlen
ei lengtande saal
ho stend der so sorgfull
og ventar med tòl.

So ropa han „Nazi!“ og dei tvo venerne som her hadde funnest, slo armarne kring einannan av gleda.

* * *

So er me komne paa jamn veg og er snart ferdige med soga vaar. Ivo vart verande hjaa Nazi og hadde det som ein bror i huset. Nazi var ein rik mann og kunde hjelpa han paa alle maatar. Sistpaa fór han til Nordstetten og var

bidlemann for Ivo og henta Emmerensa; ho var reint som fraa seg av gleda.

Alt folket i landsbyen og jamvel foreldri sona seg med den vendingi det hadde teke med Ivo. For naar det gjeng godt for ein mann, tek folk eit umskifte med ro, um dei elles vilde døma hardt um det.

Nazi let Ivo faa sagi; der arbeidde han idigt og med hugnad saman med Emmerensa. Um kvældarne sit han ofte under natetreet og blæs paa hornet, so det ljomar vida ikring. Og rundt ikring paa gardarne stend gutar og gjentor utpaa tunet i maaneskinet og lyder paa tonarne. Emmerensa tala ein gong med Ivo um dette. Daa sa han: „Ja, i musiken hev me eit bilæte paa det rette mannelivet. Eg spelar berre for oss; men naar eg veit at tonarne flyg langt burt og er til gleda for andre folk, so er det endaa gildare, eg vert endaa gladare og betre. Naar berre kvar og ein gjer sine ting rett og vel, so hjelper han andre med og er til gleda for dei. Eg hev ikkje vore so fri for kjærleik til meg sjølv at eg kunde spela berre for andre; eg dansar gjerne med sjølv og."

„Ja", sa Emmerensa, „du er lærd, men eg skynar deg likevel godt. Daa eg saag gutarne sanka konglar i Neckar-liderne, og dei song og tralla lystelege, daa tenkte eg: dei syng for seg sjølve, men det er til hugnad for alle andre som hev øyro med seg; og fuglarne syng og

for seg sjølve, men me likar det so godt, og naar kvar og ein syng for seg i kyrkja, so høver det vel i hop og er fagert alt saman". Ivo slo armarne kring henne etterpaa.

„Naar det berre ikkje nokon gong vart vetter; d'er heller audslegt her", sa Emmerensa.

„Daa bur de hjaa meg", sa det attanfor dei; det var den snilde gode Nazi.

G5-AKA-154